



IMDi

Integrerings- og
mangfoldsdirektoratet

Årsrapport
2024



24

Innhald

1. MELDING FRÅ LEIAREN	3
2. INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL	4
3. AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET	8
3.1 BUSETJING	9
3.2 FLEIRE INNVANDRARAR DELTEK I ARBEIDSLIVET	29
3.3 INNVANDRARAR HAR HØG DELTAKING I SAMFUNNSLIVET	55
3.4 TOLKING I OFFENTLEG SEKTOR	75
4. STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA	87
5. VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER	98
6. ÅRSREKNESKAP	100

1. Melding frå leiaren

I Noreg ser vi ei positiv utvikling på fleire av dei viktigaste områda for integrering: Stadig fleire med innvandrarbakgrunn går i barnehage, fullfører vidaregåande og tek høgare utdanning. Når det gjeld resultat på skulen og deltaking i arbeid, har forskjellane mellom innvandrarar og resten av befolkninga blitt mindre dei siste åra. Det viste indikatorrapporten vår for 2024.

Samtidig er det utfordringar. Personar med innvandrarbakgrunn opplever oftare diskriminering, økonomiske vanskar og dårlege levekår. Negativ sosial kontroll og æresrelatert vald hindrar enkelte frå å leve eit fritt liv. Dei 65 mangfaldsrådgivarane våre er ute på skular for å gi støtte og rettleiing til unge som treng det, kvar dag.

Færre enn halvparten av kvinner med fluktbakgrunn er i jobb. Det er ikkje bra verken for dei, for likestillinga eller for den norske økonomien. Tilbodet Jobbsjansen hjelper heimeverande kvinner inn i arbeidslivet. I fjor gav vi tilskot til rundt 1 000 plassar. Resultata for 2024 viser at 72 prosent gjekk vidare til jobb eller utdanning. Det gir grunn til optimisme!

Vi har auka innsatsen for eit meir mangfaldig arbeidsliv, mellom anna gjennom å lansere nettstaden mika.no. Der finn arbeidsgivarar konkrete verktøy for å fremje etnisk mangfald og inkludering.


Krigen i Ukraina prega òg 2024. Av nærmare 26 000 flyktningar som blei busette i norske kommunar, var 22 000 frå Ukraina. Til samanlikning blei det busett under 5 000 flyktningar året før krigen braut ut. Nesten alle kommunane i

landet har stilt opp og gjort ein stor innsats med å ta imot fordrivne.

Tilbakemeldingane frå dei fordrivne ukrainarane som no bur i norske kommunar, er positive. Dei er nøgde med det offentlege tenestetilbodet og kjenner seg velkomne i nabolaget, på skulen og i barnehagen. Dette vitnar om det store arbeidet som er lagt ned over heile landet. Samtidig er mange prega av at framtida er uviss.

Kommunane har vore raske til å omstille seg og skalere opp tilboda sine. Aldri før har så mange delteke i introduksjonsprogrammet – heile 36 000 personar i fjor. Fire av ti gjekk direkte ut i jobb etterpå. Sjølv om vi må ta i betraktning at programtida var kortare, er det eit mål å få fleire raskt ut i arbeid.

Integrering krev engasjement, samarbeid og vilje til å finne løysingar. Tusen takk til alle samarbeidspartnarar og våre eigne tilsette for den viktige innsatsen de har lagt ned. Saman byggjer vi eit samfunn der fleire får høve til å bidra og lykkast.



Libe Rieber-Mohn

Libe Rieber-Mohn
direktør, Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

2. Introduksjon til verksemda og hovudtal

Samfunnsoppdraget til IMDi

Visjonen til IMDi er å fremje like sjansar, rettar og plikter for alle i eit mangfaldig samfunn. Slik byggjer vi ein fellesskap som er både inkluderande og forpliktande. Det inneber at fleire innvandrarar må ut i arbeidslivet, delta i samfunnslivet og møte dei same krava som alle andre. Vellykka integrering krev både eit samfunn som er villig til å stille opp, og solid innsats frå kvar enkelt innvandrar. Å lykkast med integreringa er ein av dei aller viktigaste føresetnadene for å halde oppe velferda vår og eit samfunn prega av tillit og samhald.

IMDi er eit ordinært forvaltningsorgan, underlagt Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Direktoratet set i verk integreringspolitikken til regjeringa og er nasjonalt kompetansesenter med ansvar for integreringsfeltet. Oppgåvene til direktoratet går på tvers av forvaltningsnivå, sektorar og samfunnsområde. Vi er avhengige av godt samarbeid med kommunar og andre aktørar for å løyse samfunnsoppdraget vårt.


IMDi skal

- ta hand om arbeidet med å busetje flyktningar
- leggje til rette for at fleire innvandrarar deltek i arbeids- og samfunnsliv
- jobbe mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald
- vere fagmyndigheit for tolking i offentleg sektor
 - gi faglege innspel til vidareutvikling av integreringspolitikken og sørgje for god samordning på integreringsfeltet
 - forvalte tilskotsordningar retta mot kommunar, fylkeskommunar, arbeidsgivarar og frivillige organisasjonar
- produsere og formidle forking, utgreiingar, statistikk og god praksis
- bidra til ein profesjonell og serviceinnstilt offentleg sektor

Slik er IMDi organisert

IMDi har kontor i Oslo og Narvik. Vi har òg 65 mangfaldsrådgivarar som er plasserte på vidaregåande skular og ungdomsskular og ved enkelte vaksenopplæringskontor.

Organisasjonskart



Hovudtal 2020–2024

Busetjing av flyktningar	2020	2021	2022	2023	2024
Busette flyktningar (totalt)	2 819	4 489	31 258	33 701	25 618
Av desse: overføringsflyktningar	1 523	3 641	3 146	2 223	1 468
Av desse: fordrevne frå Ukraina			27 058	29 730	22 284
Flyktningar med opphaldsløyve som ventar i mottak (per 31.12.)	222	405	3 322	6 392	2 969
Opplæring i norsk og samfunnskunnskap	2020	2021	2022	2023	Foreløpige tall 2024
Personar med <u>rett og plikt</u> til opplæring i norsk og samfunnskunnskap som deltok i opplæringa i løpet av året (tal frå NIR)	24 009	20 230	17 664	18 133	18 681
Personar med <u>plikt</u> til opplæring i norsk og samfunnskunnskap som deltok i opplæringa i løpet av året (tal frå NIR)	2 163	2 106	2 170	2 797	4 329
Personar med kollektivt vern og <u>rett</u> til opplæring i norsk som deltok i opplæring i løpet av året (tal frå NIR)			10 552	27 164	31 884
Introduksjonsprogrammet	2020	2021	2022	2023	Foreløpige tall 2024
Personar som per 31.12. <u>har rett og plikt</u> til introduksjonsprogram (tal frå NIR)	10 769	9 534	8 639	8 075	7 817
Personar som per 31.12. <u>har rett</u> til introduksjonsprogram (berre personar med kollektivt vern) (tal frå NIR)	-	-	13 998	20 820	17 832
Personar som deltok i introduksjonsprogram i løpet av året* (tal frå NIR)	13 942	10 595	17 879	32 506	35 925
Personar som har begynt på introduksjonsprogram i løpet av året* (tal frå NIR)	2 227	2 246	11 166	17 699	16 922
Personar som har avslutta introduksjonsprogram i løpet av året* (tal frå NIR)	4 820	3 295	2 757	11 381	14 513

* Inkluderer deltakarar i samsvar med integreringslova § 8 (deltakarar med rett og plikt og deltakarar som kommunen kan velje å tilby program). Deltakartalet i 2022 inkluderer òg personar med kollektivt vern som har rett til introduksjonsprogram (i samsvar med integreringslova § 37 c).

Nøkkeltal frå årsrekneskapen	2020	2021	2022	2023	2024
Talet på tilsette*	205	221	251	264	282
Talet på avtalte årsverk*	201	216	246	258	276
Talet på utførte årsverk	184	198	227	228	242
Samla tildeling post 01–99 (i 1 000 kroner)**	10 751 162	8 924 254	14 628 878	22 818 164	26 897 718
Utnyttingsgrad post 01–29**	83 %	86 %	93 %	92 %	98 %
Driftsutgifter post 01 (i 1 000 kroner)**	264 058	298 458	343 479	367 764	388 810
Lønnsdel av driftsutgiftene**	65 %	52 %	48 %	49 %	55 %
Lønnsutgifter per årsverk (kroner)**	896 331	961 552	922 572	984 887	1 031 178

* Kjelde: SSB statistikktabell 12623: Tilsette i staten. Årsgjennomsnitt.

** Frå og med 2024 har IMDi følgd den nye statlege rekneskapsstandarden (SRS) i verksemdsrekneskapen.

Rekneskapane for tidlegare år er førte etter kontantprinsippet og er ikkje omarbeidde til SRS. Dei kan derfor ikkje samanliknast direkte med rekneskapen for 2024.

3. Aktivitetar og resultat dette året

Integreringspolitikken skal bidra til å få fleire i arbeid, byggje sterke fellesskapar og gode fellesarenaer, fremje likestilling og redusere negativ sosial kontroll (Prop. 1 S (2023–2024) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet).

I dette kapitlet gjer vi greie for resultata arbeidet vårt har gitt i 2024. Utgangspunktet for framstillinga er dei måla, styringsparametrane og oppdraga som Arbeids- og inkluderingsdepartementet gav IMDi i tildelingsbrevet for 2024.

Vi har organisert kapitlet i fire delar, som fangar opp måla våre på følgjande måte:

3.1 Busetjing

Mål 4: Busetjinga er styrt og spreidd, rask og treffsikker.

3.2 Fleire innvandrarak deltek i arbeidslivet

Mål 1: Fleire innvandrarak deltek i arbeidslivet.

Mål 2: Kvalifiseringa for nykomne er målretta og har høg kvalitet.

3.3 Innvandrarak har høg deltaking i samfunnsliv

Mål 3: Innvandrarak har høg deltaking i samfunnslivet.

3.4 Tolking i offentlig sektor

Mål 5: Offentlig sektor har tilstrekkeleg tilgang på, og bruker, kvalifiserte tolkar.

Når det gjeld mål 6, «Integreringspolitikken er heilskapleg og samordna», er dette eit viktig verkemiddel vi nyttar for å realisere dei andre måla, og derfor er resultat her omtalte løpande og ikkje i eit eige kapittel.

3.1 Busetjing

Styrt og spreidd, rask og treffsikker busetjing

IMDi har det statlege ansvaret for å busetje flyktningar. Styrt og spreidd, rask og treffsikker busetjing er hovudmål for arbeidet og skal bidra til at nykomne flyktningar deltek i utdanning, i arbeidslivet og i samfunnet elles. Busetjing og integrering av flyktningar er ei frivillig kommunal oppgåve, og kommunar som buset flyktningar, får tilskot frå staten. Busetjingsarbeidet i 2024, har som i dei to åra før, vore sterkt prega av krigen i Ukraina og dei mange fordrivne som har komme til Noreg.

Tabell 3.1.1 Nøkkeltal for busetjing. Talet på personar og gjennomsnittleg ventetid.

År	2020	2021	2022	2023	2024
Busette totalt*	2 819	4 489	31 258	33 701	25 618
Busette einslege mindreårige**	80	108	510	647	797
– av desse IMDi	56	89	423	560	709
– av desse Bufetat	24	19	87	87	88
Busette i barnefamiljar***	1 923	3 606	20 160	20 159	14 483
– av desse busette barn	1 097	2 110	10 328	9 605	7 035
– talet på barnefamiljar	478	814	6 425	6 515	4 329
Busette andre vaksne	805	775	10 576	12 894	10 338
Busette: gjennomsnittleg ventetid frå vedtak om opphald/innreiseløyve til busetjing (månader)					
Totalt*	8,5	6,3	2,3	2,5	3,0
Einslege mindreårige	5,1	3,1	2,5	2,8	4,4
– av desse IMDi	4,4	3,4	2,2	2,7	4,1
– av desse Bufetat	6,7	2,1	3,6	3,5	6,9
Barnefamiljar***	9,6	6,7	2,4	2,5	2,9
Andre vaksne	8,0	4,3	2,0	2,4	3,2
Mottaksbebuvarar (inkl. overføringsflyktningar i mottak) som ventar på busetjing (per 31.12.)****	222	405	3 322	6 392	2 969

* Totaltala inkluderer busette personar med skjerma identitet.

** Inkluderer einslege mindreårige med følgjeperson.

*** Omfattar vaksne i familiar med barn under 18 år og barn i familiar. Talet på familiar er berekna som talet på unike REG-nummer.

**** Omfattar f.o.m. 2022 berre personar med saksstatusen fordelingsklar, fordelt og inngått avtale om busetjing (søkt ut). Tidlegare var personar som venta på kartlegging, òg inkluderte. Tala for overføringsflyktningar i mottak omfattar berre personar med statusen søkt ut. I 2020 og 2021 blei òg

overføringsflyktningar med statusen under kartlegging, fordelingsklar og fordelt inkluderte pga. utfordringar med utreise under pandemien. Kjelde: IMDi

Oppmoding og vedtak

IMDi er ein pådrivar for styrt og spreidd busetjing gjennom at vi oppmodar kommunane om å busetje flyktningar, og gjennom at vi fordeler enkeltpersonar for busetjing i aktuelle kommunar. Vi tek òg omsyn til kapasiteten i kommunane og tenestetilbodet som finst i regionane. Som følgje av at det har komme så mange fordrevne frå Ukraina sidan 2022, har vi også i 2024 følgd forenkla kriterium for oppmodinga vi sender til kommunane.


Vi oppmoda 356 kommunar om å busetje totalt 37 000 personar i 2024. Men fordi prognosane for busetjingsbehovet gjekk ned gjennom året, reduserte vi målalet to gonger, først til 33 000 våren 2024 og deretter til litt over 26 000 i oktober 2024. Nasjonalt utval for mottak og busetjing av flyktningar vurderte at det ikkje var nødvendig å sende ei justert oppmoding som følgje av nedgangen, fordi busetjingsbehovet enda på eit nivå som var nær kapasiteten kommunane hadde meldt inn.

Kapasiteten i kommunane var lågare i 2024 enn i 2023 og 2022, og totalt vedtok 355 kommunar å busetje 28 340 flyktningar, noko som utgjer 77 prosent av talet vi hadde oppmoda dei om å ta imot. Figur 3.1.2 viser oppmodinga per fylke, og kor mange busetjingsplassar som totalt sett blei vedtekne i fylka.

Figur 3.1.2 Svar frå kommunane på IMDi's oppmoding om å busetje flyktningar i 2024, etter fylke.



Figur 3.1.3 viser at 38 prosent av kommunane vedtok å busetje i tråd med oppmodinga. 4 prosent vedtok å busetje fleire enn dei ble oppmoda om, og dei siste 58 prosentane vedtok å busetje færre enn dei blei oppmoda om.

Figur 3.1.3 Delen kommunar som vedtok over, under og i tråd med oppmodinga for 2024.

Sjølvs om busetjingsbehovet totalt sett gjekk ned i løpet av året, gjekk behovet for å busetje einslege mindreårige utan følgjeperson opp. I den opphavlege oppmodinga blei kommunane bedne om å busetje 610 einslege mindreårige utan følgjeperson, men dei gjorde berre vedtak om i overkant av 500 plassar. IMDi sende derfor brev til aktuelle kommunar i to omgangar for å be dei om å auke kapasiteten anten ved å vedta fleire plassar eller ved å gjere ordinære busetjingsplassar om til busetjingsplassar for einslege mindreårige. Vi arrangerte òg ei fagsamling for kommunane som buset einslege mindreårige utan følgjeperson. Mellom anna som følgje av desse tiltaka enda den endelege kapasiteten til å busetje einslege mindreårige utan følgjeperson på 579 busetjingsplassar. I oktober oppjusterte vi prognosen for kor mange plassar som trongst til einslege mindreårige utan følgjeperson, til 654. Sjølv med nye vedtak om plassar mangla det dermed rundt 13 prosent plassar samanlikna med det forventa behovet.

I samband med oppmodinga for 2024 henta IMDi inn innspel frå fylkeskommunane.¹ Oppmodinga retta seg etter kriteria for styrt og spreidd, rask og treffsikker busetjing. Samtidig skulle vi i 2024, som i dei to åra før, leggje størst vekt på kapasiteten i kommunane. Som nemnt vedtok kommunane til slutt ein busetjingskapasitet på 77 prosent av det vi hadde oppmoda dei om, mot 95 prosent i 2023 og 102 prosent i 2022. Den nedgåande trenden tyder på at fleire år med historisk høg busetjing har auka presset på kapasiteten i kommunane når det gjeld å ta imot nye flyktningar for busetjing.

Kapasitetsutnytting for rask busetjing

Det blei busett 25 618 personar i 2024. Kapasitetsutnyttinga, det vil seie prosentdelen av dei vedtekne busetjingsplassane som blei brukt, var på rundt 90 prosent, noko som er på same nivå som i 2023. Kommunane har tidlegare gitt tilbakemelding om at jamn fordeling gjennom året gir dei ein meir føreseieleg situasjon og er ein viktig faktor for at dei skal kunne busetje raskt. På bakgrunn av dette har IMDi fordelt flyktningar jamt til kommunane

¹ Jamfør integreringslova § 4.


gjennom året. Alle kommunane fekk fordelt flyktningar i 2024, og 97 prosent fekk fordelingar i første kvartal. Totalt 352 kommunar busette, og alle landsdelar hadde ein forholdsvis jamn busetjingsaktivitet.

Kommunane har gjennom året meldt om utfordringar med bustadkapasiteten, men òg om press på kommunale tenester. Mot slutten av året var det 27 kommunar som av ulike grunnar ikkje kunne ta imot nye flyktningar sjølv om dei hadde busett færre enn det dei hadde vedteke å busetje. Samtidig var det 120 kommunar som busette like mange flyktningar som dei hadde vedteke.

Ei gruppe det har vore utfordrande å busetje i 2024, er einslege vaksne. Det heng saman med at det har vore for få små bueiningar i kommunane. For å få busett denne gruppa raskare har IMDi, i dialog med kommunane, prøvd å busetje dei meir i bufellesskapar. Det har gjort det mogleg å utnytte den eksisterande bustadmassen i kommunane meir formålstenleg. Som eit resultat har ventetida for einslege vaksne gått ned gjennom heile andre halvår av 2024.

Som figur 3.1.4 viser, har ventetida frå vedtak om opphald til busetjing auka frå 2,3 månader i 2022 til 3 månader i 2024. Det er samtidig verd å understreke at ventetida har halde seg relativt låg i perioden 2022–2024, noko som indikerer at kommunane framleis har stor vilje til å busetje i 2024, trass i at kapasiteten på bustader og kommunale tenester er pressa.

Figur 3.1.4 Oppmoding, busetjingsvedtak, busette og gjennomsnittleg ventetid frå vedtak til busetjing. Talet på personar og talet på månader. 2006–2024.



Sjølv om ventetida samla sett var på 3 månader i snitt for alle dei busette flyktningane, var det variasjonar i gruppa. Til dømes hadde busette frå mottak med kollektivt vern ei snittventetid på 2,9 månader frå opphaldsvedtak til busetjing, medan ventetida for andre flyktningar i mottak var på 4,9 månader. Andre flyktningar utgjorde berre 13 prosent av det samla talet på busette frå mottak, men denne gruppa tok det ein del lengre tid å busetje i

2024. Forskjellen i ventetida heng saman med at dei med kollektivt vern ikkje gjennomfører kompetansekartlegging før busetjing, berre ei forenkla kartlegging. Det gjer at dei er raskare klare for busetjing.

Den vesle auken i ventetida frå 2023 til 2024 kan dels forklarast med at delen busette personar med særlege oppfølgingsbehov² gjekk opp frå 2023 til 2024. Denne gruppa hadde ei ventetid på 5 månader i 2024 mot 3,9 månader i 2023. I tillegg blei det busett fleire personar frå UDIs særskilde butiltak som hadde venta lenge på busetjing. Når desse lengeventande personane blir busette, går snittet for ventetida opp, ettersom dei då blir talde med blant dei busette.


Figur 3.1.5 illustrerer busetjingstakten og ventetida gjennom 2024 for alle busette flyktningar. I tillegg viser figuren talet på personar med inngåtte avtalar om busetjing³ per månad. I starten av året var det med mange personar som hadde avtale om busetjing, noko som heng saman med at det kom mange fordrevne frå Ukraina hausten 2023.

Busetjingsaktiviteten starta noko lågt i januar, men tok seg opp utover vinteren og våren, med ein venta sesongvariasjon i juli på grunn av ferieavvikling i kommunane. Talet på personar med inngåtte avtalar om busetjing gjekk jamt nedover gjennom 2024, og enda i desember på det lågaste nivået sidan mars 2022. Årsaka til nedgangen er at busetjingsaktiviteten heldt seg relativt jamn, samtidig som færre nye flyktningar, i tillegg til pressa kapasitet i kommunane, førte til færre inngåtte avtalar om busetjing utover i året. I desember ser vi òg at talet på busette overskrid talet på personar det er inngått avtale om busetjing for. Desember var den einaste månaden i 2024 der dette skjedde.

² Særlege oppfølgingsbehov inkluderer alt frå mindre behov for tilrettelegging til større og meir ressurskrevjande behov. Personar med særlege behov blir registrerte etter ei kvalitativ vurdering som tilsette på asylmottak gjer. Det er ikkje helsepersonell som gjer vurderinga, og talet på registrerte kan derfor berre brukast som ein grov indikator.

³ Personar som det er inngått ein avtale om busetjing i ein kommune for, utan at dei så langt har flytta dit.

Figur 3.1.5 Inngåtte avtaler om busetjing, talet på busette per måned og gjennomsnittleg ventetid frå vedtak til busetjing per måned. 2024.



Kartlegging

Å kartleggje flyktningar som skal busetjast, er viktig for å oppnå treffsikker busetjing. Kartlegginga får fram vesentleg informasjon som IMDi kan bruke som grunnlag for å busetje kvar enkelt flyktning i ein kommune som har eit relevant tilbod om arbeid, utdanning og anna oppfølging.

Det finst fleire former for kartlegging i samband med busetjing og integrering av flyktningar:

- kompetansekartlegging før busetjing for bebuarar i asylmottak
- kompetansekartlegging etter busetjing før oppstart i introduksjonsprogrammet
- forenkla kartlegging av personar med kollektivt vern
- kartlegging av kompetanse, tilretteleggingsbehov og annan busetjingsrelevant informasjon om overføringsflyktningar

Personar med rett og plikt til å delta i introduksjonsprogrammet skal gjennomføre *kompetansekartlegging før busetjing* (integreringslova § 6) eller *etter busetjing* (integreringslova § 10). IMDi skal rettleie vertskommunar for mottak og busetjingskommunar om kva plikter dei har etter §§ 6 og 10.

Rundt 90 prosent av personane i asylmottak med innvilga individuelt vern blei kartlagde før busetjing i 2024. Det er ein auke på om lag 20 prosentpoeng frå 2023. IMDi har i 2024 følgt opp mange vertskommunar om manglande kartlegging før fordeling, noko som kan ha vore ei medverkande årsak til auken. Innan tre månader etter busetjing var 96 prosent av personane som var busette frå mottak, blitt kartlagde.

Når det gjeld *kompetansekartlegging etter busetjing*, er dette noko som fleire kommunar berre gjer i eigne fagsystem, utan at dei etterpå registrerer det i fagsystemet til IMDi. Dette gjeld i særleg grad store kommunar. Av familieinnvandra som har komme i 2024, og som skal kartleggjast etter busetjing når dei er i målgruppa for introduksjonsprogrammet, var 40 prosent kartlagde per utgangen av februar 2025. Tilsvarende prosentdel for dei to åra før var 45 prosent, og vi ventar at resultata for 2024 blir betre på grunn av etterregistreringar.

I 2022 blei det innført ei *forenkla kartlegging* for å sikre rask busetjing av dei mange personane med kollektivt vern. Men IMDi erfarer at kompetanseopplysningane vi får frå den forenkla kartlegginga, ikkje gir oss godt nok grunnlag til å kunne velje best mogleg busetjingskommune. I *Oppdrag nr. 2024-23 Bosettingsforberedende arbeid og mulige endringer i systemet for kompetansekartlegging i asylmottak* har vi greidd ut og foreslått fleire effektiviseringstiltak. Ein tydeleg konklusjon i utgreiinga er at det er avgjerande for treffsikker busetjing at vi får opplysningar som er meir detaljerte enn det den forenkla kartlegginga gir.

Sidan juni 2023 har busette personar med kollektivt vern hatt rett og plikt til å gjennomføre kompetansekartlegging etter busetjing dersom dei skal delta i introduksjonsprogrammet. Ved utgangen av februar 2025 hadde 35 prosent av 18–55-åringane med kollektivt vern som blei busette i løpet av 2024, gjennomført kompetansekartlegging etter busetjing. Sidan dei skal starte i introduksjonsprogrammet innan 3 månader etter busetjing, ventar IMDi at ein større del av dei som blei busette seint i 2024, vil gjennomføre kompetansekartlegginga i løpet av vinteren og våren 2025. Blant dei mellom 18 og 55 år som blei busette i 2023, gjennomførte nesten 40 prosent kompetansekartlegging, og tilsvarende del i 2022 var 45 prosent.


IMDi lanserte ei ny løysing for kompetansekartlegging i februar 2024, og vi erfarer at løysinga fungerer godt. Vi får no sikrare kunnskap om kompetansen til flyktningar, og bruk av ei ny teknisk plattform gir fleire moglegheiter til å dele kompetanseopplysningar. Fordi mange kommunar ikkje har gode rutinar for kartlegging etter busetjing, har vi delteke på ulike arenaer for å informere om den nye løysinga. Vi har òg sendt informasjonsskriv til kommunane om at dei pliktar å kartleggje flyktningar før dei startar i introduksjonsprogrammet. Vi ser likevel at vi må følgje opp mange store kommunar tettare i 2025 for å sikre at denne plikta er kjend for alle.

I samband med *Oppdrag nr. 2024-13 Foreslå tiltak for mer treffsikker bosetting som også tar hensyn til mål om styrt, spredt og rask bosetting* vurderte IMDi korleis kompetansen og dei individuelle føresetnadene til kvar enkelt kunne koplast med moglegheiter for opplæring, kvalifisering, arbeid eller utdanning i busetjingskommunen. I 2025 held vi fram med å følgje opp moglegheitene for å bruke kunstig intelligens (KI) som avgjerdsstøtte i busetjingsprosessen. Vi meiner det er eit potensial for å kople data om enkeltpersonane med informasjon om kommunar og regionar slik at fleire blir busette der det er relevante jobb- og utdanningsmoglegheiter.

Kven blei busette?

Det blei busett 25 618 flyktningar i 2024. Figur 3.1.6 viser korleis dei busette fordeler seg etter kvar dei oppheldt seg før busetjing. Personar som blei busette frå mottak, var den største gruppa i 2024. Deretter følgde personar som oppheldt seg utanfor mottakssystemet. Den minste gruppa var overføringsflyktningar.

Figur 3.1.6 Busetjing etter sakstype. Talet på personar.




* Talet omfattar både privatbuande og flyktningar med avtale om alternativ mottaksplass.

Figur 3.1.6 viser òg utviklinga i dei ulike busetjingsgruppene. Vi ser mellom anna at delen personar utanfor mottakssystemet er lågare i 2024 enn i dei to åra før. I 2022 publiserte NIBR ein rapport om ukrainske fordrevne i Noreg⁴ som viste at av dei som hadde komme, hadde rundt 65 prosent eit nettverk i Noreg i form av personar som budde her før krigen. Dette gjorde det mogleg for dei å velje å bu utanfor mottak før busetjing. Ein NIBR-rapport frå 2024 om ukrainske fordrevne⁵ viser at dei som kom til Noreg i 2024, i langt mindre grad hadde same typen nettverk. Rett nok kjende dei oftare andre ukrainske flyktningar i Noreg, men dei kjende i mindre grad personar som hadde budd i Noreg før 2022.

I NIBR-rapporten frå 2024 kjem det òg fram at kjønns- og alderssamansetjinga i gruppa av ukrainarar som kom til Noreg, har endra seg. Desse endringane fell saman med endringar i kven IMDi har busett. Rapporten viser til at det kjem fleire gutar mellom 15 og 17 år som er einslege mindreårige. Figur 3.1.7 viser busette einslege mindreårige mellom 15 og 17 år med kollektivt vern fordelte på kjønn per månad i 2024.

⁴ Rapporten *Ukrainian refugees – experiences from the first phase in Norway* er del av ein årleg studie utført av NIBR ved OsloMet, bestilt av IMDi. Dei har òg publisert rapportar i 2023 og 2024.

⁵ Rapporten *Settlement, integration and employment under a temporary perspective: Experiences and perceptions of Ukrainian refugees and municipal refugee services* av NIBR ved OsloMet er den tredje rapporten om ukrainarar i Noreg som IMDi har bestilt.

Figur 3.1.7 Busette einslege mindreårige frå 15 til 17 år fordelt på kjønn. 2024.

Flyktningar busette frå mottak

Flyktningar som budde i mottak før busetjing, har sidan 2022 vore den største gruppa av busette, som vist i tabell 3.1.8. I 2024 utgjorde dei 85 prosent av alle busette, ein auke på 5 prosentpoeng frå 2023. Over 90 prosent av dei som blei busette frå mottak, var fordrevne frå Ukraina med kollektivt vern. Flyktningar frå Syria var den nest største gruppa med busette frå mottak i 2024, og dei utgjorde rundt 5 prosent. Talet på syrarar busette frå mottak har stige dei siste åra, med ein oppgang på 150 prosent frå 2022 til 2023 og vidare med 23 prosent frå 2023 til 2024.

Tabell 3.1.8 Busetjing av mottaksbebuarar, etter personkategori. Talet på personar.

År	2020	2021	2022	2023	2024
Totalt	1 012	564	17 739	26 787	21 936
Einslege mindreårige*	61	59	304	503	697
Barnefamiliar	449	203	11 385	15 918	12 042
Andre vaksne	502	302	6 049	10 366	9 197

* Talet omfattar einslege mindreårige både med og utan følgjeperson.

Som vi ser i tabell 3.1.9, har ventetidene for mottaksbebuarar gått opp sidan 2022 for alle grupper, og særleg for einslege mindreårige. Den gjennomsnittlege ventetida frå opphaldsvedtak til busetjing for mottaksbebuarar var 3,1 månader for 2024 totalt sett. For personar med kollektivt vern låg årsgjennomsnittet på 2,9 månaders ventetid frå opphaldsvedtak til busetjing. For andre flyktningar låg snittet på 4,9 månader. Desse siste skal, i motsetnad til fordrevne med kollektivt vern, gjennomføre kompetansekartlegging i regi av vertskommunen, noko som kan forseinke busetjingsprosessen. 64 prosent i denne gruppa

må vente i meir enn to veker før dei blir kompetansekartlagde. For 42 prosent tek det meir enn éin månad.

Tabell 3.1.9 Mottaksbebuarar. Gjennomsnittleg ventetid frå opphaldsvedtak til busetjing. Månader.

År	2020	2021	2022	2023	2024
Totalt	4,6	3,9	2,2	2,4	3,1
Einslege mindreårige	4,4	1,9	2,9	3,1	4,7
Barnefamiliar	5,6	5,0	2,1	2,3	2,9
Andre vaksne	3,8	3,6	2,2	2,5	3,2

Integreringsmottak

IMDi koordinerer den statlege innsatsen med integreringsmottak, som skil seg frå ordinære mottak ved at bebuarane skal delta i eit fulltidsprogram medan dei bur der. Det er vertskommunen, driftsoperatøren, det lokale Nav-kontoret og det regionale karrieresenteret (samarbeidsklyngja) som saman skal tilby fulltidsprogrammet. Dette består av opplæring i norsk og samfunnskunnskap, arbeidsretta aktivitetar, kompetansekartlegging og karriererettleiing. Samarbeidsklyngja skal òg gi IMDi råd om korleis vi kan oppnå treffsikker busetjing. I 2024 blei flyktningane i all hovudsak busette i tråd med råda.

Målgruppa for fulltidsprogrammet er bebuarar mellom 18 og 55 år som anten har fått innvilga opphald, eller som mest sannsynleg vil få det innvilga. Målgruppa inkluderer ikkje fordrivne frå Ukraina med kollektivt vern. Asylsøkjjarar frå Syria og Tyrkia utgjorde størsteparten av deltakarane i 2024, og det var totalt 297 personar i fulltidsprogram i perioden (mot 317 i 2023). Så godt som alle bebuarane som var i målgruppa for ordninga, fekk tilbod om 37,5 timars program kvar veke i 2024.

I 2024 var det to vertskommunar for integreringsmottak, Kristiansand og Steinkjer. Begge vertskommunane har rapportert til IMDi at god måloppnåing for ordninga mellom anna heng saman med at partnarane i samarbeidsklyngja samarbeider godt, at deltakarane kjem inn i ordninga seks til ni månader før dei skal busetjast, og at dei har rett til å praktisere norsk i arbeidsliknande situasjonar. Begge integreringsmottaka oppgav i 2024 at lange opphald i integreringsmottak og det at svært få deltakarar hadde rett til arbeidspraksis der dei kunne praktisere norsk, gjorde det krevjande å tilby motiverande og økonomisk berekraftige fulltidsprogram. Steinkjer vedtok med bakgrunn i dette å avvike drifta med verknad frå 1. oktober 2024.

IMDi har i 2024 gjennomført ein eigenanalyse der vi har evaluert effekten av opplæring og kvalifisering av mottaksbebuarar. Vi publiserer endelege funn frå analysen i starten av 2025. Førebelse funn tyder på at flyktningar som har delteke i fulltidsprogram, får betre resultat på

norsktestar og i større grad kjem seg i arbeid og utdanning etter fullført introduksjonsprogram enn flyktningar som har budd på ordinære mottak.

Busetjing av flyktningar som har budd utanfor mottakssystemet

I 2024 blei det busett 2 214 flyktningar som budde utanfor mottakssystemet, men fekk offentleg hjelp til busetjing. Dette er vist i tabell 3.1.10. I 2022 utgjorde denne gruppa over 30 prosent av alle busette, men både prosentdelen og talet på personar har gått ned sidan 2023, og i 2024 utgjorde gruppa i underkant av 10 prosent. Flyktningar som har budd utanfor mottakssystemet, men blitt busette med offentlege hjelp, inkluderer privatbuande flyktningar⁶ og flyktningar med avtale om alternativ mottaksplass⁷.

Tabell 3.1.10 Busetjing av flyktningar som har budd utanfor mottakssystemet, etter personkategori. Talet på personar.

År	2021	2022	2023	2024
Totalt	285	10 453	4 774	2 214
Einslege mindreårige*	15	186	121	89
Barnefamiliar	95	7676	3 325	1 064
Andre vaksne	175	258	1 328	1 061

* Talet omfattar einslege mindreårige både med og utan følgjeperson.

Flyktningar med kollektivt vern utgjer den største gruppa av flyktningane som budde utanfor mottakssystemet før busetjing i 2024, over 90 prosent, og desse har kortare ventetid enn andre flyktningar. Andre flyktningar som har budd utanfor mottakssystemet, har likevel noko kortare ventetid enn andre flyktningar som har budd i mottak før busetjing. Dei kortare ventetidene heng saman med at personane i denne gruppa gjerne blir busette i den kommunen dei allereie oppheld seg i. Dette kan gjere det enklare for kommunane å busetje dei raskt. Tabell 3.1.11 viser gjennomsnittleg ventetid frå opphaldsvedtak til busetjing for alle personar utanfor mottakssystemet.

⁶ Privatbuande er anten tidlegare mottaksbebuarar som har valt å flytte frå mottaket, eller personar som aldri har budd i mottak.

⁷ Alternativ mottaksplass er eit alternativ til vanleg asylmottak der kommunen får kompensasjon frå UDI for å gi eit tilbod og nødvendig oppfølging av flyktningen i påvente av busetjing.

Tabell 3.1.11 Gjennomsnittleg ventetid frå opphaldsvedtak til busetjing for personar utanfor mottakssystemet. Månader.

År	2020	2021	2022	2023	2024
Totalt	6,3	4,9	1,5	1,9	2,4
Einslege mindreårige	5,3	3,4	1,3	1,4	2,6
Barnefamiliar	8,9	6,3	1,4	1,7	2,2
Andre vaksne	4,4	4,5	1,7	2,2	2,5

Overføringsflyktningar

Kvoten for overføringsflyktningar var i 2024 på 1 000 personar. Det er Stortinget som vedtek kor mange overføringsflyktningar Noreg skal ta imot kvart år. Justisdepartementet avgjer kva land flyktningane skal hentast frå, og kva grupper som skal prioriterast, etter tilråding frå mellom andre IMDi. Vi la integreringsomsyn og utsikter til rask og treffsikker busetjing til grunn for tilrådinga vår i 2024.

I 2024 blei 1 468 overføringsflyktningar busette i Noreg, som vist i tabell 3.1.12. Årsaka til at talet på busette oversteig kvoten, er at overføringsflyktningar ikkje nødvendigvis blir busette det same året som dei får innreiseøyve.

Tabell 3.1.12 Busetjing av overføringsflyktningar, etter personkategori. Talet på personar.

År	2020	2021	2022	2023	2024
Totalt	1 523	3 641	3 146	2 223	1 468
Einslege mindreårige	16	33	21	24	11
Barnefamiliar	1 371	3 325	2 947	2 006	1 377
Andre vaksne	136	283	178	133	80

Det blei busett overføringsflyktningar med 20 ulike nasjonalitetar i 2024, i tillegg til nokre statslause. Syrarar utgjer den største gruppa, på rundt 35 prosent. Deretter følgjer kongolesarar (27 prosent), afghanarar (17 prosent) og sudanarar (13 prosent).

Det er eit mål at overføringsflyktningar skal busetjast så raskt som mogleg etter at dei har fått innreiseløyve. I 2024 gjekk det i snitt 3,6 månader frå ein overføringsflyktning fekk innreiseløyve, til personen kom til Noreg og blei busett i ein kommune, noko som er over éin månad raskare enn i 2023. Tabell 3.1.13 viser denne utviklinga. I tilrådinga vi gav om samansetjinga av kvoten for 2024, tilrådde vi å prioritere uttaksland som det er mogleg å organisere rask busetjing frå. Vi meiner at dette har bidrege til den kortare ventetida i 2024.

Tabell 3.1.13 Overføringsflyktningar. Gjennomsnittleg ventetid frå innreiseløyve til busetjing. Månader.

År	2020	2021	2022	2023	2024
Totalt	7,7	6,7	5,4	4,8	3,6
Einslege mindreårige	5,2	5,3	6,3	3,5	2,9
Barnefamiliar	7,9	6,9	5,4	4,8	3,6
Andre vaksne	5,6	4,9	5,2	4,6	2,4

Bruk av integreringsomsyn i arbeidet med overføringsflyktningar

I arbeidet med overføringsflyktningar gir IMDi råd til Utlendingsdirektoratet (UDI) om kva utsikter kvar enkelt har til busetjing og vidare integrering i Noreg. Vi kartlegg busetjingsrelevant informasjon og gir òg flyktningane informasjon om Noreg før dei kjem hit.

I 2024 intervjuar vi om lag 1 200 overføringsflyktningar og gjennomførte ei busetjingsførebuande kartlegging for å vurdere utsiktene til busetjing og integrering i Noreg. I tilfelle der vi vurderte at det ikkje var mogleg å tilby busetjing og lovpålagde tenester, rådde vi UDI til å avslå saka. Vi kartla kompetansen til enkeltpersonar for å busetje dei treffsikkert, og for å setje busetjingskommunane i stand til å vedta innhald i, og leggje til rette for rask oppstart av, introduksjonsprogrammet.

IMDi er ansvarleg for at overføringsflyktningar får relevant informasjon før dei kjem til Noreg, og i samband med det har vi gitt International Organization for Migration (IOM) i oppdrag å gjennomføre eit kulturorienteringsprogram for flyktningane. Programmet varetek integreringsomsyn og gir flyktningane grunnleggjande innsikt i norsk kultur og daglegliv og kunnskap om kva rettar og plikter dei har. I 2024 blei det gjennomført 8 slike program. 67 prosent av dei busette overføringsflyktningane i 2024 som var i målgruppa for programmet, hadde delteke før dei blei busette. I underkant av 30 prosent fekk alternative informasjonstiltak før dei kom til Noreg, medan rundt 5 prosent ikkje fekk informasjon i regi av IMDi før busetjing. Grunnen til det var i dei fleste tilfella tidspress (kort tid før flyktningane skulle komme til Noreg), logistikkutfordringar eller lese- og språkutfordringar. I 2024 har IMDi samarbeidd med IOM om å oppdatere delar av undervisningsmateriellet til programmet for å tilpasse det betre til personar med svake lese- og skriveferdigheiter. Vi er òg i gang med å utvikle ei ny kurshandbok der innhaldet blir meir tilpassa det informasjonsbehovet flyktningane har før dei kjem til Noreg.

På vegner av IMDi tilbyr IOM òg landinformasjonsseminar⁸ for kommunar. Formålet er å auke kunnskapen om arbeidet med overføringsflyktningar. I 2024 blei det gjennomført elleve

⁸ Meir informasjon om landinformasjonsseminara finst på imdi.no.

seminar. Seks av dei blei haldne digitalt og hadde open påmelding. Dette førte til at mange fleire kommunar, 99 i 2024 mot 12 i 2023, deltok og fekk landinformasjon.

Busetjing av einslege mindreårige

IMDi busette 797 einslege mindreårige flyktningar i 2024. Av desse kom 125 med følgjeperson og 672 utan følgjeperson. Ein følgjeperson⁹ kan vere ein slektning eller annan vaksen som tek vare på barnet, men som ikkje har foreldreansvar.

Av dei utan følgjeperson blei 503 busette frå mottak for einslege mindreårige, 88 blei busette frå omsorgssentera til Bufetat, 11 var overføringsflyktningar, og 70 blei busette frå utanfor mottakssystemet. Det var færre som budde privat før busetjing i 2024 enn i 2022 og 2023, medan det var fleire som budde på mottak.


Dei einslege mindreårige som blei busette i 2024, både dei med og dei utan følgjeperson, var i hovudsak fordrevne frå Ukraina. Blant andre asylsøkjjarar var det flest einslege mindreårige frå Syria og Afghanistan, med rundt 150 busette av kvar nasjonalitet.

Det var 57 kommunar som blei oppmoda om og vedtok å busetje einslege mindreårige utan følgjeperson i 2024. Det var langt fleire kommunar som busette einslege mindreårige, men desse var då i dei fleste tilfella privatbuande eller mindreårige med følgjeperson. For einslege mindreårige med følgjeperson trengst ofte ikkje dei same butiltaka i kommunane som for einslege mindreårige utan følgjeperson, og dei kan dermed busetjast i kommunar som ikkje har eigne butiltak for denne gruppa.

Ved inngangen av 2024 var det allereie mange busetjingsklare einslege mindreårige som hadde venta lenge, og det var utfordrande for kommunane å få busetjingsplassane raskt tilgjengelege. Det månadlege talet på einslege mindreårige som venta på å bli busette og blei busette, auka gjennom året, som illustrert i figur 3.1.14. Dei fleste busette var ukrainske gutar mellom 15 og 17 år med kollektivt vern. Det er òg i denne gruppa vi finn den største auken.

⁹ Politiets utlendingseining registrerer følgjeperson idet dei einslege mindreårige kjem til Noreg. Det kan skje endringar etter dette – ein følgjeperson kan komme til eller falle frå. Slike endringar blir ikkje registrerte som ei endring i statusen for den einslege mindreårige, og vi viser her til registrerte tal, som kan avvike noko frå kor mange som faktisk var med og utan følgjeperson.

Figur 3.1.14 Busettingsklare, busette og gjennomsnittleg ventetid frå vedtak til busetjing per måned for einslege mindreårige. Talet på personar per måned. 2024.



Sjølv om det var krevjande å få busett nok einslege mindreårige og det var mangel på eigna bu- og omsorgstiltak, var det ei positiv utvikling gjennom året etter at det blei innført fleire tiltak for å auke kapasiteten. 16 kommunar gjorde vedtak om å auke talet på plassar for å busetje einslege mindreårige, inkludert 4 kommunar som ikkje var oppmoda om å busetje einslege mindreårige i 2024. Det blei busett 65 prosent fleire einslege mindreårige i andre halvår av 2024 enn i første halvår.

Den gjennomsnittlege ventetida frå vedtak til busetjing for einslege mindreårige var på 4,4 månader i 2024 sett under eitt. For fordrevne frå Ukraina var ventetida 3,8 månader, og for andre flyktningar var ho 5,6 månader.

Dei einslege mindreårige som venta lengst, var i stor grad dei med behov for tett oppfølging etter busetjing og plass i ein døgnbemanna bufellesskap. Dette er svært ressurskrevjande butiltak å drifte for kommunane, og det er derfor færre slike plassar tilgjengeleg. Derfor tek det ofte òg lengre tid å busetje personar med behov for tettare oppfølging.

Ein konsekvens av høgare innreisetal, og lågare kapasitet i kommunane, var at ventetidene blei lengre. Lengre ventetider medfører at integreringsprosessen blir utsett, noko som kan ha særleg negative konsekvensar for barn og ungdom. Lange ventetider fører òg til at fleire fyller 18 år før dei blir busette. Dermed får dei ikkje rett til introduksjonsprogram, og kommunane får heller ikkje gjort vedtak etter barnevernslova, ettersom det må gjerast før

ungdommane fyller 18 år. Kommunane har i 2024 meldt om at dette er ei gruppe det har vore utfordrande å tilby gode nok bu-, omsorgs- og opplæringstilbod til.

IMDi har gjennom året halde fleire arrangement retta mot kommunar som buset einslege mindreårige flyktningar. I juni arrangerte vi eit webinar for å gi ei god innføring i arbeidet med å busetje einslege mindreårige. Her informerte mellom anna ein erfaren busetjingskommune om korleis dei jobbar med einslege mindreårige utan følgjeperson. I november skipa vi til fagsamling i Trondheim for kommunane som buset einslege mindreårige, og i desember heldt vi webinar for nye kommunar som blei oppmoda om å busetje einslege mindreårige utan følgjeperson i 2025. Desse tiltaka har auka kompetansen på busetjings- og oppfølgingsarbeidet for einslege mindreårige i kommunane i ei tid med høge innreisetal og mange nye problemstillingar. Det har òg bidrege til å senke terskelen for å ta imot einslege mindreårige i kommunar som ikkje har erfaring med det frå før.

IMDi har òg bestilt forskning på oppfølginga av einslege mindreårige etter busetjing. Forskningsprosjektet blir gjennomført av Fafo og skal ferdigstillast i september 2026.

Busetjing av personar med særlege behov

I 2024 blei det busett 979 personar med særlege behov.¹⁰ Særlege behov inkluderer alt frå behov for mindre tilrettelegging til større og meir ressurskrevjande behov. I prosent utgjorde personane med særlege behov 3,8 prosent av alle busette flyktningar, ein liten auke frå 3,3 prosent i 2023.

IMDi har i 2024 sett ein aukande tendens til at kommunane avslår å ta imot personar med særlege behov. Dei viser gjerne til avgrensa kapasitet i dei kommunale helsetenestene og generelt press i busetjingsapparatet. I tillegg viser dei ofte til mangel på tilrettelagde bustader i saker der det er behov for det. Delen saker som gjeld fordeling av personar med særlege behov, har dermed auka frå 11 prosent i 2023 til 19 prosent i 2024, fordi vi har måtta fordele mange av sakene til fleire kommunar før det har vore mogleg å inngå avtale om busetjing.

I gruppa med personar med særlege behov finn vi òg dei som blir busette frå dei særskilde butiltaka til UDI. Det blei busett 133 personar frå desse butiltaka i 2024, om lag like mange som i 2023. IMDi har i 2024 jobba for å fordele desse sakene raskt. Likevel har den gjennomsnittlege ventetida auka til over 9 månader, frå rundt 7 månader i 2023 og 5 månader i 2022.


I 2024 blei 104 pasientar busette gjennom ordninga for medisinsk evakuering («medevac»), der pasientar frå Ukraina og Gaza blir medisinsk evakuerte. Alle dei 104 busette pasientane i 2024 var frå Ukraina, og ved årsslutt var det inngått avtale om busetjing for 8 ukrainske pasientar til. I tillegg var 11 personar anten under kartlegging eller fordelte til ein kommune. Når det gjeld medisinsk evakuerte frå Gaza, var 6 personar komne til landet og under kartlegging ved utgangen av 2024.

¹⁰ Personar med særlege behov blir registrerte etter ei kvalitativ vurdering som tilsette på asylmottak gjer. Det er ikkje helsepersonell som gjer vurderinga, og talet på registrerte kan derfor berre brukast som ein grov indikator.

Flyktningar som ventar på busetjing

Ved utgangen av 2024 var det 3 342 busetjingsklare flyktningar¹¹, og for om lag halvparten av desse var det inngått avtale om busetjing. Dette er ein mykje betre situasjon enn året før, og 2024 starta med 8 000 busetjingsklare på grunn av eit stort etterslep frå høge innreisetal i 2023. Sidan juli 2024 har ikkje talet overstige 5 000. Figur 3.1.15 viser nedgangen per måned gjennom 2024.

Figur 3.1.15 Busetjingsklare flyktningar ved slutten av kvar måned i 2024.



Sjølv om det samla talet på busetjingsklare gjekk relativt bratt nedover i 2024, var det ikkje slik for alle grupper. For personar med særlege behov var det òg ein nedgang gjennom året, men denne nedgangen var mykje mindre enn for totalen, og denne gruppa utgjorde ein større del av dei busetjingsklare ved inngangen av 2025 enn han gjorde dei to åra før. For einslege mindreårige har talet på busetjingsklare auka månad for månad gjennom året, frå i overkant 300 personar ved starten til rundt 400 ved slutten av året.

Relevant informasjon til aktuelle aktørar

IMDi har ei samordnings- og pådrivarrolle på tvers av etatar og forvaltningsnivå. Gjennom samarbeid vil vi sørge for eit koordinert og heilskapleg busetjingsarbeid. Kontinuerleg innsats for å sikre relevant informasjon til kommunar og løpande oppfølging av busetjingsarbeidet deira har vore grunnleggjande i arbeidet vårt gjennom 2024.

¹¹ Busetjingsklare flyktningar er personar som har fått vedtak om opphald, og som anten ventar på å bli fordelte til ein kommune for busetjing, som er fordelte til ein kommune og ventar på svar, eller som har fått avtale om busetjing i ein kommune utan at dei så langt har flytta dit.

Ei heilskapleg handtering av dei store innkomstane frå Ukraina har vore avgjerande i 2024. For at asylkjeda skal vere oppdatert på utfordringsbiletet, har det vore gjennomført koordineringsmøte mellom IMDi, UDI, Politiets utlendingseining (PU), Politidirektoratet, Helsedirektoratet og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) annakvar veke. I tillegg har IMDi delteke på statsforvaltarane sine kommunemøte i fylka når vi har blitt inviterte dit. I 2024 deltok vi på 22 slike møte i totalt 7 fylke. Vi har òg delteke på møta statsråden har halde for kommunar, fylkeskommunar og statsforvaltarar, og bidrege gjennom faglege innlegg og formidling av status og relevante faktaopplysningar om busetjing og kvalifisering.

Nasjonalt utval for mottak og busetjing av flyktningar er viktig for at statlege og kommunale aktørar skal ha ei lik situasjons- og problemforståing. IMDi har samarbeidd tett med KS om handteringa av busetjingsbehovet i tråd med både samarbeidsavtalen mellom staten og KS om busetjing og mandatet til Nasjonalt utval for mottak og busetjing. IMDi har òg samarbeidd med statsforvaltarane for å sikre god dialog knytt til verjemål/representantordninga for einslege mindreårige flyktningar som skal busetjast, og med Bufetat rundt busetjing av einslege mindreårige.

Som tilretteleggjar for godt busetjingsarbeid i samarbeid med aktuelle aktørar har IMDi i 2024 hatt særskild beredskap for å kunne handtere ein rask auke og reduksjon i busetjingsbehovet. Vi har sendt månadlege situasjonsoppdateringar til det overordna departementet. I tillegg har vi lagt til rette for at kommunane kan melde inn busetjingskapasiteten sin via IMDinett, slik at busetjinga til kvar tid kan styrast dit det er kapasitet.

Vi har dagleg publisert oppdaterte nøkkeltal på nettsidene våre, og på dei dedikerte statistikksidene er det tidsseriar med busetjingsstatistikkar.

IMDis tiltak for å sikre relevant informasjon til kommunar

IMDi har i 2024 arbeidd med kunnskapsformidling og informasjons- og erfaringsutveksling overfor kommunane for å styrkje busetjings- og integreringsarbeidet.

Vi har lagt stor vekt på å vere tilgjengelege for kommunar og andre samarbeidspartnarar, og kommunane har kontakta rettleiingstenesta til IMDi både skriftleg og per telefon med spørsmål knytte til busetjing. I 2024 svarte vi på 6 442 telefonførespurnader. Det er noko færre enn i 2023, men vi ser òg at den gjennomsnittlege ventetida for dei som ringde, gjekk ned, og enda på 33 sekund. Vi har òg behandla 4 228 skriftlege førespurnader om busetjing i 2024 – mot 6 565 i 2023. I 2024 har vi hatt fleire førespurnader enn før om personar som har komme tilbake å ha reist frå Noreg.

I mars 2024 blei det etablert ei løysing i IMDinett som gjer det mogleg for kommunane å melde frå om manglar i den busetjingsrelevante informasjonen om flyktningar.¹² Denne informasjonen skal gjerast tilgjengeleg for kommunane i IMDinett idet dei skal busetje ein flyktning. Vi har oppmoda kommunane om å nytte meldingsløysinga dersom dei ser at kvaliteten på informasjonen ikkje er god nok. Vi fekk 42 meldingar om manglar i 2024, og 17 av sakene formidla vi vidare til UDI som oppdragsgivar for asylmottaka. 20 av sakene blei avslutta, medan 5 framleis var under behandling ved årsskiftet.

Vi opplever at det framleis er stort behov for rettleiingstenesta vår for busetjing. I tillegg sender vi jamleg ut nyheitsbrev til abonnentar. Her informerer vi om endringar i lovverk, kurs og arrangement, nyheiter og nye rapportar. Vi har òg bidrege med informasjon i DSBs felles nyheitsbrev frå asylkjeda til kommunane.

IMDi møter òg aktørane på feltet gjennom treffpunkt som

- den nasjonale fagkonferansen for busetjing
- fagkonferansen for kommunar som buset einslege mindreårige
- vertskommunesamlinga
- regionale frukostmøte med vertskommunar
- regionale kompetansehevande samlingar

IMDis nasjonale fagkonferanse for busetjing gjekk av stabelen i Bergen i februar 2024. På denne konferansen la vi til rette for erfaringsutveksling mellom kommunar, noko dei har meldt tilbake er nyttig i busetjingsarbeidet.

På IMDis årskonferanse delte vi ut busetjings- og integreringsprisen. Prisen går til ein kommune som har utmerkt seg i arbeidet med flyktningar, og skal motivere og leggje til rette for at kommunane lærer av kvarandre. Årets vinnar var Namsos kommune, som fekk prisen for det systematiske arbeidet dei har gjort for at nykomne flyktningar skal kunne lykkast i arbeidslivet og lokalsamfunnet.

Tilgjengeleggjere og bidra til flyt av kompetansedata for andre relevante etatar

IMDis nye løysing for kartlegging av kompetanse blei tilgjengeleg for brukarane i februar 2024. Løysinga blir brukt både av vertskommunar for mottak for å gjennomføre kompetansekartlegging før busetjing og av busetjingskommunar ved kartlegging etter busetjing.

¹² Busetjingsrelevant informasjon er informasjon som er skaffa fram gjennom det busetjingsførebuande arbeidet i asylmottak eller akutttinnkvarteringar for mottaksbebuarar, gjennom IMDis intervju med overføringsflyktningar eller gjennom søknader om busetjing for privatbuande.

I 2024 lanserte vi ny statistikk på nettsidene våre som viser kompetansedata på nasjonalt nivå og på fylkesnivå. Statistikken er open for alle, og ein viktig milepåle i arbeidet vårt med å dele kompetansedata.

I tillegg til at busetjingskommunane, gjennom dagens løysing, skal kunne finne kompetansedata om busette flyktningar når dei er innlogga i IMDi-systemet, skal kompetansedata på individnivå kunne overførast til busetjingskommunar. I 2024 arbeidde vi vidare med API-et (datadelingsfunksjonen) som skal gjere denne overføringa mogleg. For å få tilgang til slike individdata må mottakaren vere ein offentleg instans med heimel og eit tenestleg behov for å handtere personidentifiserande og kartlagde kompetansedata. API-et blei ferdig utvikla sommaren 2024, men på grunn av arbeid med å få på plass informasjonsutvekslingsavtalar med kommunane er det ikkje teke i bruk enno. Kompetanseopplysningar som blir registrerte i kommunale fagsystem, blir ikkje behandla av IMDi og inngår ikkje i datagrunnlaget vi deler med eksterne aktørar.

3.2 Fleire innvandrarak deltek i arbeidslivet

Arbeid for betre kvalifiseringsl p og meir inkluderande arbeidsgivarar

Eit migrasjonsbilete i stadig endring, mange flyktningar til Noreg dei siste  ra og ein kompetansekrekvjande arbeidsmarknad gjer at vi i IMDi stadig m  vidareutvikle tenestene v re og finne nye l ysingar saman med samarbeidspartnarane v re.

I 2024 har vi lagt s rleg vekt p  tiltak som kan bidra til h gare sysselsetjing blant fordrevne fr  Ukraina. Vi har  g intensivert arbeidet med   informere og rettleie arbeidsgivarar om korleis dei kan skape inkluderande arbeidsplassar og dra nytte av etnisk mangfald. Vidare har vi drive utstrekt rettleiing av kommunane og tilbode dei   delta p  ulike kompetansehevande arenaer, med vekt p  innovasjon og samarbeid mellom dei sentrale akt rane lokalt.

Samtidig har den nye oppl ringslova og utvida m glegheiter for oppl ring for vaksne gitt eit st rre behov for rettleiing og p drivarverksemd overfor kommunane og fylkeskommunane for   sikre tilpassa kvalifiseringstilbod for b de nykomne innvandrarak og dei med lengre butid.

P drivar- og samordningsarbeid p  kvalifiseringsfeltet

For at vi skal kunne skape gode kvalifiseringsl p med m l om vidare kvalifisering og rask overgang til arbeid, er det heilt sentralt med eit godt samarbeid mellom kommunar, fylkeskommunar, Nav, frivillige organisasjonar og arbeidsgivarar. Ei av dei viktigaste oppg vene til IMDi er   leggje til rette for slikt samarbeid. Dette gjer vi gjennom ulike samlingar, blant anna felles leiarsamling¹³, gjennom rettleiing p  Fagressurs for introduksjonsprogrammet, MIKA og Ny i Norge og gjennom   initiere forskning for   f  meir kunnskap og dermed kunne forbedre rettleiinga til s rleg kommunar og arbeidsgivarar. Den

¹³ Den felles leiarsamlinga blir arrangert i regi av IMDi, Direktoratet for h gare utdanning og kompetanse, Arbeids- og velferdsdirektoratet og Utdanningsdirektoratet og skal styrkje samarbeidet mellom sektormyndigheitene for   bidra til betre integrering og stabil tilknytning til arbeidslivet for innvandrarak gjennom kvalifisering. M lgruppa er fylkesleiarar i Nav, fylkesutdanningssjefane og leiarar for integrering i fylkeskommunane.

praksisnære kunnskapen frå oppfølging av tilskotsmottakarar er òg viktig som grunnlag for treffsikker rettleiing.

IMDi har hatt eit tett og godt samarbeid med Arbeids- og velferdsdirektoratet i 2024. Vi har hatt eigne møte kvar månad, og vi har samarbeidd om fleire felles oppdrag, blant anna kontinuerleg vurdering av status og innspel til tiltak for større arbeidsmarknadsintegrering blant fordrevne frå Ukraina. IMDi har i tillegg samarbeidd tett med Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) om fleire oppdrag og anna pådrivararbeid.¹⁴

I det felles oppdraget om å utvikle gode utdannings- og opplæringstenester for ledige og utsette grupper på arbeidsmarknaden¹⁵ samarbeider IMDi, Arbeids- og velferdsdirektoratet og HK-dir om å utvikle kompetansehevande materiell og verktøy. Målet er eit enklare og meir effektivt samarbeid i førstelinja. Materiellet skal gi tilsette i Nav, flykntingstenesta i kommunane og fylkeskommunen betre kunnskap om verkemidla til dei andre etatane og om regelverk, rammevilkår og tenestene.

Sentrale tema på årets felles leiarsamling¹⁶, som blei arrangert i mars 2024, var mellom anna innføringa av den nye opplæringslova, den nye rolla fylkeskommunen har fått på integreringsfeltet, og kva arbeidsgivarane treng for å kunne inkludere fleire og leggje arbeidsplassen til rette som kvalifiseringsarena. Evalueringa viser at deltakarane opplever at samlinga bidreg til at dei møtest på tvers av ulike sektorar og opprettar nye kontaktar, og at dei får diskutert sentrale problemstillingar i kvalifiserings- og integreringsarbeidet.

IMDi har òg samarbeidd tett med fylkeskommunane på kvalifiseringsfeltet. Samarbeidet omfattar planlegging og gjennomføring av kompetansehevande samlingar for kommunane og dei to tilskotsordningane *Tilskot til tilrettelagd fag- og yrkesopplæring* og *Forsøk med nasjonal samarbeidsmodell for tilrettelagd fag- og yrkesopplæring*.

I 2024 var det 1 350 vaksne innvandrarak som fekk tilbod om tilrettelagd fag- og yrkesopplæring gjennom ordninga med tilskot til tilrettelagd fag- og yrkesopplæring. Det er ein vesentleg auke frå 2023, då 850 vaksne innvandrarak fekk tilbod gjennom ordninga. I forsøket med nasjonal samarbeidsmodell er prosjekta i dei tre forsøksfylka så langt i rute. Den første delrapporten frå følgjeevalueringa av forsøket blei levert i oktober 2024. Han viser at fylka har hatt utfordringar i samarbeidet med Nav, og at det er krevjande å leggje til rette for deltakargruppa. Så langt er det likevel svært lågt fråfall blant deltakarane.

¹⁴ Oppdrag 2024-01 *Tertialvis analyse av status i arbeidet med arbeidsmarkedsintegreringen av ukrainere*
Oppdrag 2024-04 *Utvikle og implementere tiltak for innvandrere med lave norskerdigheter og lite formell kompetanse*

¹⁵ Oppdrag 2021-28 *Effektive og gode utdannings- og opplæringstenester*

¹⁶ Felles leiarsamling blir arrangert kvart år av IMDi, Utdanningsdirektoratet, Arbeids- og velferdsdirektoratet og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse. Samlinga rettar seg mot fylkesutdanningssjefane, fylkesdirektørane i Nav og ansvarlege for integrering i fylkeskommunane. Representantar frå leiinga og nøkkelaktørar frå eigne direktorat og KS deltek òg. Målet er å styrkje det regionale samarbeidet om kvalifisering av innvandrarak.

IMDi har i 2024 framheva behovet for meir kunnskap om organiseringa og innretninga av norskopplæringstilbodet i kommunane, og samanhengen mellom norskopplæring og overgang til arbeid. Auka kunnskap vil gi betre grunnlag for å rettleie kommunane i å tilby god og fleksibel norskopplæring. I tråd med den felles tiltaksplanen vi har med HK-dir, har vi retta merksemd mot det nasjonale tilbodet om digital norskopplæring i møte med kommunar, fylkeskommunar, vaksenopplæringsssenter, Nav, bedrifter og andre relevante aktørar. For IMDi har det vore viktig å signalisere at mange deltakarar framleis har behov for norskopplæring etter at dei har avslutta introduksjonsprogrammet, og at kommunane må leggje til rette for opplæring i kombinasjon med arbeid. Det nasjonale digitale tilbodet gjer det mogleg for alle kommunane å tilby dette, uavhengig av kva lærarkompetanse eller digitale ressursar dei har sjølve.

Utviklingsarbeid for målretta kvalifisering av høg kvalitet

Høge flyktninginnkomstar og overrepresentasjon blant innvandrarar i arbeidsløysestatistikken skaper behov for innovasjon og nytenking på kvalifiserings- og sysselsetjingsfeltet. IMDi har også i 2024 drive utviklingsarbeid for å sikre målretta kvalifisering av høg kvalitet for målgruppa. Gjennom tilskotsordningane våre har kommunar og fylkeskommunar fått kunnskap om gode måtar å jobbe med kvalifisering på – både overfor deltakarar i introduksjonsprogrammet og Jobbsjansen og overfor andre innvandrarar med avgrensa norskferdigheiter og lite formell kompetanse. I tillegg gir den nasjonale brukarundersøkinga i introduksjonsprogrammet og opplæringa i norsk og samfunnskunnskap IMDi verdifull kunnskap om korleis deltakarane sjølv opplever tilbodet dei får.

Gjennom tilskotsordninga *Utvikling av kvalifiseringstiltak og integreringstiltak*¹⁷ har IMDi gitt midlar til fleire prosjekt med vekt på digitale løysingar, inkludert KI-teknologi. Dette har gitt oss ny kunnskap om korleis KI kan nyttast som verktøy i både norskopplæring og arbeidsretta tiltak. For å spreie noko av kunnskapen og erfaringane frå utprøvinga av digitale løysingar i opplæring har vi utarbeidd inspirasjonsfilmar som vi vil publisere på Fagressurs for introduksjonsprogrammet i første kvartal 2025. Tilskotsordninga har blitt brukt meir målretta dei siste åra. I 2024 fekk ordninga to nye satsingsområde som er prioriterte: etablering av kommunale, interkommunale eller regionale velkomsttilbod og arbeid for mangfald og mot rasisme og diskriminering.

I 2024 har IMDi òg sett i gang eit forsøk¹⁸ som skal vare ut 2026, og som er finansiert gjennom denne tilskotsordninga. Sju pilotprosjekt skal utvikle lokale arbeidsretta løp og samarbeidsmodellar retta mot innvandrarar med låge norskferdigheiter og lite formell kompetanse. Prosjekta skal særleg fokusere på korleis førebuande opplæring for vaksne (FOV) kan integrerast i tilbodet. Erfaringane frå prosjekta vil gi ny kunnskap om korleis ein

¹⁷ Ordninga hadde i 2024 ei ramme på 60,4 mill. kroner og fekk 118 søknader, med ein søknadssum på totalt 147 mill. kroner. 58 prosjekt fekk innvilga tilskotsmidlar i 2024. Av desse var 31 nye prosjekt.

¹⁸ Oppdrag 2024-04 *Utvikle og implementere tiltak for innvandrere med lave norskferdigheiter og lite formell kompetanse*

kan rigge gode lokale arbeidsretta kvalifiseringsløp for innvandrarak som står langt unna arbeid, ei målgruppe som til no ofte har falle mellom stolane i dagens tilbodslandskap. IMDi har òg oppretta samarbeid med partane i arbeidslivet og eit utval representantar frå praksisfeltet for å vurdere tiltak som styrkjer arbeidslivet som opplærings- og kvalifiseringsarena for innvandrarak med avgrensa norskferdigheiter og lite formell kompetanse.

I arbeidet med Jobbsjansen¹⁹ har IMDi lagt vekt på å gi kommunane tett oppfølging og rettleiing, med mål om å halde oppe dei gode resultata og styrkje kvalifiseringstilbodet i kommunane. Gjennom Jobbsjansen var det i 2024 førti kommunar og fleire bydelar i Oslo som fekk tilskot til om lag tusen deltakar plassar for heimeverande innvandrarkvinner som står langt unna arbeidslivet og treng kvalifisering for å komme i arbeid eller utdanning. Resultata til Jobbsjansen har vore stabilt høge dei siste åra. 72 prosent av deltakarane som avslutta programmet i 2024, gjekk vidare til jobb, utdanning eller ein kombinasjon.²⁰ Vi ser òg at sysselsetjingsnivået er høgt blant deltakarane fleire år etter dei har avslutta Jobbsjansen. Ifølgje tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) var 77 prosent av deltakarane som avslutta Jobbsjansen i 2021, i arbeid eller utdanning eitt år etter programslett.²¹ Saman med SSB jobbar vi med å etablere ein årleg monitor av Jobbsjansen som på sikt vil gjere det mogleg å kople data frå Jobbsjansen-registeret mot andre registerdata som SSB har tilgang til. På den måten kan vi følgje med over tid på kva tilknytning deltakarane har til arbeid og utdanning, og kva inntektsnivå dei ligg på.

I 2024 arrangerte IMDi ei felles nasjonal nettverkssamling for Jobbsjansen-prosjekt og mottakarar av tilskot til kommunale kvalifiserings- og integreringstiltak. Vi hadde òg ei eiga samling for fem pilotkommunar og tre oppfølgingssamlingar for førti prosjekt. Desse samlingane legg til rette for deling av bestep praksis, nettverksbygging og formidling av ny kunnskap. Vi meiner at samlingane bidreg til meir kompetanse og samarbeid i kommunane, og sikrar ei effektiv forvaltning av midlane.

I januar 2025 fekk IMDi sluttrapporten frå følgjeevalueringa av forsøket med per capita-finansiering av Jobbsjansen i perioden 2022–2024. Blant funna er at per capita-finansiering reduserer dei administrative kostnadene og bruken av administrative ressursar både for IMDi og ikkje minst for kommunane. IMDi skal levere ei tilråding til departementet innan mai 2025 om korleis Jobbsjansen bør innrettast framover, og tilrådinga vil mellom anna basere seg på funna frå denne rapporten.

I 2024 gjennomførte IMDi saman med HK-dir den nasjonale brukarundersøkinga for deltakarar i opplæringa i norsk og samfunnskunnskap og i introduksjonsprogrammet. Mellom anna på bakgrunn av tilrådingar frå ei evaluering av brukarundersøkinga gjennomført ved Fafo, gjorde direktorata ei rekkje forbedringar i årets brukarundersøking. Det var mellom

¹⁹ Jobbsjansen hadde i 2024 ei ramme på 130,6 mill. kroner og fekk 60 søknader med ein søknadssum på totalt 177,8 mill. kroner.

²⁰ Måloppnåinga var 74 prosent i ordinære Jobbsjansen-prosjekt og 71 prosent i forsøket med per capita-finansiering.

²¹ [Jobbsjansen: Tre av fire i arbeid eller utdanning eitt år etter programslett – SSB](#)

anna færre spørsmål, enklare språk og enklare pålogging enn i dei tidlegare undersøkingane. Målet med endringane var å gjere undersøkinga meir brukarvennleg og få sikrere resultat. Det var både fleire kommunar og fleire respondentar med i 2024 enn før. I alt 209 kommunar inviterte deltakarane sine til å svare, og 11 241 deltakarar svarte på undersøkinga.²²

Kompetanseheving og tilrettelegging for erfaringsdeling i førstelinja

IMDi har i 2024 vidareført arbeidet med å leggje til rette for kompetanseheving og erfaringsdeling for tilsette i kommunane, for å møte behova for rettleiing og informasjon til fordrevne frå Ukraina og andre flyktninggrupper. Det har vore gjennomført ei rekkje kompetansehevande aktivitetar for rettleiarar i flyktningtenesta og lærarar i vaksenopplæringa. Aktivitetane har mellom anna bestått av kompetansehevande samlingar, *Fagverksted*-konferansane og nye digitale kompetansepakkar.

Fagverksted samla 700 deltakarar frå heile landet til to konferansar hausten 2024. Temaet for årets konferanse var *saman skaper vi moglegheiter*, og innovasjon for betre kvalifisering og raskare overgang til arbeid var ein raud tråd.

IMDi vidareførte òg samarbeidet om fylkesvise kompetansehevande samlingar for kommunane i 2024. Nytt av året var at ansvaret for å arrangere og koordinere samlingane blei flytta til fylkeskommunane, saman med statsforvaltaren og Nav. I alt er det gjennomført ti fylkesvise samlingar – tre av dei tidleg i 2025. Formålet med denne typen samlingar er å skape arenaer for kompetanseheving, men òg å styrkje det regionale ansvaret til fylkeskommunane og gi dei inspirasjon til å utvikle nye innovative løysingar i fellesskap.

IMDi deltek i KS-nettverket Flyktningar i jobb, som består av over førti kommunar, og som set søkjelyset på kommunen som arbeidsgivar. Gjennom å delta i nettverket får vi kunnskap om statusen på praksisfeltet og kva kommunane treng av kompetanseheving og rettleiing. Nettverket er òg ein arena for samarbeid med KS, Arbeids- og velferdsdirektoratet og NHO om behovet for samordning og endring av strukturelle forhold som kan hindre kommunane i arbeidet med å tilby målretta kvalifisering som fører til at flyktningar kjem i jobb.

Å utvikle kompetansepakkar med ulike tema har vore ein viktig del av rettleiinga og kompetansehevinga vår retta mot førstelinja i kommunane dei siste åra. I 2024 publiserte vi to nye kompetansepakkar – ein om fleksibel og arbeidsretta norskopplæring og ein om arbeidsretta introduksjonsprogram. Begge desse temaa var noko kommunane hadde etterspurt, og nettsidene har blitt godt besøkte.

I 2024 hadde Fagressurs for introduksjonsprogrammet 39 100 unike besøkande.²³ Det er ein auke på over 11 000 besøkjande samanlikna med 2023, noko som tyder på at nettstaden

²² I 2023 deltok 158 kommunar, og om lag 9 900 deltakarar svarte på undersøkinga.

²³ [Fagressurs for introduksjonsprogrammet](#) | [Introduksjonsprogrammet](#)

treffer behov i kommunane. IMDi reviderer fagressursen kontinuerleg ut frå tilbakemeldingar frå praksisfeltet og følgjeevalueringa etter innføringa av standardiserte element. I 2024 har vi mellom anna starta på arbeidet med å tydeleggjere tilrådingane til kommunane i tråd med funn i den andre delrapporten frå følgjeevalueringa.²⁴

IMDi har prioritert å vere tilgjengeleg for kommunane gjennom mellom anna rettleiingstenesta for Nasjonalt introduksjonsregister (NIR), som skal sikre at kommunane får den brukarstøtta dei treng for å gjere registreringar i NIR. I løpet av 2024 har vi fått og svart på rundt 8 000 førespurnader gjennom det digitale supportsystemet og rundt 3 300 telefonførespurnader. Dette er ein liten nedgang frå 2023. Brukarundersøkinga vår og andre tilbakemeldingar indikerer at kommunane er nøgde med kvaliteten på svara og effektiviteten i tenesta.

I februar 2024 blei opplæringsløpa for å bli assistent i helse- og omsorgssektoren og i barnehage og skule lanserte på fagressursen, og dei digitale ressursane i opplæringsløpa har blitt omsette til engelsk og ukrainsk i løpet av året. Desse har hatt over 3 800 unike besøkjande i 2024. IMDi har hatt kontakt med fleire kommunar som både har late seg inspirere av og aktivt har brukt opplæringsløpa for å kvalifisere nykomne til å jobbe som assistentar i kommunen. Resultatet er at fleire nykomne frå Ukraina har fått høve til å bruke kompetansen dei har med seg frå heimlandet, i ein relevant jobb, samtidig som kommunen har fått nødvendig arbeidskraft.

I 2024 har IMDi arrangert ni digitale ICDP-kurs i samarbeid med Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) og Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat). Om lag 130 kommunetilsette har delteke på desse kursa. Saman med dei andre to etatane har vi òg utvikla kursmateriellet for foreldrerettleiing tilpassa høge flyktninginnkomstar.²⁵ Materiellet er publisert på fagressursen. I mai 2024 arrangerte etatane i fellesskap eit webinar med om lag 150 kommunetilsette som fekk informasjon og rettleiing om bruk av kursmateriellet. Det har vore om lag 3 200 visningar av nettsida der den tilpassa modellen blir presentert.

Den nasjonale rettleiaren for mottak av arbeidsinnvandrarar og familiane deira blei ferdig i desember 2024, og vi vil publisere han på imdi.no i første del av 2025. Ved å ha eit breitt utval av ulike aktørar i referansegruppa har vi sikra at rettleiaren er tett kopla til praksisnær kunnskap.

Vidare har IMDi samarbeidd med HK-dir om å opprette ei informasjonsside med praktisk informasjon om samfunnskunnskap.²⁶ Formålet med informasjonssida²⁷ er å sikre at opplæringsstadene i kommunane får tilpassa informasjon som kan bidra til at dei klarar å gi

²⁴ [Var det oppskriften som manglet? | Fafo-rapport 2024:09](#)

²⁵ Oppdrag 2024-06 *Veiledning om og evaluering av modell for foreldreveiledning tilpasset høye ankomster (delvis FoU)*

²⁶ Oppdrag 2024-05 *Opprettelse av informasjonsside i samfunnskunnskap for opplæringssteder*

²⁷ [Opplæring i samfunnskunnskap | HK-dir](#)

deltakarar med rett og plikt etter integreringslova 75 timar opplæring i samfunnskunnskap innan fristen på 1 år.

Styrking av arbeidet for meir etnisk mangfald og inkludering i arbeidslivet

Nettressursen MIKA (mika.no)²⁸ blei publisert 29. januar 2024 med mål å auke medvitet, engasjementet og kunnskapen i norske verksemdar for å styrkje etnisk mangfald og inkludering i arbeidslivet. I løpet av 2024 hadde mika.no over 49 400 unike besøkjande. Trafikken var høgast når det blei gjennomført kampanjar som «Flyktning i arbeid» og promotering av Mangfaldsprisen. Tiltak som å drive promotering gjennom sosiale medium, stå på stands og bruke nettverk som partane i arbeidslivet, arbeidsgivarar og næringsforeiningar har òg bidrege til å få opp besøkstala. Særleg bruk av sosiale medium har vist seg å vere effektivt. Følgjeevalueringa 2021–2024 av IMDis tiltak og verkemiddel retta mot arbeidsgivarar konkluderer med at mika.no treffer godt på innhald som er høgt etterspurt av arbeidsgivarar, men nettsida er framleis lite kjend blant målgruppa. Det er derfor viktig at det framleis blir laga relevant innhald for arbeidsgivarar, som har ulike og varierende behov, og at bruken av nettstaden blir monitorert.

Følgjeevaluering²⁹ gjennomført i 2019–2024 viser at ordninga med tilskot til tiltak for meir etnisk mangfald i arbeidslivet har vore særleg verknadsfull. Ikkje berre er det gjennomført mangfaldstiltak i verksemdene som har ført til auka rekruttering og betre bruk av kompetansen til innvandrarar; nettverka av tilskotsmottakarar utgjer i tillegg eit etterlengta kompetansemiljø. Men ordninga er framleis lite kjend blant arbeidsgivarar, og blant dei som søker om tilskot, er det framleis ei overvekt av store verksemdar i urbane strøk.

Følgjeevalueringa peikte òg på at Mangfaldsprisen har hatt avgrensa effekt. Prisen har rett nok gitt vinnarane ein positiv effekt ved at dei har fått anerkjenning for mangfaldsarbeidet sitt, blitt meir synlege og fått positiv omdømmebygging, men effekten har vore kortvarig. Følgjeevalueringa konkluderer med at ressursane som har gått til Mangfaldsprisen, kunne vore nytta betre, ettersom andre tiltak, til dømes tilskotsordninga og mika.no, ser ut til å ha større potensial for å fremje meir etnisk mangfald i arbeidslivet.

Formidling av informasjon til nykomne innvandrarar

Nyinorge.no er ein nettstad som samlar informasjon frå offentlege myndigheiter til nykomne innvandrarar. Det er IMDi som har utvikla og driftar nettstaden, og formålet er å gjere det

²⁸ MIKA står for mangfald, inkludering, kompetanse og arbeidsliv.

²⁹ Sætermo, T.F., Øverland, M.B., Svendsen, S., Sørfjorddal Hauge, E., Grønås-Werring, M. (2024). Evaluering av tiltak for økt mangfold i arbeidslivet. Oslo: NTNU Samfunnsforskning og Oxford Research. [Følgjeevalueringen](#)

lettare for nykomne å få oversikt over kva rettar og plikter dei har i den nye kvardagen sin i Noreg.

Første versjon av nyinorge.no retta seg mot fordrevne frå Ukraina med kollektivt vern. I løpet av 2024 har vi utvida og tilpassa nettstaden slik at han no tilbyr heilskapleg informasjon og rettleiing til alle nykomne flyktningar. Nettstaden er i tillegg oppgradert med ny informasjonsarkitektur og navigasjon, og dessutan utbetra slik at han betre oppfyller krava til universell utforming. IMDi har i løpet av året òg greidd ut moglegheita for å utvide målgruppa for nettstaden til å omfatte utanlandske arbeidstakarar.³⁰

Opplæring for asylsøkjjarar i mottak

Integreringslova legg til rette for at asylsøkjjarar skal få tidleg kunnskap om norsk språk og samfunnsliv. Vertskommunar for mottak har ansvar for å tilby asylsøkjjarar 175 timar opplæring i norsk og 25 timar opplæring i samfunnskunnskap. Asylsøkjjarar i mottak har plikt til å delta i opplæringa. Målet med norskopplæringa er å gi asylsøkjjarar eit ferdigheitsnivå i norsk som set dei i stand til å bruke eller byggje vidare på kompetansen sin i utdanning, arbeid og samfunnsliv. Målet med opplæringa i samfunnskunnskap er å gi asylsøkjjarar ein tidleg introduksjon til norske lover og verdiar og norsk kultur.

I 2024 var det rundt 4 000 asylsøkjjarar i mottak som var mellom 18 og 55 år og dermed i målgruppa for å få opplæringa i norsk og samfunnskunnskap. Målgruppa har auka med nesten 20 prosent frå 2023 og med 80 prosent frå 2022. 60 prosent av dei som var i målgruppa i 2024, kom inn i målgruppa i løpet av året.

Som tabell 3.2.1 viser, hadde rundt 2 890³¹ av personane i målgruppa i 2024 delteke i opplæring, og rundt 550 hadde fullført målet om 175 timar norskopplæring.³² Trenden med at det blir stadig færre som fullfører norskopplæringa for asylsøkjjarar i mottak, har dermed halde fram. Samtidig har det gjennomsnittlege registrerte timetalet gått ned frå 116 timar i 2022 til 100 timar i 2024. Det kan komme av at vertskommunane for mottak har redusert kapasitet til å tilby opplæring, ettersom dei òg skal gi opplæring til personar som blir busette i dei same kommunane.

³⁰ Over 105 000 unike brukarar besøkte nettstaden i 2024.

³¹ Personar som per utgangen av 2024 hadde delteke i minst éin time opplæring i norsk løpet av perioden då dei var i målgruppa.

³² Det er viktig å vere klar over at tala for 2024 er førebelse, og at fleire timar kan bli registrerte utover i 2025.

Tabell 3.2.1 Asylsøkjarar i mottak med plikt til opplæring i norsk etter integreringslova, og deltaking i opplæring. Førebelse tal for 2024.

	Asylsøkjarar med plikt*	Personar som har delteke**	Del av målgruppa som har delteke	Personar som har fullført 175 timar norsk for asylsøkjarar***	Del av målgruppa som har fullført 175 timar norsk for asylsøkjarar
2022	2 020	1 680	83 %	1 231	60 %
2023	3 355	2 564	76 %	1 003	29 %
2024	4 006	2 892	72 %	556	11 %

* Asylsøkjarar som var i målgruppa i løpet av året, uavhengig av når dei kom inn i målgruppa.

** Asylsøkjarar i målgruppa som har delteke i minst éin time opplæring, uavhengig av kva år opplæringa skjedde i.

*** Asylsøkjarar i målgruppa som har fullført 175 timar norsk for asylsøkjarar, uavhengig av kva år opplæringa skjedde og blei fullført i.

Rundt 1 200 av personane i målgruppa, 30 prosent, hadde delteke i opplæring i samfunnskunnskap³³, som vist i tabell 3.2.2. Dei hadde i snitt delteke med 20 timar, og 691 personar hadde oppnådd timemålet på 25 timar. Vertskommunane melder om at det er meir krevjande å tilby opplæring i samfunnskunnskap enn i norsk. Opplæringa i samfunnskunnskap skal vere tilpassa deltakargruppa, og ho skal skje på eit språk som deltakarane forstår. Dette gjer det utfordrande å samle nok personar med same språk til klasseromsundervisninga.

Tabell 3.2.2 Asylsøkjarar i mottak med plikt til opplæring i samfunnskunnskap etter integreringslova, og deltaking i opplæring. Førebelse tal for 2024.

	Asylsøkjarar med plikt*	Personar som har delteke**	Del av målgruppa som har delteke	Personar som har fullført 25 timar samfunnskunnskap for asylsøkjarar***	Del som har fullført 25 timar samfunnskunnskap for asylsøkjarar
2022	2 020	934	46 %	626	31 %
2023	3 355	1 280	38 %	864	26 %
2024	4 006	1 211	30 %	691	15 %

* Asylsøkjarar som var i målgruppa i løpet av året, uavhengig av når dei kom inn i målgruppa.

** Asylsøkjarar i målgruppa som har delteke i minst éin time opplæring, uavhengig av kva år opplæringa skjedde i.

*** Asylsøkjarar i målgruppa som har fullført 25 timar samfunnskunnskap for asylsøkjarar, uavhengig av kva år opplæringa skjedde og blei fullført i.

Kor stor del av asylsøkjarane som har delteke i opplæring i mottak, blir også påverka av kor lang behandlingstid UDI har for ordinære asylsøknader. I 2024 var det mange som hadde eit langt opphald i mottak før UDI gjorde vedtak, og vertskommunane hadde derfor relativt lang tid på seg til å levere opplæringa. Tal frå 2024 viser at rundt 19 prosent starta opplæringa i

³³ Personar som per utgangen av 2024 hadde delteke i minst éin time opplæring i samfunnskunnskap løpet av perioden då dei var i målgruppa.

norsk innan ein månad etter at dei kom til mottaket, medan tilsvarande del for opplæring i samfunnskunnskap var i underkant av 10 prosent.

For å auke deltakinga og kvaliteten i opplæringa har IMDi i 2024 arbeidd vidare med eit nettverk for vertskommunar for asylmottak, som òg er nemnt under «IMDis tiltak for å sikre relevant informasjon til kommunar» i kapittel 3.1. Busetjing. Nettverket blei oppretta i 2020. I 2024 har vi vektlagt formidling og dialog om rask oppstart, kvalitet og tilbodsomfang. Nettverket er ein arena for samarbeid, erfaringsutveksling og kompetanseutvikling. Det blei arrangert nettverkssamling på Gardermoen i mai, og alle vertskommunar blei inviterte til digitale møte på hausten. Dei fleste vertskommunane deltok på desse arrangementa.

Karriererettleiing i kommunane

Karriererettleiing etter integreringslova § 11

I 2021 fekk fylkeskommunane som lovpålagd oppgåve å gi karriererettleiing til personar i målgruppa for introduksjonsprogrammet (jf. integreringslova § 11). Karriererettleiinga skal byggje på den gjennomførte kompetansekartlegginga. Målet er at karriererettleiinga skal bidra til at kvar enkelt kan gjere reflekterte val når det gjeld arbeid og utdanning, og at tilrådingar frå karriererettleiaren til busetjingskommunen skal bidra til at introduksjonsprogrammet blir meir målretta og resulterer i varig tilknytning til arbeidslivet.

Ifølgje integreringslova bør karriererettleiinga skje før oppstart av introduksjonsprogrammet, noko som skal skje innan tre månader etter busetjing. Når vi ser på personar som blei busette innan 30.09.2024, og som har rett og plikt til introduksjonsprogram, ser vi at det var registrert ei sak om karriererettleiing i IMDinett for 77 prosent av dei, som vist i tabell 3.2.3. Personar busette etter 30.09.2024 er ikkje med i talgrunnlaget ettersom dei per utgangen av 2024 var busette i under tre månader og dermed først har rett og plikt til karriererettleiing og oppstart i introduksjonsprogram i 2025.

Tabell 3.2.3 Busette personar i målgruppa for introduksjonsprogrammet og personar i målgruppa som er registrerte med karriererettleiing (tal og delar). Førebelse tal for 2024.

	Busette personar i målgruppa for introduksjonsprogrammet*	Personar som er registrerte med karriere-rettleiing innan tre md. etter busetjing	Prosentdel	Alle som er registrerte med karriere-rettleiing	Prosentdel
2022	2 001	909	45 %	1 640	82 %
2023	2 207	882	40 %	1873	85 %
2024*	1 765	815	46 %	1 363	77 %

* Busette i perioden frå 01.01.2024 til 30.09.2024.

Familieinnvandra etter integreringslova § 9 første ledd bokstav f har rett og plikt til å gjennomføre karriererettleiing dersom dei er i målgruppa for introduksjonsprogrammet. Denne gruppa blir ikkje busett med offentleg hjelp, og av dei som kom i løpet av 2024, har berre rundt halvparten gjennomført karriererettleiing, ifølgje det fylkeskommunane har registrert i IMDinett. Tretti prosent av dei familieinnvandra som kom i 2024, har per utgangen av februar 2025 gjennomført karriererettleiinga innan tre månader frå dei kom inn i kategorien for personar med rett og plikt til introduksjonsprogram.

Slik IMDi vurderer det, er det potensial for at fleire kan få karriererettleiing før dei begynner i introduksjonsprogrammet. For å betre arbeidsflyten mellom karrieresenter og busetjingskommunar utviklar IMDi saman med HK-dir eit nytt system for karriererettleiing som skal lanserast i første halvdel av 2025. I 2024 deltok IMDi både på ei nasjonal nettverkssamling om karriererettleiing for nykomne flyktningar i regi av HK-dir og på dei fylkeskommunale samlingane for karriererettleiarar og programrådgivarar frå kommunane. På desse samlingane har vi mellom anna understreka at kommunane må registrere karriereopplysningar i løysinga til IMDi for at dei skal kunne få tilrådinga frå karriererettleiarane om slutt mål og innhald i introduksjonsprogrammet.

Karriererettleiing for personar med kollektivt vern

Busette personar med kollektivt vern har berre rett og ikkje plikt til å gjennomføre karriererettleiing, jf. integreringslova § 37 b. Alle fylkeskommunane har i 2024 hatt eit tilbod om karriererettleiing til denne gruppa, men ikkje alle busetjingskommunane har informert dei busette personane om karriererettleiinga eller bestilt slik rettleiing til dei.

Fylkeskommunen er ikkje forplikta til å registrere verken tilboden eller gjennomført karriererettleiing for fordrevne frå Ukraina i systemet til IMDi, og vi manglar derfor oversikt over kor mange som har fått individuell karriererettleiing. Fylkeskommunane gjennomfører dessutan ofte grupperettleiing for denne gruppa, og dette er det ikkje mogleg å registrere i systemet.

For 2024 har HK-dir innhenta frivillig rapportering frå fylkeskommunane. Samla rapporterer fylkeskommunane at 1 475 personar med kollektivt vern har fått individuell karriererettleiing i 2024. Utover dette rapporterer dei at 6 447 flyktningar har fått grupperettleiing, og dei aller fleste av desse er personar med kollektivt vern. Dette tyder på at fleirtalet av dei med kollektivt vern som begynner i introduksjonsprogrammet, får ei eller anna form for karriererettleiing, men at det er ein lågare del som får karriererettleiing, blant dei med kollektivt vern enn blant dei med individuelt vern. I samband med oppfølginga av karrieresentera i 2024 har IMDi og HK-dir oppmoda dei om å tilby karriererettleiing til personar med kollektivt vern.

Introduksjonsprogrammet

Det var rekordmange deltakere i introduksjonsprogrammet i 2024 – nesten 36 000 personer. Som i 2023 var de fleste av disse fordrevet fra Ukraina med kollektivt vern. IMDi heldt i 2024 fram med utstrekt rettleiing, kompetanseheving og kunnskapsformidling overfor førstelinja for å støtte opp under arbeidet med kvalifisering og arbeidsformidling gjennom introduksjonsprogrammet i kommunane.

Dei førebelse tala for 2024 viser at måloppnåinga i form av overgang til utdanning har blitt lågare – frå 8 prosent i 2023 til berre 4 prosent i 2024. Delen som har gått direkte over til arbeid frå introduksjonsprogrammet, har halde seg på same nivå som året før: 41 prosent.

Delen deltakere som er med på arbeidsretta tiltak i løpet av programmet, har auka frå 2023, særleg blant fordrevet fra Ukraina. Vi reknar med dette heng saman med regelverksendringane som kom våren 2024, og som stiller krav om omfanget av arbeidsretta innhald i programmet for deltakere som har arbeid som sluttmål.

Blant deltakere utan fullført vidaregåande opplæring er det framleis berre om lag ein tredel som får sluttmål om å fullføre heile eller delar av den vidaregåande opplæringa, og som deltek i denne opplæringa innanfor rammene av introduksjonsprogrammet. Den nye opplæringslova kan føre til at fleire deltakere i introduksjonsprogrammet deltek i grunnopplæring og særleg i vidaregåande opplæring, men IMDi ventar at lova må få verke ei stund før vi eventuelt ser ein slik effekt. Vi ventar òg at fleire kan få vidaregåande opplæring i introduksjonsprogrammet dersom det blir vedteke å endre integreringsregelverket slik at programtida for denne gruppa blir utvida.

Vi gjer merksam på at 2024-tala vi presenterer i årsrapporten når det gjeld deltaking i og resultat av introduksjonsprogrammet, er førebelse. Vi publiserer endelege tal på imdi.no våren 2025.

Deltaking i introduksjonsprogrammet

Tabell 3.2.4 viser deltakinga i introduksjonsprogrammet i 2020–2024, totalt og fordelt på rettsgrupper.


Tabell 3.2.4 Deltakarar i introduksjonsprogrammet, nye deltakarar, og deltakarar som har avslutta programmet. Talet på personar.

År	2020	2021	2022	2023	2024*
Deltakarar med rett og plikt	12 727	9 716	8 906	8 346	8 271
Deltakarar som kan få tilbod om program	1 215	879	626	575	427
Deltakarar med kollektivt vern og rett	-	-	7 861	22 320	26 354
Deltakarar med kollektivt vern som kan få tilbod om program	-	-	486	1 265	873
Deltakarar i alt	13 942	10 595	17 879	32 506	35 925
Nye deltakarar	2 227	2 246	11 166	17 699	16 922
Personar som har avslutta program	4 820	3 292	2 757	11 381**	14 513**

* Førebelse tal per 20.01.2025. Endelege tal blir publiserte på imdi.no våren 2025.

** Deltakarar som hittil manglar registrert avslutningsårsak, er ikkje inkluderte.

Som vi ser av tabell 3.2.4 ovanfor og visualisert i figur 3.2.5 nedanfor, var det fleire deltakarar i introduksjonsprogrammet i 2024 enn i 2023, og dei fordrivne frå Ukraina som har rett, men ikkje plikt til å delta, utgjer heile 73 prosent av alle deltakarar. Samtidig var det færre nye deltakarar i 2024 enn i 2023. Det heng saman med at det kom færre fordrevne frå Ukraina dette året.


Figur 3.2.5 Nye deltakarar og personar som har avslutta programmet.

Resultat av deltakinga i introduksjonsprogrammet

Direkte overgang til arbeid eller utdanning etter avslutta program

Figur 3.2.6 viser måloppnåinga blant alle deltakarar som har avslutta introduksjonsprogrammet i 2020–2024.

Figur 3.2.6 Prosentdelen av deltakarane som går direkte over til arbeid og utdanning etter avslutta introduksjonsprogram.*



* Førebelse tal for 2024 per 21.01.2025. Endelege tal blir publiserte på imdi.no våren 2025.

Måloppnåinga totalt var 45 prosent i 2024 og dermed noko lågare enn i 2023. Blant dei som har arbeid som slutt mål, er delen som oppnår målet, like høg i 2024 som i 2023. Det er altså blant dei med utdanning som slutt mål at delen har gått ned. Dette heng saman med det høge utdanningsnivået blant fordrivne frå Ukraina og det politiske målet om at dei skal komme raskt over i arbeid.

Status eitt år etter for deltakarar som avslutta introduksjonsprogrammet i 2022

Ifølgje monitoren til SSB var 65 prosent av deltakarane som avslutta introduksjonsprogrammet i 2022, sysselsette og/eller i utdanning eitt år etterpå.³⁴ Blant kvinnene auka prosentdelen som var i arbeid eller utdanning, frå 58 til 59 prosent. Blant mennene gjekk han ned frå 75 til 73 prosent.


Delen som var i arbeid eller utdanning i 2022-kohorten, var på same nivå som for 2021-kohorten eitt år etter avslutta program.

³⁴ Status per november 2023.

Oppstart i introduksjonsprogrammet


Figur 3.2.7 og 3.2.8 viser kor stor del av deltakarane i ulike rettsgrupper som har begynt i introduksjonsprogrammet innan tre og seks månader etter at dei har blitt busette i ein kommune, dei siste åra.

Figur 3.2.7 Personar med rett og plikt som kom inn i målgruppa og starta i introduksjonsprogrammet innan 3 og 6 månader.*



* Kohortane går frå 01.10. til 30.09. kvart år. For 2024 er tala per 17.01.2025 og førebelse. Endelege tal blir publiserte på imdi.no våren 2025.

Figur 3.2.8 Personar med rett som kom inn i målgruppa og starta i introduksjonsprogrammet innan 3 og 6 månader.*



* Kohortane går frå 01.10. til 30.09. kvart år. For 2024 er tala per 17.01.2025 og førebelse. Endelege tal blir publiserte på imdi.no våren 2025.

Førebelse tal viser at det var ein noko lågare del av dei fordrevne frå Ukraina som starta i introduksjonsprogrammet i 2024 enn i 2023. Det gjeld oppstart innan både 3 og 6 månader.

Blant andre deltakarar er delen som starta opp innan 3 månader, noko høgare i 2024 enn i 2023, men det er framleis forskjellar mellom deltakargruppene.

Sluttmål

Tabell 3.2.9 viser kva sluttmål dei som deltok i introduksjonsprogrammet i 2024, hadde.

Tabell 3.2.9 Sluttmål for deltakarar i introduksjonsprogrammet i 2024, uavhengig av alder.*

Sluttmål	Deltakarar med rett (fordrivne frå Ukraina)		Deltakarar med rett og plikt	
	Tal	Del	Tal	Del
Arbeid – personen har utdanning på vidaregåande nivå frå før	21 383	88 %	641	9 %
Arbeid – personen har ikkje utdanning på vidaregåande nivå frå før	1 646	7 %	1 996	28 %
Fullføre heile eller delar av den førebuaande opplæringa for vaksne	60	0 %	2 244	32 %
Fullføre vidaregåande opplæring / delar av vidaregåande opplæring	538	2 %	2 091	29 %
Høgare utdanning – personen har utdanning på vidaregåande nivå frå før	713	3 %	148	2 %
Totalt	24 340	100 %	7 120	100 %
Ikkje registrert sluttmål	1 770	7 %	332	5 %

* Førebelse tal per 29.01.2025

Blant fordrivne frå Ukraina er 91 prosent registrerte med eit sluttmål som inneber kort programtid, medan den tilsvarande delen blant deltakarar med rett og plikt til å delta i introduksjonsprogrammet er berre 11 prosent. Heile 61 prosent av deltakarane med rett og plikt til å delta har som sluttmål å fullføre heile eller delar av grunnopplæringa, medan dette berre gjeld 2 prosent av dei fordrivne frå Ukraina. Desse skilnadene speglar kor mykje høgare utdanningsnivå fordrivne frå Ukraina har enn andre deltakarar.

Sluttmål for deltakarar under 25 år utan utdanning på vidaregåande nivå

Tabell 3.2.10 viser kor mange deltakarar og kor stor del av deltakarane under 25 år med rett og plikt til introduksjonsprogram som ikkje har fullført vidaregåande utdanning ved oppstart i introduksjonsprogrammet. Tabell 3.2.7 viser tilsvarande tal for deltakarar med rett til å delta (fordrivne frå Ukraina).

Tabell 3.2.10 Slutt mål for deltakarar under 25 år med rett og plikt til introduksjonsprogram som ikkje har fullført vidaregåande opplæring ved oppstart i introduksjonsprogrammet.

Slutt mål	2021		2022		2023		2024*	
	Tal	Del	Tal	Del	Tal	Del	Tal	Del
Arbeid	5	4 %	21	3 %	89	7 %	89	6 %
Fullføre delar av grunnskulen / førebuaande opplæring for vaksne	15	11 %	83	14 %	228	18 %	258	18 %
Fullføre grunnskulen / førebuaande opplæring for vaksne	37	26 %	136	23 %	240	19 %	301	21 %
Fullføre vidaregåande opplæring	51	36 %	231	38 %	440	36 %	537	37 %
Fullføre delar av vidaregåande opplæring	34	24 %	133	22 %	236	19 %	278	19 %
Totalt	142	100 %	604	100 %	1233	100 %	1463	100 %

* Førebelse tal per 29.01.2025. Endelege tal blir publiserte på imdi.no våren 2025.

Tabell 3.2.11 Slutt mål for deltakarar under 25 år med rett til introduksjonsprogram (fordrivne frå Ukraina) som ikkje har fullført vidaregåande opplæring ved oppstart i introduksjonsprogrammet.

Slutt mål	2023		2024*	
	Tal	Del	Tal	Del
Arbeid	94	23 %	133	24 %
Fullføre delar av grunnskulen / førebuaande opplæring for vaksne	4	1 %	4	1 %
Fullføre grunnskulen / førebuaande opplæring for vaksne	8	2 %	11	2 %
Fullføre vidaregåande opplæring	196	47 %	277	50 %
Fullføre delar av vidaregåande opplæring	114	27 %	129	23 %
Totalt	416	100 %	554	100 %

* Førebelse tal per 29.01.2025. Endelege tal blir publiserte på imdi.no våren 2025.

Tala viser at blant deltakarane med rett og plikt er det ein låg del som får mål om arbeid, noko som er i tråd med politikken om at flest mogleg bør fullføre vidaregåande opplæring. Samtidig er det noko over halvparten som får slutt mål om å fullføre heile eller delar av vidaregåande opplæring. At det er ein nokså høg del som får slutt mål om å fullføre heile eller delar av den førebuaande opplæringa for vaksne, kan vere eit teikn på at deltakarane


har for låge ambisjonar, men meir sannsynleg kjem det av at deltakarane ikkje har forkunnskapar som tilseier at dei vil klare å gjennomføre opplæring på vidaregåande nivå innanfor rammene av deltakinga.

Tala viser òg at delen fordrivne frå Ukraina under 25 år som får slutt mål om å fullføre heile eller delar av vidaregåande opplæring, er marginalt lågare i 2024 enn i 2023. Det kan henge saman med den mellombelse opphaldsstatusen deltakarane har i Noreg, og det uttalte politiske målet om rask overgang til arbeid for fordrivne frå Ukraina som blei meir tydeleg hausten 2023.

Innhaldet i introduksjonsprogrammet


Figur 3.2.12 og 3.2.13 viser delen deltakarar i 2023–2024 som er registrerte med tiltak innanfor dei fire hovudgruppene av tiltak i introduksjonsprogrammet. Ein deltakar kan ha hatt fleire typar tiltak innanfor tiltaksgruppene i løpet av året.³⁵

Figur 3.2.12 Innhald i introduksjonsprogrammet blant deltakarar med rett til introduksjonsprogram (fordrivne frå Ukraina), fordelt på tiltakskategori. 2023-2024.



³⁵ Merk at figurane over innhaldet i introduksjonsprogrammet ikkje viser deltakinga i tiltak for 1 300 deltakarar som høyrer til i rettskategorien «kan få tilbod om introduksjonsprogram», og 5 deltakarar med ukjend rettskategori (skjerma id).

Figur 3.2.13 Innhald i introduksjonsprogrammet blant deltakarar med rett og plikt til introduksjonsprogram, fordelte på tiltakskategori. 2023-2024.



Vi ser av figurane at tilnærma alle deltakarane har fått norskopplæring i 2024. Vidare er det ein større del av dei fordrivne frå Ukraina som er registrerte med arbeidsretta tiltak i 2024 enn i 2023. Det er som venta etter at det i starten av 2024 blei innført eit krav om å delta i slike tiltak etter tre månader i programmet.

I tillegg er det ein langt større del som har hatt utdanningsretta tiltak, blant deltakarane med rett og plikt enn blant dei fordrivne frå Ukraina. Av deltakarane med rett og plikt som deltok i utdanningsretta tiltak i 2024, fekk dei fleste (1 770 av 2 289) grunnskuleopplæring / førebuande opplæring for vaksne (FOV), medan 534 fekk opplæring på vidaregåande nivå. Utdanningsretta tiltak inkluderer òg mellom anna kombinasjonsløp for vaksne, studium i høgare utdanning, og realkompetansevurdering og godkjenning av utanlandsk utdanning. Det var eit fåtal som deltok i andre tiltak enn grunnopplæring i 2024.

Utdanningsretta tiltak i programmet i 2024

I 2024 deltok 28 prosent av dei med rett og plikt til introduksjonsprogram i utdanningsretta tiltak. Blant dei fordrivne frå Ukraina med rett til introduksjonsprogrammet deltok 2 prosent. Som i tidlegare år deltok fordrivne frå Ukraina i mindre grad i utdanningsretta tiltak enn andre flyktninggrupper³⁶ gjorde. Til saman var det 8 prosent av alle deltakarane i introduksjonsprogrammet som deltok i utdanningsretta tiltak i 2024.

Samla sett var det 6 prosent (2 001 deltakarar) som deltok i førebuande opplæring for vaksne (FOV) i 2024. Det er på same nivå som i 2023. Blant dei med rett og plikt var det

³⁶ Overføringsflyktningar, flyktningar med innvilga asyl eller opphald på humanitært grunnlag og deltakarar med opphald på sjølvstendig grunnlag.

likevel ein viss auke i delen som deltok i FOV: frå 18 prosent i 2023 til 21 prosent i 2024. Berre 1 prosent av deltakarane som var fordrivne frå Ukraina, deltok i FOV i 2024. Blant deltakarane med rett og plikt var det ein liten del som deltok i FOV i 2024, sett i samanheng med at om lag 30 prosent av desse ikkje har fullført grunnskulen.

Førebelse tal viser at delen som deltok i vidaregåande opplæring i introduksjonsprogrammet i 2024, er på same nivå som året før. 7 prosent av dei med rett og plikt deltok i vidaregåande opplæring i introduksjonsprogrammet, medan den tilsvarande delen blant dei fordrivne frå Ukraina var 1 prosent.

Med tanke på at ein stor del av dei med rett og plikt til introduksjonsprogram ikkje har formelle kvalifikasjonar på vidaregåande nivå eller høgare,³⁷ er det framleis ein liten del som deltek i vidaregåande opplæring innanfor rammene av introduksjonsprogrammet. Sjå òg omtalen vår i innleiinga.

Deltaking i foreldrerettleiing blant dei som er i målgruppa, 2021–2024

Sidan 2021 har 9 941³⁸ personar delteke i foreldrerettleiing som ein del av introduksjonsprogrammet. I perioden 2021–2024 har det blitt busett 29 101 flyktningar som er vaksne i familiar med barn. Ikkje alle desse er foreldre; somme er vaksne som bur saman med familiemedlemmer.³⁹ Vi anslår at om lag 60 prosent av målgruppa blant dei som blei busette i 2021, har delteke i foreldrerettleiing til no. Blant dei som blei busette i 2022 og 2023, har om lag halvparten så langt har delteke. For dei som blei busette i 2024, viser førebelse tal at i underkant av 30 prosent har delteke.

Nye målingar i 2025 vil gi oss oppdaterte tal, og vi vil undersøkje om delen som deltek i foreldrerettleiing, har auka som følgje av unntaksregelen som blei innført i juli 2023.⁴⁰ Vi vil òg vurdere om kommunane har behov for ytterlegare informasjon og rettleiing ved manglande deltaking i foreldrerettleiing.⁴¹

³⁷ Om lag 60 prosent har ikkje utdanning på vidaregåande nivå. Blant desse er ikkje heile gruppa kvalifisert for opptak til vidaregåande opplæring, men dei er i målgruppa for FOV eller kombinasjonsløp der fylkeskommunane tilbyr opplæring på vidaregåande nivå til vaksne som ikkje har fullført grunnskuleopplæring eller tilsvarande opplæring.

³⁸ Tal registrert av kommunane per 14.02.2025.

³⁹ På bakgrunn av dette har vi nedjustert kor mange som er i målgruppa for foreldrerettleiing. Vi anslår at målgruppa for foreldrerettleiing utgjer 80 prosent av alle vaksne flyktningar som er busette i familiar med barn, og at dei resterande 20 prosentane anten er foreldre til vaksne barn eller er vaksne barn som bur saman. Anslaget er usikkert, for vi har ikkje tilgang til data som viser fordeling mellom foreldre og andre vaksne familiemedlemmer.

⁴⁰ Unntaksregelen inneber at kommunane kan velje å tilby ein kortare variant av foreldrerettleiinga dersom dei har kapasitetsutfordringar som følgje av at det kjem mange flyktningar frå Ukraina, og utfordringar med gjennomføringa knytt til kort programtid.

⁴¹ Dette er knytt til vidare oppfølging av tilrådde tiltak gitt av Fafo (2025) i samband med oppdrag 2024-06 *Veiledning om og evaluering av modell for foreldreveiledning tilpasset høye ankomster*, del 1 og del 2.

Om lag 90 prosent av kommunane oppgir at dei tilbyr foreldrerettleiing til deltakarar i introduksjonsprogrammet i 2024 (NIBR 2024⁴²).

Nasjonalt introduksjonsregister (NIR)

Kommunane bruker Nasjonalt introduksjonsregister (NIR) til å registrere enkeltpersonar som deltek i introduksjonsprogrammet og får opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og bebuarar på mottak som får opplæring. Opplysningar frå NIR blir brukte til rapportering til departementet og til analysar og publisering av statistikk i SSB og IMDi. Dei dannar òg grunnlag for forskning og politikktutvikling på integreringsfeltet.

I tillegg til å halde registeret ved like og forbetre det fortløpande har IMDi i 2024 tilpassa NIR til endringane i opplæringslova som tredde i kraft 01.08.2024. Lovendringane gjorde at vi måtte endre oppsettet rundt utdanningsretta tiltak i introduksjonsprogrammet etter integreringslova. Endringane kom på plass i september 2024. Vi har òg sett i gang eit innsiktsarbeid for å sjå på behovet for ei ny dataløysing på integreringsfeltet. NIR er ikkje tilpassa dagens omfattande behov for datadeling, og vi ser at det trengst ei meir fleksibel løysing som raskare kan tilpassast regelverksendringar og dataflyt frå andre system.

Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for nykomne innvandrarak

Opplæring i norsk og samfunnskunnskap er eit av dei viktigaste tiltaka for at nykomne innvandrarak skal bli kvalifiserte til å delta i arbeids- og samfunnsliv. Fordrivne frå Ukraina med rett til norskopplæring var den største deltakargruppa i 2024, men deltakarar med rett og plikt til opplæringa utgjorde om lag 34 prosent av alle deltakarane.

Deltaking i opplæring i norsk

Tabell 3.2.14 viser kor mange personar som har delteke i norskopplæring i 2020–2024. Personane er fordelte på kva rett og/eller plikt dei har hatt til å gjennomføre opplæringa.

⁴² [ODA Open Digital Archive: Settlement, integration and employment under a temporary perspective: Experiences and perceptions of Ukrainian refugees and municipal refugee services \(2023-2024\)](#)

Tabell 3.2.14 Deltakarar i opplæring i norsk, fordelt på rettsgrupper.

	2020	2021	2022	2023	2024*
Deltakarar med rett og plikt	24 009	20 230	17 664	18 133	18 681
Deltakarar med berre plikt	2 163	2 106	2 170	2 797	4 329
Deltakarar med berre rett ifølgje introduksjonslova**	81	48	27	21	18
Deltakarar med kollektivt vern og rett til norskopplæring	-	-	10 552	27 164	31 884
Totalt	26 253	22 384	30 413	48 115	54 912

* Førebelse tal per 17.01.2025. Endelege tal blir publiserte på imdi.no våren 2025.

** Deltakarar med rett etter introduksjonslova i alderen 55–67 år.

Kjelde: NIR

Nesten 55 000 personar deltok i norskopplæring i 2024. Det er rekordmange. Talet på deltakarar har vore aukande dei siste åra, og auken har altså halde fram i 2024. Størst har auken vore blant fordrevne frå Ukraina og blant deltakarar som berre har plikt, og ikkje rett, til norskopplæring. Særleg i perioden august–november har deltakinga i denne målgruppa vore uvanleg høg. IMDi har førebels ikkje funne forklaringa på auken. Vi ser at det har blitt fleire deltakarar frå mellom anna India, Pakistan, Iran og USA, men arbeidsinnvandringa frå desse landa har ikkje auka nemneverdig dei siste åra.

Det var 31 884 fordrevne frå Ukraina med rett til opplæring som deltok i norskopplæring i 2024. I tillegg deltok 4 795 fordrevne frå Ukraina i utvida norskopplæring. Den utvida opplæringa blei innført 1. juli 2023 som ei moglegheit for dei med kollektivt vern som har behov for det. Føresetnaden er at kommunen har kapasitet. 45 prosent av dei fordrevne frå Ukraina som retten til opplæring i norsk har gått ut for, har fått vedtak om utvida norskopplæring.

Oppstart i norskopplæring


Tabell 3.2.15 viser kor mange som har fått rett eller rett og plikt til norskopplæring dei siste fem åra. Vidare viser han kor stor del av dei som starta i opplæringa innan 3 og 6 månader etter at dei fekk retten. Dei som starta innan 3 månader, er med i tala for dei som starta innan 6 månader òg.


Tabell 3.2.15 Personar som har fått rett eller rett og plikt til opplæring i norsk, og som har starta i opplæringa innan 3 og 6 månader.

Kohort	Rettsgruppe	Personar som fekk retten	Prosentdel som starta i opplæring innan 3 månader	Prosentdel som starta i opplæring innan 6 månader
2020	Rett og plikt	4 942	48 %	70 %
2021	Rett og plikt	5 620	49 %	68 %
2022	Rett og plikt	5 858	50 %	71 %
	Rett (kollektivt vern)	16 583	70 %	85 %
2023	Rett og plikt	6 802	52 %	74 %
	Rett (kollektivt vern)	19 618	66 %	84 %
2024*	Rett og plikt	3 938	44 %	68 %
	Rett (kollektivt vern)	10 971	62 %	83 %

* Førebelse tal per 29.01.2025. Endelege tal blir publiserte på imdi.no våren 2025. Tala for 2024 gjeld perioden 01.01.–30.9.2024. Tala for 2020–2023 viser oppstart i norskopplæring blant dei som fekk rett eller rett og plikt i perioden 01.01.–31.12. For personar med rett og plikt er tida fram til oppstart rekna frå når personane kom inn i målgruppa for opplæring, til den første norsktimen deira blei registrert. For personar med berre rett er tida fram til oppstart rekna frå når dei fekk rett til norskopplæring, til startdatoen for opplæringa blei registrert.

Kjelde: NIR

Figur 3.2.16 Prosentdel personar med rett og plikt som starta i opplæringa innan 3 og 6 månader, 2020–2024.

Figur 3.2.17 Prosentdel personar med rett som starta i opplæringa innan 3 og 6 månader, 2022–2024.

Dei førebelse tala for 2024 viser at det var ein lågare del som kom i gang med norskopplæringa innan 3 eller 6 månader, i 2024 enn i 2023. Dette gjeld alle deltakarar. Blant dei fordrevne frå Ukraina var delen som starta opp innan 6 månader, rett nok berre marginalt lågare. Delen som starta opplæringa innan både 3 og 6 månader, var òg høgare blant dei fordrevne frå Ukraina enn blant andre deltakarar.

Deltaking i opplæring i samfunnskunnskap

Tabell 3.2.18 viser kor mange som fekk rett og plikt til modulbasert opplæring i samfunnskunnskap i 2022–2024. Han viser òg kor mange og kor stor prosentdel som deltok i slik opplæring i den same perioden.

Tabell 3.2.18 Personar som har fått rett og plikt til modulbasert opplæring i samfunnskunnskap, og som har delteke i slik opplæring.

	Personar som fekk rett og plikt	I opplæring i løpet av året*	Prosentdel i opplæring i løpet av året
2022	5 796	1 123	19 %
2023	6 878	1 716	25 %
2024**	5 488	1 398	25 %

* Minst ein time opplæring i løpet av året

** Førebelse tal per 29.01.2025

Dei førebelse tala for 2024 viser at det var litt færre som fekk rett og plikt til opplæring i samfunnskunnskap dette året, enn det var i 2023. Prosentdelen av desse som har komme i gang med opplæringa i løpet av året, er uendra. Fordrivne frå Ukraina har ikkje rett og plikt til opplæring i samfunnskunnskap, men kommunane kan tilby dei slik opplæring dersom dei har kapasitet.

Blant personar med rett og plikt til opplæring i samfunnskunnskap som hadde gjennomføringsfrist i 2024,⁴³ har om lag 7 av 10⁴⁴ delteke i opplæringa og/eller gjennomført prøve i samfunnskunnskap. Dette er ein auke frå 2023, då det same gjaldt om lag 6 av 10 personar. Auken skriv seg truleg frå regelverksendringa i andre halvdel av 2023⁴⁵ som inneber at fristen for å gjennomføre opplæringa no blir rekna frå når personane får tilbod om opplæringa. For personar som fekk innvilga opphaldsløyve eller kom til Noreg før 1. august 2023, blei gjennomføringsfristen rekna frå når dei kom inn i målgruppa for rett og plikt til opplæring i samfunnskunnskap.

Blant personane med gjennomføringsfrist i 2024 har 40 prosent⁴⁶ avlagt prøve i samfunnskunnskap. Av desse har 97 prosent⁴⁷ bestått prøva. At ikkje ein større del har avlagt prøva i samfunnskunnskap, kjem truleg av at ein stor del ikkje har sett i gang eller fullført opplæringa.

Tilskot til norskopplæringsordninga

IMDi forvaltar tilskot til norskopplæringsordninga. Ordninga skal gi eit fleksibelt tilbod til vaksne innvandrarar som har brukt opp retten eller ikkje har rett til gratis norskopplæring etter integreringslova. Gjennom ordninga tilbyr godkjende tilbydarar berre nokre få timar gratis norskopplæring, som skal bidra til at deltakarane oppnår nivå B1 eller høgare.

Eit av måla med ordninga er å bidra til innovasjon i metodar for norskopplæring der frivillige organisasjonar, offentlege og private aktørar samarbeider.

IMDi fordelte 47,4 mill. kroner over norskopplæringsordninga i 2024, noko som svarer til 68 opplæringstilbod til nær 4 900 deltakarar. Det var 46 unike tilbydarar som fekk tilskot, ein auke frå 33 tilbydarar i 2023. Blant tilskotsmottakarane finn vi både private tilbydarar, ideelle og frivillige organisasjonar og kommunale vaksenopplæringssenter. I 2024 har det òg komme til fleire opplæringstilbod der ulike aktørar samarbeider om å gjennomføre tilboda.

Tilbydarane rapporterer om gode resultat av opplæringa og gode erfaringar med gjennomføring av fleksible gratiskurs. I takt med at tilbydarane får meir erfaring, melder dei om stadig betre rutinar for å kartleggje språkkunnskapane til deltakarane ved oppstart og avslutning av undervisninga. Dette gjer at undervisninga blir betre tilpassa ved oppstart, og at både deltakarane og IMDi får ein betre dokumentert progresjon etter gjennomførte kurs. Stadig fleire dokumenterer god progresjon for deltakarane, og mange når målet om språknivå B1 eller høgare. Denne progresjonen er ein god indikator på kor nyttig ordninga er

⁴³ 5 115 personar.

⁴⁴ 3 395 personar.

⁴⁵ Endring i integreringslova § 33 om krav til opplæring i samfunnskunnskap for deltakarar som har fått innvilga opphaldsløyve eller har komme til Noreg etter 1. august 2023: «Opplæringen skal gjennomføres innan ett år fra den datoen deltageren har fått tilbud om oppstart av opplæringen, med tillegg av godkjent permisjon.»


⁴⁶ 2 057 personar.

⁴⁷ 1 994 personar.

for enkeltpersonar på veg til å kvalifisere seg for eller i arbeid. Stadig fleire tilbyr meir bransjeretta kurs og kurs som er skreddarsydde for delar av målgruppa. Som ein del av opplæringa blir mange òg kopla til andre tilbod og tiltak som er gunstige for den språklege progresjonen deira, som språktrening i regi av frivillige organisasjonar. Det er framleis mange ukrainarar som får opplæring gjennom ordninga, og nokre av desse går rett til gratis kurs etter å ha gjennomført rettsbasert opplæring. Gjennom å delta på gratis kurs i regi av ordninga har rundt 3 100 enkeltpersonar oppnådd språknivå B1 eller høgare.

Figur 3.2.19 gir oversikt over kor mange som starta på norskkurs i regi av tilskotsordninga i 2024, kor mange som fullførte kurset, og kor mange som oppnådde språknivå B1 eller høgare.

Figur 3.2.19 Talet på deltakarar og resultat på gratis norskkurs i regi av norskopplæringsordninga i 2024.



3.3 Innvandrarak har høg deltaking i samfunnslivet

Det er eit overordna mål for integreringspolitikken at innvandrarak skal delta i det norske samfunnslivet. IMDi skal bidra til at innvandrarak deltek på alle dei ulike arenaene i samfunnet og ikkje møter unødige barrierar. Negativ sosial kontroll og æresrelatert vald står i vegen for retten til å leve eit fritt liv. Rasisme og diskriminering er barrierar for deltaking på alle samfunnarenaer, og arbeidet på dette feltet er ein viktig del av innsatsen for å få til ei vellykka integrering.

Styrkje rolla til sivilsamfunnet på integreringsfeltet

2024 var det siste året for gjennomføringa av regjeringsstrategien *Hverdagsintegrering – strategi for å styrkje sivilsamfunnets rolle på integreringsfeltet (2021–2024)*. Måla for strategien har vore å få innvandrarakbefolkninga til å delta meir i sivilsamfunnet, å løfte og støtte innsatsen sivilsamfunnet gjer for integrering, og å utvikle betre samarbeid og rammevilkår. IMDi har hatt ansvar for å gjennomføre størstedelen av dei 25 tiltaka i strategien, og fleire av tiltaka er FoU-opppdrag. I det siste året for strategien har merksemda særleg vore retta mot aktiv bruk og formidling av kunnskapsgrunnlaget frå strategiperioden.

Viktig kunnskapsutvikling som resultat av IMDis oppdrag i strategiperioden 2021–2024

Rapporten [Frivillige organisasjonar og integrering. Sluttrapport fra utredning av kompetansesenter for frivillig innsats](#). (Ideas2Evidence & Agenda Kaupang, 2022) greier ut behovet for kompetansesenter og kompetansemiljø som støttar opp om aktørane i sivilsamfunnet på integreringsfeltet. Rapporten viser at frivillige organisasjonar treng meir støtte i form av rettleiing, kompetansebygging, erfaringsdeling og kunnskap for å kunne styrkje rolla si og supplere det kommunale integreringsarbeidet. Hovudtilrådinga er å utnytte og vidareutvikle samarbeidet mellom eksisterande aktørar på feltet. IMDi får råd om å styrkje rolla som nasjonalt kompetansesenter for frivillig innsats på integreringsfeltet og som koordinerande og samordnande aktør. Vi bruker funna frå rapporten aktivt i vidareutviklinga av rolla vår som pådrivar og tilskotsforvaltar på integreringsfeltet overfor kommunane, sivilsamfunnet og andre aktørar på integreringsfeltet.

Rapporten [Innvandrerperspektiv på sivilsamfunnsdeltakelse](#) (Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor, 2022) undersøker deltakinga i sivilsamfunnet blant innvandrarak. Måten ulike innvandrargrupper opplever barrierar og suksessfaktorar for deltaking på, viser at tidlegare erfaringar med sivilsamfunn har mykje å seie for korleis ulike innvandrargrupper forstår frivillig arbeid i Noreg og verdien av frivillig engasjement. Arbeid kan både fremje og hemme deltaking i frivillig sektor, og innstrammingar i regelverket for opphaldsløyve har hatt stor innverknad på sivilsamfunnsdeltakinga blant innvandrarak. Manglande språkkunnskap blir framheva som ein viktig barriere. IMDi har brukt funna frå forskinga i arbeidet med ein ny rettleiar til offentlege verksemdar om tilpassa og tilgjengeleg informasjon til personar med innvandrarakgrunn.

Rapporten [Rekruttering og inkludering i organisasjonslivet](#) (NORCE, 2024) blei lansert i januar 2024. Rapporten greier ut metodar for auka mangfald i rekruttering og inkludering i organisasjonslivet og kjem med råd om tiltak for å rekruttere og inkludere fleire barn, unge og vaksne med innvandrarakgrunn i organisasjonslivet. Råda er retta mot ulike offentlege forvaltningsnivå og ulike frivillige organisasjonstypar. Vi har formidla råda til frivillige og kommunalt og fylkeskommunalt tilsette på dei regionale konferansane våre, og vi bruker dei i pådrivararbeid overfor dei aktørane funna rettar seg mot.

Desse rapportane og forskinga som ligg til grunn for dei, har gitt verdifull kunnskap, mellom anna om barrierar for deltaking, om metodar for å rekruttere innvandrarak til frivillige organisasjonar og om verksemda og rollene til ulike aktørar på feltet. Dette er kunnskap som IMDi har formidla på ulike arenaer i løpet av perioden, og som framleis kan komme til nytte for utviklinga av feltet framover, også for vårt eige utviklingsarbeid.

Kvardagsintegreringsstrategien har bidrege til at det har blitt utvikla mykje kunnskap om sivilsamfunnet og rolla det har på integreringsfeltet. Strategien har òg bidrege til formidling og deling av kunnskap frå IMDi. Vi vil halde fram med å koordinere og følgje opp tiltak i strategien i 2025.

IMDis ungdomspanel og referansegruppa for kvardagsintegrering har som mål å leggje til rette for at ulike innvandrargrupper kan medverke i avgjerdsprosessar og delta som reelle aktørar i utviklinga av integreringspolitikken. Både panelet og referansegruppa er etablerte som tiltak i kvardagsintegreringsstrategien til regjeringa – panelet i 2022 og referansegruppa i 2023.

I 2024 har ungdomspanelet løfta fram synspunkta sine på ulike konferansar og bidrege til IMDi sin kampanje for ein open og inkluderande debattkultur på nettet og nettportalen Nora. Panelet har òg gitt innspel til regjeringa sin nye handlingsplan mot diskriminering av og hat mot muslimar, til handlingsplanen mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald og i høyringa om rapporten frå mannsutvalet. Vidare har dei gitt råd til integreringsmyndigheitene og kommunetilsette som jobbar med integrering. I møte med desse har panelet trekt fram medverknad frå barn, kompetanseheving i tenestene og meir mangfaldig rekruttering til ungdomsråda på kommunalt nivå som viktige føresetnader for

betre integrering og inkludering. Desse råda har dei òg samla i ein [kort film som ligg på nettsidene til IMDi](#).

Politidirektoratet og Bufdir har òg fått innspel om tema som førebygging av ungdomskriminalitet, medverknad for barn og korleis ein kan nå ut til barn og unge med informasjon om rasisme og diskriminering. IMDi får tilbakemeldingar frå ulike aktørar om at dei bruker innspela aktivt, og ungdommane opplever at dei gjer spennande og viktig påverknadsarbeid.

IMDi oppretta referansegruppa for kvardagsintegrering i 2023. Gruppa er breitt sett saman av representantar frå både landsdekkjande organisasjonar, nasjonale ressursmiljø og innvandrарorganisasjonar. Dei har gitt innspel til korleis tiltaka i kvardagsintegreringsstrategien og den nasjonale integreringskonferansen til regjeringa kan gjennomførast. I 2024 gav referansegruppa mellom anna innspel om tiltak for å synleggjere innvandrарorganisasjonane si rolle. Vidare gav dei innspel om tilskot frå IMDi til frivillige organisasjonar og om rammevilkår, utanforskap blant barn og unge, rasisme og integrering.

Organisasjonane gir uttrykk for at referansegruppa har vore ein nyttig og viktig arena der ulike nivå kan dele erfaringar og drøfte utfordringar og moglegheiter på integreringsfeltet. Referansegruppa har gitt konstruktive innspel som har vore nyttige i gjennomføringa av tiltak.

Regionale konferansar om integrering og sivilsamfunn

I samarbeid med fylkeskommunar, kommunar og lokale frivillige organisasjonar, inkludert innvandrарorganisasjonar, har IMDi gjennomført tre regionale konferansar årleg i perioden 2022–2024. Konferansane tek utgangspunkt i kvardagsintegreringsstrategien til regjeringa, og formålet er å leggje til rette for samarbeid mellom staten, fylkeskommunane, kommunane og sivilsamfunnet, slik aktørane på integreringsfeltet kan dele erfaringar og byggje nettverk.

I 2024 gjennomførte vi konferansane i Telemark, Innlandet og Vestlandet, og til saman deltok rundt 500 personar frå sivilsamfunn, kommunar og fylkeskommunar. Representantar for desse aktørane var òg med i referansegruppene IMDi samarbeidde aktivt med i planlegginga av konferansane. Gruppene gav nyttige innspel om regionale behov, tema og utforminga av konferansane. Nokre av temaa på konferansane i 2024 var: tilrettelegging for deltaking i frivillige organisasjonar, rasisme, diskriminering, ung utanforskap, arbeid som inkluderingsarena, verdien av innvandrарorganisasjonar og samarbeid mellom det frivillige, kommunen og næringslivet. Gjennom arbeidet med desse temaa har IMDi fokusert særskilt på å løfte fram gode døme frå arbeidet som blir gjort i sivilsamfunnet, og overførbare erfaringar med vellykka integreringsarbeid og samarbeid mellom ulike typar aktørar lokalt.

Intensjonsavtaler med landsdekkjande frivillige organisasjonar

IMDi har hatt intensjonsavtaler med ti frivillige organisasjonar i perioden 2021–2024. Målet med intensjonsavtalane er å bidra til integrering av flyktningar og innvandrarak i Noreg og å få fleire flyktningar og innvandrarak med i det frivillige organisasjonslivet lokalt og sentralt. Kontakten og samarbeidet mellom IMDi og organisasjonane har auka i 2024. I tillegg til bilaterale møte har vi hatt møte knytte til innsatsen for mottak og integrering av ukrainske flyktningar og møte knytte til samarbeidet om gjennomføringa av regionale konferansar. Vi har òg hatt møte i samband med gjennomføringa av forskings- og utviklingstiltak. Fleire av organisasjonane har i tillegg bidrege som mentorar i prøveordninga for små og nystarta organisasjonar.

Tilskotsordningar for frivillige organisasjonar

Frivillige organisasjonar kan få tilskot frå IMDi til ulike typar integreringsarbeid. Det er nokre ordningar der dei kan søkje om tilskot, og nokre ordningar der tilskot blir tildelte til organisasjonar over statsbudsjettet. Frivillige organisasjonar, lokale lag og foreiningar tilbyr til saman eit mangfald av ulike tiltak som bidreg til deltaking og integrering for innvandrarak. Dette utgjer eit viktig supplement til integreringsarbeidet i kommunane. Vår vurdering av måloppnåinga for tilskotsordningane er basert på dialog med og tilbakemeldingar frå tilskotsmottakarar gjennom 2024. Vi vil omtale fleire tiltak, med vurderingar av resultat- og måloppnåinga innanfor ordningane, i ein rapport om bruk av tilskotsmidlar på post 71 og post 73, som vi sender til departementet innan 1. juni 2025.

For å sikre at tilskotsordningane til IMDi fungerer etter formålet, har vi gitt Ideas2Evidence i oppdrag å evaluere ordningane som rettar seg mot sivilsamfunnet. Evalueringa, som blei ferdigstilt i 2024, gir oss verdifull kunnskap om kor godt innretninga og forvaltninga av tilskotsordningane fungerer, og i kva grad dei fremjar ulike integreringsmål i tråd med formålet. Resultata frå evalueringa har vi i 2024 brukt aktivt til å vidareutvikle tilskotsordninga *Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar og nasjonale ressursmiljø* – både utforminga av regelverket, forvaltninga av tilskot og oppfølginga av søkerar.

Tabell 3.3.1 Tilskotsordningar og enkelttilskot til frivillig verksemd (kap. 671, post 71 og post 73). Støttebeløp 2021–2024. Tal i mill. kroner.

Tilskotsordningar og enkelttilskot til frivillig verksemd	Innvilga 2021	Innvilga 2022	Innvilga 2023	Innvilga 2024
Post 71 – Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar	106,2	127,6	132,5	132,5
Post 71 – Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar, ekstraordinær tilleggsutlysing – fordrevne frå Ukraina		45,0		
Post 71 – Tilskot til informasjonstiltak for innvandrarbefolkninga i regi av frivillige organisasjonar i samband med koronapandemien	40,0	20,0		
Post 71 – Tilskot til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet	37,5	37,5	37,5	37,5
Post 71 – Tilskot til norskopplæringsordninga	30,0	80,0	52,8	47,4
Post 73 – Øyremerkte enkelttilskot til namngitte organisasjonar i statsbudsjettet	12,8	11,8	*	
Sum	227,1	321,9	222,8	217,4

* IMDis del på post 73 var på 13,6 mill. kroner. Midlane går ikkje til frivillig verksemd og er derfor ikkje tekne med her.

Nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet

Tilskotet på 37,5 mill. kroner blei tildelt som øyremerkte enkelttilskot i statsbudsjettet til 14 nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet.

[Evalueringa av enkeltstående tilskot til dei nasjonale ressursmiljøa](#) tyder på at tilskota bidreg til meir aktivitet i organisasjonane (Ideas2evidence og Proba 2024, s. 2). Sjølv for organisasjonar med fleire inntektskjelder blir tilskotet essensielt fordi det gjer det mogleg å prioritere aktivitetar som kunnskapsarbeid, påverknadsarbeid og representasjon av målgruppa overfor myndigheiter og annan befolkning. Det gir dei òg fleksibilitet til å justere aktivitetane når nye behov oppstår. Organisasjonane produserer ei rekkje resultat, hovudsakleg knytte til kunnskapsproduksjon i ulike former. Evalueringa peiker på at det likevel er store forskjellar i kor effektive organisasjonane er, og kor mykje dei produserer for dei tildelte midlane. Ho peiker òg på store forskjellar i kor tett kontakt organisasjonane har med innvandrarbefolkninga, i kva grad dei kan seiast å representere målgruppa, kor godt dei lykkast med å formidle erfaringane til målgruppa.

IMDi hadde dialogmøte med ressursmiljøa i 2024 der dei la fram arbeidet sitt på integreringsfeltet for 2024 og kva tendensar dei vurderte som dei viktigaste på feltet. Fleire nemner utanforskap og diskriminering som område der det trengst fleire tiltak, samtidig som det manglar dokumentert forskning på diskriminering. Representasjon på viktige samfunnsarenaer blei òg løfta fram som nødvendig for å skape tillit og tilhøyrse.


Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar

Gjennom tilskotsordninga *Integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar* kan frivillige organisasjonar, ideelle aksjeselskap og sosiale entreprenørar få støtte til prosjekt, enkelttiltak, aktivitetar og drift. Formålet med ordninga er å få fleire innvandrarar i Noreg til å delta i arbeids- og samfunnslivet. I tillegg er det eit mål at driftstilskot skal auke kompetansen og kapasiteten i frivillige innvandrarorganisasjonar som driv med integreringsarbeid, og at det skal bidra til at organisasjonane samarbeider meir med det offentlege og andre frivillige aktørar. IMDi forvaltar 30 prosent av løyvinga og gir støtte til tiltak og prosjekt av nasjonal karakter og driftsstøtte til innvandrarorganisasjonar. 40 kommunar forvaltar dei resterande 70 prosentane av løyvinga og gir støtte til prosjekt av lokal karakter og driftsstøtte til lokale innvandrarorganisasjonar.

Ordninga blei forskriftsfesta i 2024 på bakgrunn av eit behov for eit meir tilgjengeleg og presist regelverk med god samanheng mellom føresegnene og forvaltninga til IMDi og kommunane. IMDi erfarer at forskriftsfestinga førte til at forvaltningsprosessen med både utlysing, tildeling og klagebehandling blei forenkla. Forskriftsfestinga har òg gjort det mogleg for oss å lyse ut tilskotet frå og med 2025 tidlegare, slik at tilskotsmottakarane får lengre tid til å gjennomføre prosjekt. I 2024 fekk vi mange førespurnader frå frivillige organisasjonar og dei 40 kommunane som forvaltar tilskot, om korleis dei skal forstå forskrifta, og vi har arbeidd målretta med rettleiing. Vi fokuserte gjennom året på å informere om den nye forskrifta på ein god måte gjennom utlysinga og eit digitalt informasjonsmøte som var opent for alle potensielle søkjarar. Vi har òg hatt møte og løpande kontakt med dei 40 kommunane for å sikre ei sams forståing av korleis forskrifta skal forvaltast. Vi erfarer at måten kommunane forvaltar midlar på, bidreg til å styrkje det frivillige arbeidet lokalt. I tillegg bidreg det til tettare kontakt og meir erfaringsdeling mellom IMDi og kommunane, noko som aukar kompetansen hos begge.

Denne tilskotsordninga blei evaluert i 2023 og 2024. IMDi bruker funna og tilrådingane frå evalueringa i vidareutviklinga av ordninga og tilpassinga av forskrifta framover.

Figur 3.3.2 Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar. Støtte frå IMDi til prosjekt etter delmål for ordninga, 2022–2024. Tal i mill. kroner.



Delmål A: stimulere til fellesskap, tillit og tilhøyrse i lokalsamfunn, under dette arbeid mot rasisme og diskriminering og for mangfald i lokalsamfunn

Delmål B: auke kunnskapen om det norske samfunnet og styrke kvalifiseringa for arbeid eller utdanning

Delmål C: førebyggje negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting

IMDi har fordelt 38,2 mill. kroner til nasjonale prosjekt i 2024, medan 91,8 mill. kroner blei vidarefordelte til 40 kommunar for forvaltning lokalt. IMDi fordelte støtte til 87 prosjekt under dei tre delmåla i ordninga. I tillegg fekk regionale innvandrorganisasjonar 0,77 mill. kroner i støtte til driftsutgifter. Kommunane støtta til saman 949 lokale tiltak og aktivitetar.

Fordeling av støtte under delmåla

Under delmål A fekk 41 nasjonale prosjekt støtte av IMDi, medan 578 lokale prosjekt fekk støtte frå kommunane. Tilskotet bidreg til å skape møteplassar mellom innvandrarar og resten av befolkninga gjennom prosjekt som *Inkludering i korps* i regi av Korpsnett Norge og *En inkluderende fotballhverdag* i regi av Norges Fotballforbund. Prosjekta bidreg til auka deltaking og meir mangfald i korpsmiljøet og idretten i lokalsamfunnet. Fire prosjekt fekk støtte til arbeid mot rasisme og diskriminering. Eitt av dei gjaldt filmar om rasisme laga av Stiftelsen Kvinneuniversitetet Nord, med formål om å auke medvitet om diskriminering av etniske og religiøse minoritetar.

Under delmål B fekk 25 nasjonale prosjekt støtte frå IMDi, medan 252 lokale prosjekt fekk støtte frå kommunane. IMDi gav støtte til fleire nasjonale prosjekt som omfattar arbeidsretta tiltak. Tiltak som tilbyr norsktrening, inkludert teiknspråk i regi av frivillige norsktrenarar, fekk òg støtte. Treninga blir ofte kombinert med andre aktivitetar, og dei som har fått støtte, er i hovudsak større organisasjonar, som Røde Kors. Organisasjonen rapporterer om eit auka


behov for norsktreningstilbod på grunn av rekordhøge inntekstar dei siste åra. Norsktreningstilboda deira hadde over 33 000 besøk i 82 kommunar i 2024.

Under delmål C fekk 21 nasjonale prosjekt støtte frå IMDi, medan 119 lokale prosjekt fekk støtte frå kommunar til førebyggjande arbeid. Det blei òg gitt støtte til arbeid for likestilling og likeverd mellom kjønn. Som tidlegare år er det eit fåtal mindre organisasjonar, inkludert innvandrарorganisasjonar, som har søkt prosjektmidlar frå IMDi. Dette gjeld spesielt under delmål C, noko som kan forklarast med at små organisasjonar kan mangle erfaring, kompetanse eller ressursar til å gjennomføre metodeutviklingsprosjekt med overføringsverdi nasjonalt.

Tildeling av driftsstøtte

I tillegg til støtta til prosjekt og tiltak er det løyvd driftsstøtte til lokale og regionale innvandrарorganisasjonar. Driftsstøtta bidreg til auka inkludering og representasjon for innvandrарbefolkninga, og IMDi vurderer støtta som eit positivt tiltak for å styrkje innvandrарorganisasjonane og rolla deira på feltet. I 2024 fekk 185 lokale organisasjonar driftsstøtte frå kommunane, og 9 regionale organisasjonar fekk driftsstøtte frå IMDi. I tillegg fekk 9 innvandrарorganisasjonar støtte gjennom prøveordninga for små og nystarta organisasjonar på integreringsfeltet (2022–2024). 12 av dei 40 kommunane tildelte ikkje driftsstøtte til lokale innvandrарorganisasjonar i 2024, noko som er uendra frå 2023. Resultata frå tildelingane til kommunane viser at det er framleis eit potensial for å nå ut med støtte til fleire lokale innvandrарorganisasjonar, og IMDi vil fokusere på dette i den vidare oppfølginga av kommunane som forvaltar tilskot, i 2025.

Figur 3.3.3 Talet på lokale innvandrарorganisasjonar som har fått driftsstøtte frå kommunar i 2022–2024.



Den kommunale forvaltninga av integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar

I 2022 gjekk talet på kommunar som forvaltar tilskotet, frå 20 til 40. Dette har resultert i at fleire lokale integreringstiltak får støtte – frå 658 tiltak i 2021 til 949 i 2024.

Då tilskotsforvaltninga blei utvida til 20 nye kommunar, oppstod det samtidig eit stort behov for kompetanse hos dei nye kommunale forvaltarane, og IMDi har gjort ein stor innsats i oppfølgingsarbeidet overfor kommunane i 2023 og 2024. Vi har mellom anna arrangert digitale informasjonsmøte for å gjere kommunane betre rusta til å forvalte tilskotet og sikre at nye verktøy, rutinar og system for tilskotsforvaltning kjem på plass. Vi opplever at kommunane forvaltar tilskotet på ein meir profesjonell måte dei siste åra, og at både kommunane og vi har nytte av å ha tettare kontakt i arbeidet med å løyse det felles forvaltningsoppdraget vårt.

Evaluering av tilskotsordningane på integreringsfeltet retta mot frivillige organisasjonar 2023–2024

I 2024 blei ei evaluering av tilskotsordningane på integreringsfeltet retta mot frivillige organisasjonar ferdigstilt. [Evalueringa](#) presenterer viktige funn og tilrådingar for *Tilskot til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet* og *Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar*. Tilrådingane er retta mot både den statlege og den kommunale forvaltninga av tilskotsordningane. Dei dreier seg om rammefordelinga og tildelingsforma og inneheld òg forslag til justeringar i målformuleringar.

Prøveordning for små og nystarta organisasjonar

IMDi har i 2024 arbeidd vidare med prøveordninga for å styrkje små og nystarta organisasjonar på integreringsfeltet, som var eit av tiltaka i kvardagsintegreringsstrategien til regjeringa. Ni små og nystarta organisasjonar har delteke i ordninga frå 2022 til 2024. Målet har vore å teste ut nye former for støtte til innvandrarorganisasjonar. I tillegg til å få tilskot til integreringsaktivitetar har organisasjonane blitt kopla til kvar sin mentor, for å prøve ut rettleiing og kompetanseheving gjennom mentoring.

Prøveordninga har gitt høve til å prioritere organisasjonsutvikling over ein toårsperiode og har gjort det mogleg for fleire å oppskalere prosjekta sine, opprette ei deltidstilling eller leige lokale. Mentorane har lagt vekt på at ordninga har bidrege til læring for begge partar. IMDi har evaluert ordninga undervegs i prøveperioden, og sluttrapporten vil liggje føre våren 2025.


Arbeid mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald

Førebygging av negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, tvangsekteskap og kjønnslemlesting har vore eit prioritert område for IMDi i 2024. Gjennom målretta innsats har vi bidrege til å hjelpe utsette og styrkje kompetansen i hjelpeapparatet. Denne innsatsen har inkludert arbeidet til fagteamet vårt, mangfaldsrådgivarane og spesialutsendingane for integreringssaker, som har gitt råd og rettleiing til utsette og auka kompetansen i hjelpeapparatet. Innsatsen inkluderer òg deltaking i det nasjonale tverretatlege kompetanseteamet. I tillegg har tematikken vore integrert i arbeidet vårt med digitalisering, kunnskapsutvikling og politikkutforming for å sikre ei heilskapleg tilnærming. Resultatet av dette arbeidet er auka kjennskap til negativ sosial kontroll og æresrelatert vald og meir bruk av tenestene til IMDi.

I 2024 gav mangfaldsrådgivarar og spesialutsendingar for integreringssaker råd og rettleiing i totalt 1 341 saker som handla om negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. Talet på saker hos spesialutsendingane auka med 26,5 prosent, frå 245 i 2023 til 310 i 2024, medan mangfaldsrådgivarane hadde ein auke på 14,7 prosent, frå 899 til 1 031 saker.

Talet på saker er ikkje ein målestokk for omfanget av slike saker totalt sett, men det viser kor mange saker IMDi har hjelpt til i. Mørketala kan vere store. Auken frå 2023 til 2024 kjem truleg av ein kombinasjon av auka kompetanse i hjelpeapparatet, fleire mangfaldsrådgivarar og auka kjennskap til dei særskilde tenestene (IMDis fagteam for førebygging av negativ sosial kontroll og æresrelatert vald, spesialutsendingsordninga og Kompetanseteamet mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald). Auka eksponering i media og samfunnet generelt kan òg ha bidrege til at fleire saker blir avdekte, og at fleire tør å melde frå.

Figur 3.3.4 Talet på saker registrerte av mangfaldsrådgivarar og spesialutsendingar for integreringssaker.



IMDis arbeid med råd og rettleiing i enkeltsaker

Mangfaldsrådgivarane

Dei 65 mangfaldsrådgivarane til IMDi (tidlegare kalla minoritetsrådgivarar) er utplasserte på vidaregåande skular og på enkelte ungdomsskular og vaksenopplæringsssenter. Ordninga er ein sentral del av innsatsen myndigheitene gjer for å motverke og førebyggje negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. I 2024 har mangfaldsrådgivarar gitt råd og rettleiing i 1 031 saker der barn, unge og vaksne har vore i risiko for, eller allereie er blitt utsett for, negativ sosial kontroll og æresrelatert vald.

Flesteparten av sakene i 2024 omhandla ulike grader av negativ sosial kontroll, men det var òg saker om tvangsekteskap, om ufrivillige utanlandsopphald og om vald og truslar der ære truleg var ein underliggjande motivasjon. Som i tidlegare år var fleirtalet av dei som fekk hjelp frå mangfaldsrådgivarar, jenter. Sakene har først og fremst omfatta personar med opphav frå Syria, Somalia, Afghanistan, Pakistan, Irak og Russland. Sakene kan vere komplekse og involvere ulike instansar. Fleire mangfaldsrådgivarar rapporterer om aukande polarisering i ungdomsmiljøa, særleg knytt til haldningar rundt religiøsitet, skeiv identitet, likestilling, rasisme og diskriminering. Denne polariseringa kan resultere i negativ sosial kontroll mellom elevar, med konsekvensar for skulemiljøet og for familieforholda og det private livet til elevane.

Mangfaldsrådgivarane har fått utvida oppgåver gjennom tiltak i *Handlingsplan mot rasisme og diskriminering – ny innsats 2024–2027* (tiltak 20) og i *Regjeringens handlingsplan for kjønns- og seksualitetsmangfold (2023–2026)* (tiltak 32). Mandatet til ordninga blei endra i 2024, og mangfaldsrådgivarar skal no òg gi råd og rettleiing til elevar som er utsette for

rasisme og diskriminering, og til skeive, ved å bidra til å gjere relevante hjelpetilbod og tenester kjende.

IMDi erfarer at det å ha mangfaldsrådgivarar til stades ved fleire skular, bidreg til at det blir avdekt fleire saker knytte til negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. Vi vurderer det dermed som positivt at mangfaldsrådgivarordninga blir styrkt med fire nye stillingar i 2025. I tillegg fører vi vidare tilbodet om ordninga ved ungdomsskular og vaksenopplæringscenter for å sikre ein tidleg og førebyggjande innsats.

Pilotprosjekt med mangfaldsrådgivarar på ungdomskolar og vaksenopplæringscenter

Hausten 2021 starta eit treårig pilotprosjekt med mangfaldsrådgivarar på fem ungdomsskular i utsette byområde og to vaksenopplæringscenter. Våren 2024 vedtok IMDi at desse rådgivarstillingane skal vidareførast i ordinær drift. Arbeidet har blitt følgjeevaluert av NOVA, som har undersøkt korleis det å utvide mangfaldsrådgivarordninga kan bidra til at måla med ordninga blir nådde. NOVA støttar å halde fram med mangfaldsrådgivarar på ungdomsskular og vaksenopplæringscenter, men tilrår enkelte endringar dersom det skal skje innanfor dagens ordning. Dei meiner mellom anna at metodikken bør tilpassast institusjonane og målgruppa mangfaldsrådgivarane møter der. Vi jobbar vidare med å følgje opp tilrådingane frå NOVA.

Negativ sosial kontroll på skulen (2024)

På oppdrag frå IMDi har Proba samfunnsanalyse undersøkt korleis negativ sosial kontroll kan utspele seg mellom elevar, og korleis skulane arbeider for å førebyggje og handtere slik sosial kontroll. Formålet med oppdraget har i tillegg vore å identifisere kjenneteikn på godt arbeid ved skular som lykkast.

Rapporten frå undersøkinga viser at dei som er utsette for negativ sosial kontroll på skulen, ofte opplever det same på andre arenaer, men at skulen òg kan vere ein fristad for utsette. Proba finn at det er behov for å bevisstgjere og heve kompetansen om negativ sosial kontroll mellom elevar. Dei tilrår å styrkje mangfaldsrådgivarordninga og at skulane legg vekt på eit godt skule–heim-samarbeid, særleg i tilfelle der delar av elevmassen tilhøyrer minoritetsmiljø med låg tillit til offentlege institusjonar og avgrensa kunnskap om det offentlege velferdstilbodet.

Spesialutsendingar for integreringssaker

IMDi, i samarbeid med Utanriksdepartementet (UD), fungerer som fagmyndigheit for fire spesialutsendingar for integreringssaker. Desse utsendingane er stasjonerte ved ambassadane i Amman (Jordan), Ankara (Tyrkia), Islamabad (Pakistan) og Nairobi (Kenya).

Spesialutsendingane styrkjer den konsulære hjelpa til norske borgarar i utlandet som er utsette for negativ sosial kontroll og æresrelatert vald, inkludert tvangsekteskap. I 2024 handterte spesialutsendingane 310 saker, der dei bidrog med råd og rettleiing.

Som tidlegare år handla flesteparten av sakene om ufrivillig utanlandsopphald. Desse sakene har element av negativ sosial kontroll, truslar og vald og kan òg omfatte frykt for tvangsekteskap. Fleirtalet av dei som fekk hjelp, var jenter, og sakene involverte først og fremst personar med opphav frå Somalia, Syria, Afghanistan, Pakistan, Irak og Russland. Spesialutsendingane beskriv at bakgrunnen for at nokon blir haldne tilbake i utlandet, varierer, men at det ofte heng saman med faktorar som behov for å verne eller gjenopprette æra til familien/slekta, frykt for barneverntenesta i Noreg eller eit ønske om å forhindre rusmisbruk eller «fornorsking» av eigne barn. Andre faktorar er konflikhtar i ekteskap eller familieforhold og dessutan økonomiske årsaker, då det blir rekna som billigare å oppdra barn i opphavslandet til foreldra.

Dei konsulære sakene er ofte komplekse og ressurskrevjande, og somme strekkjer seg over fleire år. I tillegg til å gi direkte hjelp samarbeider spesialutsendingane med lokale myndigheiter og organisasjonar og gir regelmessige rapportar til IMDi og UD om utviklingstrekk innanfor ansvarsområda sine.

IMDi observerer at stadig fleire blir medvitne om problematikken knytt til ufrivillige opphald i utlandet. Dette ser vi både i offentlege instansar, i frivillige organisasjonar og i befolkningsgrupper med bakgrunn frå dei aktuelle landa. Det auka medvitet kan koplust til at det er meldt inn rekordmange saker om negativ sosial kontroll og æresrelatert vald, og til arbeidet spesialutsendingane gjer med å gi opplæring til hjelpeapparatet.

IMDis arbeid med å heve kompetansen om negativ sosial kontroll og æresrelatert vald

Fagteamet for førebygging av negativ sosial kontroll og æresrelatert vald

IMDis fagteam spelar ei sentral rolle i å auke medvitet og kunnskapen om negativ sosial kontroll og æresrelatert vald i relevante målgrupper, slik som skular utan mangfaldsrådgivarar, vaksenopplæringssenter, flyktningtenesta og andre delar av tenesteapparatet som møter utsette personar. Gjennom kompetansehevingstiltak arbeider fagteamet for å fremje og betre forståinga av fenomena negativ sosial kontroll og æresrelatert vald og for å formidle informasjon om korleis slike fenomen kan identifiserast. Dette gjer det lettare for tenesteapparatet å kjenne igjen, kartleggje, handtere og førebyggje desse problema. Fagteamet tilpassar kompetansehevingstiltaka etter kva dei ulike målgruppene har behov for, slik at innhaldet blir relevant og nyttig for fagpersonar på ulike område.

I 2024 gjennomførte fagteamet 76 kompetansehevingsoppdrag på nasjonalt nivå, i alle fylka i landet. Dei fleste oppdraga blei gjennomførte fysisk, men somme blei òg gjennomførte digitalt eller som hybride løysingar.

Kompetansehevingsoppdraga og den utoverretta verksemda til mangfaldsrådgivarane

Ein sentral del av mandatet til mangfaldsrådgivarane er å styrkje kompetansen om negativ sosial kontroll og æresrelatert vald hos aktuelle samarbeidspartnarar i hjelpeapparatet. I 2024 gjennomførte mangfaldsrådgivarane 237 kompetansehevingsoppdrag. Fleire av desse oppdraga gjennomførte dei i samarbeid med dei regionale ressursentera om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging (RVTS), kommunar, fylkeskommunar og Kompetanseteamet mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. I tillegg samarbeidde dei med IMDis fagteam og spesialutsendingane for integreringssaker om fleire kompetansehevingsoppdrag.

Kompetansehevinga og samarbeidet med andre aktørar har ført til auka etterspurnad frå tilsette i relevante tenester, noko som truleg har bidrege til at fleire utsette personar får nødvendig rettleiing og støtte. Dette har styrkt den samla innsatsen for å identifisere, handtere og førebyggje negativ sosial kontroll og æresrelatert vald, og har dermed bidrege til ei meir effektiv handtering.

Kompetansehevingsoppdraga og den utoverretta verksemda til spesialutsendingane for integreringssaker

I 2024 gjennomførte spesialutsendingane for integreringssaker 24 kompetansehevingsoppdrag for tenesteapparatet i Noreg. Nokre av oppdraga utførte dei i form av digitale innlegg, andre ved å vere fysisk til stades på seminar, konferansar og møtepunkt for nettverksbygging i løpet av dei tre vekelange opphalda dei hadde i Noreg. Spesialutsendingane deltok òg i mindre, meir fokuserte forum saman med utvalde tenester og ressurspersonar. Formålet var å fremje erfaringsutveksling og samarbeid om utfordringar knytte til negativ sosial kontroll og æresrelatert vald.

Spesialutsendingane gjennomførte kompetansehevingsoppdraga i tett samarbeid med IMDis fagteam, mangfaldsrådgivarane, Kompetanseteamet mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald og relevante lokale aktørar, inkludert frivillige organisasjonar. Oppdraga dreidde seg både om konkrete tilnærmingar for å handtere enkeltsaker og om å auke forståinga av transnasjonale problemstillingar i saker som involverer negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. Målet var mellom anna å bidra til ein meir proaktiv innsats i Noreg, slik at utsette personar kan få hjelp før dei hamnar ufrivillig i utlandet. Erfaringane til spesialutsendingane frå arbeid med enkeltsaker og den omfattande forståinga dei har av dei landsspesifikke forholda, har vore avgjerande for kvaliteten på kompetansehevinga. IMDi har erfart at den auka kontakten og erfaringsutvekslinga mellom spesialutsendingane og det

norske hjelpeapparatet har ført til at det kjem stadig fleire førespurnader frå fagpersonar i dei ordinære tenestene som søker råd og rettleiing i enkeltsaker.

Tilskotsmidlar til det kompetansehevande arbeidet i RVTS-ane

Dei regionale ressurscentera om vald, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging (RVTS) har som mål å styrkje kompetansen om negativ sosial kontroll og æresrelatert vald, tvangsekteskap og kjønnslemlesting. I 2024 tildelte IMDi 1,04 mill. kroner til RVTS-ane til kompetanseheving på dette området, spesielt gjennom dei regionale nettverka. Midlane har gått til ulike tiltak som nettverkssamlingar, seminar, konferansar og fagdagar i både fysisk og digitalt format. Målgruppene har inkludert eit breitt spekter av aktørar i det offentlege hjelpeapparatet, frivillige organisasjonar og trussamfunn, som alle spelar ei viktig rolle i det førebyggjande arbeidet.

I tillegg til dei faglege samlingane har det blitt utvikla filmar retta mot utsette ungdommar for å auke medvitet om risikoen for negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. Dei regionale nettverka, som er koordinerte av dei fem RVTS-ane, har samarbeidd med IMDi fagteam, mangfaldsrådgivarar og spesialutsendingar for integreringssaker. Dette samarbeidet har mellom anna ført til felles arrangement og bidrag til kompetanseheving, og det har styrkt samhandlinga mellom aktørane som er involverte i førebygging og handtering av slike saker.

Felles strategiar for dei særskilde tenestene

IMDi og Bufdir har i 2024 arbeidd med å utvikle strategiar som skal gjere dei særskilde tenestene meir synlege og styrkje kompetansen om negativ sosial kontroll og æresrelatert vald i dei ordinære tenestene.⁴⁸ Saman har vi innhenta innspel frå eit breitt spekter av aktørar, inkludert offentlege hjelpetenester, kommunal og fylkeskommunal sektor, frivillige organisasjonar og dei særskilde tenestene. Arbeidet skal ferdigstillast innan 01.05.2025.

Nasjonal konferanse om negativ sosial kontroll og æresrelatert vald

I april 2024 arrangerte IMDi ein todagars nasjonal konferanse med om lag 400 deltakarar frå førstelinjetenester, sektormyndigheiter, leiing og andre sentrale aktørar på feltet. Konferansen hadde som mål å auke medvitet om tematikken og kunnskapen om korleis utfordringar knytte til negativ sosial kontroll og æresrelatert vald påverkar livet og kvardagen til dei utsette. I tillegg til å formidle kunnskap om førebyggjande tiltak sette vi søkjelyset på rolla til gutar og menn, oppseding, foreldrestøtte, utanforskap, nordiske perspektiv på fagfeltet og styrking av hjelpeapparatet. Tilbakemeldingar frå deltakarar viser at dei opplevde konferansen som fagleg solid, nyttig og inspirerende.

⁴⁸ Oppdrag 2024-11 *Utarbeide en strategi som er felles for Bufdir og IMDi for å heve kompetansen om negativ sosial kontroll og æresrelatert vold i de ordinære tjenestene*

Oppfølging av handlingsplanen mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald

I 2021 lanserte regjeringa handlingsplanen *Frihet fra negativ sosial kontroll og æresrelatert vold (2021–2024)*. IMDi har hatt ei sentral rolle i gjennomføringa av handlingsplanen, mellom anna ved å koordinere ulike tiltak og samarbeid mellom relevante aktørar som jobbar med førebyggjande arbeid. Vi har mellom anna hatt ansvaret for å koordinere fleire nettverk som bidreg til implementeringa av planen. Arbeidet vårt med dette bidreg til ein heilskapleg og målretta innsats mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. Ved å samle kompetanse og erfaring frå ulike sektorar styrkjer vi kunnskapsgrunnlaget, samordnar innsatsen og legg til rette for effektive tiltak som kan bidra til betre vern og betre støtte for utsette grupper.

Blant desse nettverka er *nasjonalt nettverk for kunnskapsutvikling og kompetanseheving*, som omfattar direktorat med ansvar for tiltak i handlingsplanen, RVTS-ane og dessutan Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS). Nettverket inkluderer òg IMDi fagteam for førebygging av negativ sosial kontroll og æresrelatert vald, i tillegg til Kompetanseteamet mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald.

Eit av formåla til nettverket er å leggje til rette for informasjonsutveksling og samordning av innsatsen mellom nasjonale og regionale aktørar, inkludert RVTS-ane og NKVTS. Møta i nettverket har mellom anna dreidd seg om utviklinga av ein felles strategi for dei særskilde tenestene på feltet. På møta har det òg vore dialog med referansegruppa for handlingsplanen *Frihet fra negativ sosial kontroll og æresrelatert vold*.

Referansegruppa for handlingsplanen består av frivillige organisasjonar og ressurspersonar, og den primære funksjonen til gruppa er å gi myndigheitene tilbakemeldingar om utviklingstrekk i aktuelle miljø. Gruppa spelar òg ei viktig rolle i å auke medvitet om arbeidet mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald i desse miljøa. Det var to møte i referansegruppa i 2024. I møta har gruppa bidrege i arbeidet med å utvikle tiltak for dei særskilde tenestene og med innspel til ein ny handlingsplan. Referansegruppa har i tillegg bidrege til å auke forståinga av problematikken og utvikle felles mål på feltet.

Nordisk praktikarnettverk samlar aktørar frå hjelpeapparatet, direktorat og frivillige organisasjonar i Norden for erfaringsutveksling og kunnskapsdeling. I 2024 blei det halde to digitale samlingar med vekt på nordiske trendar og metodar for å måle resultat av førebyggjande arbeid.

IMDis digitale innsats mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald

Sosiale medium er ei viktig plattform for IMDi arbeid mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. I 2024 har vi ført vidare det strategiske nærværet vårt på digitale kanalar,

inkludert Instagram og Snapchat, der mangfaldsrådgivarar formidlar informasjon retta mot ungdom. Gjennom nettportalen Nora og samarbeid med ung.no forsterkar vi arbeidet med å nå målgruppa på relevante digitale plattformer.

Mangfaldsrådgivarar i sosiale medium

IMDis deltaking på nettstaden ung.no er ein viktig del av den utoverretta innsatsen til mangfaldsrådgivarane. Ung.no er informasjonskanalen det offentlege bruker for å nå ut til ungdom. Det er Bufdir som driv nettstaden. I 2024 svarte mangfaldsrådgivarane våre på 140 spørsmål om negativ sosial kontroll og æresrelatert vald på ung.no. 78 prosent av spørsmåla kom frå jenter, 18 prosent frå gutar og 3 prosent frå ungdom med ein annan kjønnsidentitet. På ung.no kan både spørsmålsstillarane og andre lesarar gi si vurdering av svara på spørsmåla. IMDi fekk gode tilbakemeldingar i 2024, med positive vurderingar frå 76 prosent av spørsmålsstillarane og 51 prosent av dei andre lesarane. Vi har tidlegare skrive artiklar om kontroll og vald på ung.no, og det går lenkjer fram og tilbake mellom ung.no og nettportalen Nora.

IMDi deltek òg i det tverretatlege DigiUng-samarbeidet til Bufdir, og vi gir faglege innspel om ungdomstema som fell inn under ansvarsområda våre. Innspela er baserte på bidrag frå relevante fagavdelingar i IMDi og frå ungdomspanelet.

Nettportalen Nora

Nettportalen Nora er utvikla for å gi unge informasjon om negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. Primærmålgruppa for nettportalen for er ungdom og utsette personar, medan den sekundære målgruppa inkluderer skular og hjelpeapparat. Formålet er byggje tillit hos målgruppa og senke terskelen for å oppsøkje hjelp. For å nå dette målet har IMDi lagt vekt på å kommunisere på ein relaterbar og ikkje-generaliserande måte.

Både mangfaldsrådgivarane og fagteamet nyttar innhaldet på Nora aktivt i kompetansehevande arbeid, og hjelpeapparatet blir oppmoda om å bruke portalen som ein ressurs. Vidare bidreg mangfaldsrådgivarane, ungdomspanelet og fagteamet med faglege innspel for kontinuerleg forbetring av det redaksjonelle innhaldet. For å sikre relevans i dette arbeidet involverer IMDi ungdom i utviklinga av kampanjar og innhald til portalen. I 2024 spelte ungdomspanelet ei særleg viktig rolle i dette arbeidet, noko som har bidrege til at innhaldet balanserer alvoret i temaa med ei tilnærming som oppmuntrar ungdom til å oppsøkje hjelp.

I 2024 lanserte IMDi for første gong ein skrive- og fotokonkurranse for ungdom i alderen 15–25 år på Nora. Konkurransen, initiert av ungdomspanelet, var retta mot ungdom utan ferietilbod, og dei blei oppmoda om å sende inn bidrag som utforska krysskulturell identitet og erfaringar med negativ sosial kontroll. Det var mogleg å delta anonymt, og konkurransen blei marknadsført via Nora, av mangfaldsrådgivarar på skular og gjennom sosiale medium. I

alt kom det inn 43 tekstar og fotobidrag i konkurransen. Seks vinnarbidrag blei publiserte på Nora.

Digitale kampanjar på sosiale medium er ein viktig del av IMDis arbeid for å sikre at ungdom får dei råda og den rettleiinga og oppfølginga dei treng og har rett til. Nora fungerer som ei fast landingsside for kampanjane våre om negativ sosial kontroll og æresrelatert vald retta mot ungdom. I 2024 gjennomførte vi kampanjar på plattformer som TikTok og Snapchat. Hovudtemaa for sommarkampanjen i mai og juni var ufrivillig utanlandsopphald, retten til å velje partner sjølv og LHBT+ (4 millionar visningar), medan temaet for julekampanjen var tilgjengelege hjelpetenester i høgtida (5,2 millionar visningar).

Tverretatlege strategiar og samarbeid

IMDi har sidan 2007 vore engasjert i utvikling av tenester og nærmiljøaktivitetar i område som står overfor særlege levekårsutfordringar i Oslo og Drammen. I 2024 forvalta vi 38,9 mill. kroner til områdesatsinga i Oslo og 1,1 mill. kroner til områdesatsinga i Drammen. Satsinga i Oslo er organisert i tre hovudområde: utvikling av nærmiljø, sysselsetjing, og oppvekst og utdanning. Satsinga i Drammen rettar seg mot fysisk og sosial attraktivitet og berekraft i bydel Strømsø. I Oslo har vi delteke i programstyret / det strategiske styret i kvart av delprogramma. Vi har òg vore representerte i panel på den nasjonale områdesatsingskonferansen, og vi har delteke i andre relevante forum. Hovudfokuset i 2024 har vore å samle erfaringar frå prosjekta som kan ha nasjonal overføringsverdi.

Etatssamarbeidet om utsette barn og unge

IMDi deltek i etatssamarbeidet om utsette barn og unge, som involverer 13 statlege etatar. I 2024 har vi vidareført arbeidet med å gi innspel og dele kunnskap for å sikre mangfalds- og integreringsperspektivet. Dette gjeld både i det generelle arbeidet i etatssamarbeidet og i oppdraga som etatssamarbeidet jobbar med, inkludert arbeidet med dei prioriterte temasakene ungdomskriminalitet og psykisk helse.

Målet for etatssamarbeidet er å gi alle barn og unge og familiane deira nødvendig og tilpassa hjelp og oppfølging. For å få til dette jobbar ein med å styrkje den tverrsektorielle innsatsen og finne nye måtar å skape gode lag rundt barn og unge på. Etatssamarbeidet skal òg støtte opp under samordningsarbeidet til departementa som skjer gjennom kjernegruppa for utsette barn og unge (KUBU).

Handlingsplanen mot rasisme og diskriminering (2024–2027)

IMDi har i 2024 følgt opp fleire tiltak i handlingsplanen mot rasisme og diskriminering. Mangfaldsrådgivarane våre har med tiltak 20 i handlingsplanen fått i oppdrag å gi råd og rettleiing til unge som er utsette for rasisme og diskriminering, og gjere relevante hjelpetilbod og tenester kjende. Mangfaldsrådgivarane løyser oppdraget mellom anna ved å

vere tilgjengelege for samtalar med enkeltelevar og ved å bidra til undervisningsopplegg om temaa ved skulane dei er utplasserte på.

På oppdrag frå IMDi har Proba gjennomført eit FoU-prosjekt for å utvikle ein metode som kartlegg opplevd diskriminering blant innvandrarbefolkninga, på kommunalt nivå. Proba har inngått samarbeid med nokre kommunar som har ein stor del innbyggjarar med innvandrarbakgrunn. I desse kommunane blir kartleggingsmetoden testa, og lokale tiltak blir utvikla basert på funna. Som ei oppfølging av tiltaka i handlingsplanen har IMDi inkludert temaa rasisme og diskriminering på dei regionale integreringskonferansane i 2024

IMDis ungdomspanel har gitt innspel til korleis vi kan styrkje arbeidet mot rasisme og diskriminering på ung.no. Ungdomspanelet understrekar behovet for at barn og unge får kunnskap om rasisme frå tidleg alder, inkludert generell fenomenforståing og kunnskap om varslingsmoglegheiter og kva hjelpetenester som finst for vitne til eller offer for rasisme. Vidare framhevar dei kor viktig det er å bruke fleire informasjonskanalar, inkludert skulen, internett og kampanjar. Blant tiltaka panelet har foreslått, er skulebesøk frå ung.no og produksjon av korte videoar og infografikk som enkelt kan delast på sosiale medium.

IMDi har vidare følgd opp fleire av tiltaka i handlingsplanen som rettar seg mot arbeidslivet, mellom anna ved å utvikle indikatorar for etnisk mangfald i arbeidslivet (nærmare omtalt i kapittel 3.2). Vi har òg starta arbeidet med ein kampanje om diskriminering i arbeidslivet som vi skal lansere i 2025.

Handlingsplanen mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme

Handlingsplanen mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme har som mål å sikre at myndigheitene, gjennom kunnskapsutvikling, tidleg førebygging og tverrsektorielt samarbeid, identifiserer personar i risikosona og møter dei med effektive tiltak. Handlingsplanen vektlegg mellom anna styrking av kunnskap og kompetanse, betre samarbeid og koordinering, førebygging av rekruttering til ekstreme miljø, støtte til reintegrering og dessutan tiltak for å motverke radikaliserings på digitale arenaer og gjennom internasjonalt samarbeid.

IMDi deltek i ei direktoratsgruppe som følgjer utviklinga innanfor radikaliserings og valdeleg ekstremisme (tiltak 11 i handlingsplanen). Gruppa identifiserer behov for justeringar eller nye tiltak og gir faglege råd til ei departementsgruppe. Vi har bidrege gjennom å delta i møte, komme med innspel i faglege diskusjonar og informere om relevante forskingsfunn og utgreiingar.

Som ein del av innsatsen mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme tok IMDi i 2024 òg initiativ til eit forskingsprosjekt som samanliknar tidlegare forskning og annan relevant kunnskap om levekårsutsette område og sosial utanforskap i Noreg, Sverige og Danmark. Formålet med prosjektet er å utarbeide ei kunnskapsoppsumming om parallellsamfunn. Oppsummeringa skal etter planen ferdigstillast i 2025.

Opptrappingsplanen mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar (2024–2028)

I opptrappingsplanen som omhandlar vald og overgrep i nære relasjonar (2024–2028), er eit av tiltaka å etablere ein struktur på direktoratsnivå for betre tverrsektorielt samarbeid og samordning av innsatsen mot vald og overgrep. IMDi deltek i dette samarbeidet, som blir leidd av Bufdir og koordinert av Sekretariatet for konfliktråda (Sfk).

Handlingsplanen for kjønns- og seksualitetsmangfald (2023–2026)

IMDi følgjer opp handlingsplanen for kjønns- og seksualitetsmangfald gjennom å delta i direktoratgruppa, ei tverrsektoriell gruppe som arbeider for ei heilskapleg gjennomføring av relevante tiltak. Direktoratgruppa møtest jamleg for å koordinere og sikre kontinuerleg framdrift.

IMDi har i 2024 følgt opp ei rekkje tiltak i handlingsplanen, mellom anna tiltak 33, som handlar om å utvikle ein kompetansepakke om LHBT+. Denne kompetansepakken, som kan brukast i norskopplæring, introduksjonsprogram og vaksenopplæring, har vi utvikla i samarbeid med Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) og frivillige organisasjonar. Målgruppa for tiltak 33 er lærarar og rettleiarar i norskopplæringa og introduksjonsprogrammet og skuleeigarar og leiarar i vaksenopplæringa. Kompetansepakken skal gi målgruppa nødvendig kunnskap og praktiske verktøy for å kunne førebu og gjennomføre undervisning om kjønns- og seksualitetsmangfald ved vaksenopplæringssentera. For å sikre kvalitet og relevans har vi etablert ei referansegruppe med deltakarar frå frivillige organisasjonar som bidreg aktivt til utviklinga av kompetansepakken.

Andre tiltak (t.d. tiltak 32) følgjer vi mellom anna opp gjennom innsatsen mangfaldsrådgivarane gjer på ungdomsskular, vidaregåande skular og vaksenopplæringa. Mangfaldsrådgivarane har i 2024 informert om hjelpetilbod knytte til kjønns- og seksualitetsmangfald, gitt rettleiing, arrangert grupper, delteke i markeringar og gitt undervisning for å førebyggje negativ sosial kontroll og æresrelatert vald.

Mandatet til mangfaldsrådgivarane blei revidert i første kvartal av 2024. Då blei informasjonsmateriell, inkludert plakatar og brosjyrar, oppdatert. I tillegg er det utvikla ei oversikt over relevante hjelpetilbod og -tenester både nasjonalt og regionalt, og det er utarbeidd eit undervisningsopplegg retta mot elevar, tilsette i skulen og andre samarbeidspartnarar.

3.4 Tolking i offentlig sektor

IMDi er fagmyndigheit for tolking i offentlig sektor og skal gi rettleiing og drive målretta kunnskapsutvikling og -formidling på tolkefeltet. IMDi eig og driftar Nasjonalt tolkeregister.

Kjerneoppgåva vår som nasjonal fagmyndigheit for tolking er å arbeide for at offentlig sektor har tilgang til mange nok kvalifiserte tolkar, slik at dei er i stand til å oppfylle krava tolkelova stiller til bruk av kvalifisert tolk.

Etterlevinga av tolkelova blant offentlege organ

Bruk av kvalifiserte tolkar i offentlig sektor

Tolkelova § 6 slår fast at offentlege organ skal bruke tolk når det må til for å sikre rettstryggleik og yte forsvarleg hjelp og teneste, medan § 7 stiller krav om at tolken skal vere kvalifisert. Ein kvalifisert tolk er ein tolk som oppfyller kriteria for å stå i Nasjonalt tolkeregister.

Rapporten Tolkemonitor⁴⁹ blir utarbeidd av Oslo Economics og Agenda Kaupang på oppdrag frå IMDi, og presenterer bruken av tolk blant offentlege organ. Rapporten er todelt og presenterer både bruken av tolk på ulike språk (Tolkemonitor SPRÅK) og kor godt offentlege verksemdar lykkast med å følgje føresegnene i tolkelova om bruk av tolk og retningslinjer for dette (Tolkemonitor LOV). Tolkemonitor – som per 31.12.2024 har tilgjengelege tal for 2023⁵⁰ og første halvår av 2024⁵¹ – er eit viktig kunnskapsgrunnlag for arbeidet vi gjer med å rettleie offentlege verksemdar og prioritere språk til kvalifiserings- og utdanningstilbod i tolking. Kunnskapen er òg viktig for offentlege verksemdar som skal planleggje organisatoriske løysingar og rekruttering for å sikre at dei får dekt behovet sitt for kvalifiserte tolkar, og for andre sektormyndigheiter som hjelper underliggjande etatar og verksemdar med dette.

Basert på innrapporterte data blei det til saman utført rett over 1 717 000 tolkeoppdrag på talespråk i 2023. Dette er ein auke på om lag 40 prosent frå 2022. IMDi meiner at innføringa av tolkelova har hatt ein effekt på bruken av tolk blant offentlege organ. Forklaringa på den store auken i talet på tolkeoppdrag kan òg vere ein reell auke i tolkebehovet som følgje av

⁴⁹ [Tolkemonitor LOV 2023](#)

⁵⁰ [Tolkemonitor SPRÅK 2023](#)

⁵¹ [Tolkemonitor SPRÅK første halvår 2024](#)


at det har komme fleire flyktningar til Noreg, og at tidlegare år kan ha vore prega av pandemiestriksjonar. Det kan òg tenkjast at noko av datagrunnlaget for 2023 er betre enn datagrunnlaget for tidlegare år, og at det derfor har vore ei viss underestimering tidlegare.

I første halvår av 2024 anslår vi at det totalt blei gjennomført rett under 1 045 000 tolkeoppdrag. Oppdragsmengda for tolking på talespråk har auka med om lag 22 prosent frå første halvår 2023, medan oppdragsmengda for teiknspråk- og skrivetolking har gått ned med om lag 5 prosent. Dei 20 talespråka det blir gjennomført flest oppdrag på, står for ein stor del av den totale oppdragsmengda (omtrent 92 prosent).

Enkelte offentlege tolkeformidlarar og offentlege verksemdar ønskte ikkje å dele tala sine om tolkeoppdrag eller rapportere opplysningar til Tolkemonitor i 2024. Ei mogleg forklaring kan vere at dei ikkje har klart å etterleve tolkelova og meiner at det kan utgjere eit omdømmeproblem for dei. IMDi meiner at manglande rapportering av offentlege data er svært problematisk. Vi er i dialog med dei aktuelle aktørane om deling av offentlege data og ventar at rapporteringa vil vere betre i 2025.


Telefontolking var framleis den mest utbreidde tolkemethoden i første halvår 2024, slik det òg var i 2023 og 2022. Telefontolking stod for rundt 76 prosent av alle rapporterte oppdrag første halvår 2024. Bruk av skjermtolking aukar ikkje, trass i tidlegare hypotesar om at det ville auke, og trass i at både IMDi og andre offentlege myndigheiter har retta stor merksemd mot skjermtolking over fleire år. Telefontolking ser ut til å vere det føretrekte valet fordi det er ein enkel og billig måte for brukarane å få dekt behovet for tolk på, spesielt i korte tolka samtalar.

Figur 3.4.1 Oversikt over korleis tolkeoppdrag blei gjennomførte i første halvår 2024.



15 prosent av oppdraga i 2023 blei utførte av tolkar på dei tre høgaste kvalifikasjonsnivåa (tolkar med statsautorisasjonsløyve og/eller bachelor i tolking, det vil seie nivå A–C). 26 prosent blei utførte av tolkar med tolkeutdanning (nivå D) og 17 prosent av tolkar med tospråkleg kvalifikasjon og innføringskurs i ansvarsområdet til tolken (nivå E). Dei resterande 41 prosentane av oppdraga blei dekte av tolkar utan tolkefaglege kvalifikasjonar.


Figur 3.4.2 Overordna fordeling av oppdrag etter kvalifikasjonsnivået til tolken.




Statistikken viser at talet på tolkeoppdrag i offentlig sektor har halde fram med å auke etter at tolkelova kom, og at offentlege organ i større grad oppfyller kravet om å bruke tolk. Talet på oppdrag som blir utførte med kvalifisert tolk, aukar òg, men ikkje like mykje. Delen oppdrag som blir utførte med kvalifisert tolk, fell dermed noko, frå 61 prosent i 2022 til 59 prosent i 2023.

99,5 prosent av dei innrapporterte oppdraga i første halvår 2024 blei gjennomførte på språk der det finst kvalifiserte tolkar i Nasjonalt tolkeregister.

Arabisk var det mest etterspurde tolkespråket i Noreg fram til og med 2023. 21 prosent av alle tolkeoppdrag som blei gjennomførte i 2023, var mellom arabisk og norsk. I første halvår 2024 blei ukrainsk det mest etterspurde språket. 19 prosent av alle tolkeoppdraga som blei gjennomførte i første halvår av 2024, var mellom ukrainsk og norsk. Etter ukrainsk følgjer arabisk, russisk, polsk, tigrinja, somali og norsk teiknspråk som dei mest brukte tolkespråka i første halvår 2024.

Figur 3.4.3 Dei mest etterspurde språka for tolking i offentlig sektor første halvår 2024.

I kommunane blir den største delen av oppdraga gjennomførte innanfor helse og omsorg og sosialtenester. For det offentlege totalt er det justissektoren som utgjer den største sektoren, etterfølgd av statleg helse og kommunal helse og omsorg.

Figur 3.4.4 Sektorfordeling for kommunale og andre offentlige tolkeoppdrag.

Retningslinjer for bruk av tolk

Tolkelova § 9 pålegg offentlege organ som jamleg bruker tolk, å ha retningslinjer for bestilling og bruk av tolk. Undersøkingane våre viser ingen signifikante forbetringar i etterlevinga av tolkelova § 9 om retningslinjer og bestilling av tolk, sjølv om fleire offentlege organ allereie i 2022 oppgav at dei jobba med å forbetre retningslinjene sine.

Tolkemonitor LOV for 2023 viser at berre 13 prosent av dei offentlege verksemdene har retningslinjer som oppfyller lovkrava til kva slike retningslinjer skal innehalde. Talet for 2022 var tilsvarande. 51 prosent har retningslinjer som tilfredsstillar krava delvis, medan 36 prosent ikkje har retningslinjer for bestilling og bruk av tolk i det heile. I IMDi kommuneundersøking for 2023, derimot, oppgir heile 65 prosent av kommunane at dei har felles retningslinjer,⁵² mot berre 26 prosent to år tidlegare.

Når det gjeld om offentlege organ har retningslinjer for bruk av tolk, er funna altså sprikjande, men storparten av retningslinjene oppfyller uansett ikkje lov- og forskriftskrava. IMDi meiner derfor at det framleis er behov for rettleiing av offentlege organ som bruker mykje tolk, slik at dei får utarbeidd gode retningslinjer.

Tilsyn med bruken av tolk i offentlege organ

Formålet med Tolkemonitor LOV er å måle kor godt offentlege organ etterlever tolkelova. Indikatoren for å måle etterleving av § 4 (forbod mot å bruke barn som tolk) og § 6 (krav til å bruke tolk) er funn frå tilsyn med tolkelova og andre tilsyn der føresegnene i tolkelova er vurderingstema. Tolkelova har vore tema for få tilsyn. Sjølv om det ikkje er gjennomført

⁵² [IMDis kommuneundersøkelse2023](#)

eigne tilsyn etter tolkelova, har ein teke omsyn til føresegnene i tolkelova i andre tilsynssaker. Det gjeld tilsynssaker der kommunikasjon har vore ein del av vurderingstemaet, innanfor saksområde som helse, barnevern, sosiale tenester og opplæring. Det har ikkje vore mogleg å slå fast nøyaktig kor mange tilsyn som er gjennomførte, men tolkelova har blitt lagt til grunn for delar av arbeidet til tilsynsmyndigheitene. Sjølv med eit lite grunnlag er det funne avvik knytte til føresegnene i tolkelova som indikerer at det ikkje blir brukt nok tolk, og at barn blir brukte som tolk.

Det at dei statlege tilsynsmyndigheitene, særleg statsforvaltarane, har begynt å bruke tolkelova som grunnlag for delar av arbeidet sitt, tyder på at dei kjenner tolkelova og høvet til å føre tilsyn med at offentlege organ oppfyller pliktene sine etter føresegnene i den. Slik vi vurderer det, bør det framleis rettast merksemd mot problemstillingar både rundt bruk av barn som tolk og rundt tilstrekkeleg bruk av tolk, både i offentlege organ og hos myndigheitene som fører tilsyn med dei.

Rettleiing og pådrivararbeid

IMDi skal leggje til rette for etterleving av tolkelova gjennom utoverretta, målretta og aktiv rettleiing og oppfølging av store tolkebrukarar og -formidlarar, inkludert private formidlingsbyrå. Gjennom å utvikle og formidle rettleiings- og informasjonsmateriell skal vi bidra til betre etterleving av tolkelova og til å redusere negative konsekvensar ved bruk av ukvalifiserte tolkar og barn til tolking. Rettleiinga vår rettar seg til dømes spesifikt mot utvalde offentlege sektorar som ikkje etterlever ein eller fleire av paragrafane i tolkelova godt nok, og dessutan mot offentlege tolketenester og private tolkebyrå.⁵³

IMDi arrangerte Nasjonal tolkekonferanse i april 2024. Hovudmålgruppa er tolkebrukarar og tilsynsmyndigheiter i offentlig sektor, i tillegg til tolkar, utdanningsinstitusjonar og tolkeformidlarar. Konferansen fungerer som ein møteplass der dei kan diskutere viktige tema innanfor tolking i offentlig sektor, og bidreg til profesjonalisering og deling av god praksis. Tilbakemeldingane er svært positive og viser at konferansen støttar opp om implementeringa av tolkelova ved å informere offentlege organ om tilgangen til kvalifiserte tolkar.

I tillegg har IMDi for andre år på rad organisert seminar for deltakarar frå 26 tolketenester og tolkeformidlarar der temaet har vore tolkelova og utfordringar med å etterleve den. Alle dei største offentlege og private tolkeformidlarane var representerte, med eit felles mål om å utveksle kunnskap.

Gjennom 2024 har det danna seg eit mønster der ein del offentlege verksemdar, hovudsakleg i kommunal sektor, spesifikt etterspør tolkar i den lågaste kategorien, og til og med heilt ukvalifiserte tolkar, fordi dei er rimelegare. Dette er ein konsekvens av at det i dag

⁵³ Oppdrag 2024-14 *Legge til rette for etterlevelse av tolkeloven ved utadrettet, målrettet og aktiv veiledning og oppfølging av store tolkebrukere- og formidlere, herunder private formidlingsbyråer*

er vanleg med differensierte satsar for timeprisen til tolkane og gebyra til tolkeformidlarane som påskjønner tolkeformidlarane for å gi tolkeoppdrag til tolkar med formelle kvalifikasjonar. Differensierte satsar kan stimulere tolkar til å auke kvalifikasjonane sine, men har altså ei potensielt alvorleg slagside som vi må ta omsyn til i det vidare informasjons- og pådrivararbeidet vårt.

Kvalifisering av tolkar

Regjeringa løyvde 21,5 mill. kroner til kvalifisering av tolkar i 2024. IMDi del av løyvinga utgjorde 17 mill. kroner og finansierer statsautorisasjonsordninga for tolkar, Tospråktesten og kurs i ansvarsområdet til tolken. IMDi tildelte 15,8 mill. kroner til OsloMet og 1,2 mill. kroner til Samisk høgskole. Høgskulen på Vestlandet (HVL) fekk 4,5 mill. kroner direkte frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet til finansiering av studietilbod for tolkar. Andre studietilbod for tolkar i Noreg blir finansierte via budsjetta for universitets- og høgskulesektoren. Det blir stadig fleire tolkar i Nasjonalt tolkeregister, sjølv om talet ikkje aukar like mykje som IMDi hadde forventa ut frå auken i tilskotsmidlar sidan 2021. Strykprosenten ved Tospråktesten og statsautorisasjonsprøva er høg og stigande, og det er behov for meir treffsikker rekruttering av personar som har dei språklege føresetnadene til å kunne bestå prøvene.

IMDi forvaltar tilskota med mål om å leggje til rette for ei mest mogleg treffsikker og effektiv tolkekvalifisering der kvalifiseringstilboda blir innretta mot dei språka der behovet er størst.

Tospråktesten

Tospråktesten er ei munnleg prøve for potensielle tolkar og eit opptakskrav til tolkeutdanningane. IMDi har stilt krav til OsloMet om å teste fleire kandidatar for å kunne kvalifisere nok tolkar innan dispensasjonsperioden for tolkelova går ut i 2026. OsloMet rapporterer at etterspurnaden etter Tospråktesten har auka betrakteleg sidan innføringa av tolkelova. For å kunne auke testkapasiteten har dei derfor i fleire år brukt ressursar på utviklingsarbeid og digitaliseringsprosessar. OsloMet opplever det likevel som krevjande å planleggje prøvetilbodet og utnytte testkapasiteten fullt ut. Prosentdelen som består prøva, har gått ned i takt med at talet på kandidatar har auka. Spørsmålet er om dette viser ein tendens til at resultatet blir svakare jo fleire kandidatar som tek prøva, eller om marknaden begynner å gå tom for potensielle tolkar med gode nok språkferdigheiter til å bestå prøva, spesielt i språk der det blir testa hyppig.

I 2024 har til saman 732 kandidatar gjennomført Tospråktesten ved OsloMet. Av desse kandidatane fekk 34 prosent tilfredsstillande resultat. Totalt lyste OsloMet ut tilbod om testing i 16 språk, og dei gjennomførte testing i 12 av språka. I rohingya var det nokre få kvalifiserte søkjarar (søkjarar som oppfyller norskkravet), men på grunn av mangel på sensorar måtte testinga utsetjast til 2025. Bortsett frå i rohingya fekk alle kvalifiserte søkjarar tilbod om å ta Tospråktesten i 2024. OsloMet tilbaud færre språk i 2024 enn dei har gjort tidlegare år, og talet på språk var under målet om 25 språk. Dette kjem av at 9 språk

som opphavleg var planlagde for testing hausten 2024, blei utsette til seinare år i samråd med IMDi. Årsaka var at OsloMet måtte omprioritere ressursar fordi dei hadde svært mange søkjarar i arabisk og russisk.

I tillegg til dei som har teke Tospråktesten ved OsloMet, har 11 kandidatar gjennomført den same testen i samiske språk ved Samisk høgskule, og alle desse har bestått. Det at Samisk høgskule fekk ansvaret for Tospråktesten i samiske språk i 2023, har styrkt rekrutteringa av samiskspråklege tolkar til Nasjonalt tolkeregister.

Av alle som bestod Tospråktesten i 2024, har 187 kandidatar fordelte på 19 språk gjennomført kurs i ansvarsområdet til tolken, og med det kunna søkje om å stå i den lågaste kategorien i Nasjonalt tolkeregister.

Autorisasjonsprøva for tolkar

Autorisasjonsprøva i tolking er ei krevjande ferdigheitsprøve i praktisk tolking. Prøva er eit viktig ledd i kvalitetssikringa av tolketenester i offentleg sektor og skal bidra til å sikre tolketenester av høg kvalitet. Kandidatar som består prøva, kan få stå i dei øvste kategoriane (A–C) i Nasjonalt tolkeregister og søkje om løyve som statsautorisert tolk.

I 2024 blei det lyst ut tilbod om testing i sju språk: engelsk, mandarin, tamil, tigrinja, ukrainsk, vietnamesisk og bosnisk/kroatisk/serbisk/montenegrinsk. I tillegg blei det gjennomført praktiske prøver for kandidatar som bestod silingsprøva i 2023 i russisk, gresk og italiensk, og dessutan utsette prøver i arabisk, polsk og tyrkisk.

Totalt i 2024 var det 79 kandidatar fordelte på 8 språk som gjennomførte silingsprøva, og 56 kandidatar fordelte på 12 språk som gjennomførte den praktiske prøva. Det var 16 kandidatar i 7 språk (engelsk, gresk, italiensk, mandarin, polsk, russisk og ukrainsk) som bestod prøva i sin heilskap, og som dermed kunne søkje om løyve som statsautorisert tolk. Talet på kandidatar varierer frå språk til språk, men uavhengig av slike variasjonar melde det seg noko færre kandidatar enn venta til prøvene i 2024. I 2023 var det til samanlikning 172 kandidatar fordelte på 7 språk som gjennomførte silingsprøva, og 64 kandidatar fordelte på 10 språk som gjennomførte den praktiske prøva.

Prosentdelen som består autorisasjonsprøva, varierer òg frå språk til språk, og i fleire språk er det ingen som består prøva. OsloMet og IMDi vil følgje nøye med på korleis strykprosenten utviklar seg framover, særleg i lys av at det skal innførast eit nytt prøveformat i 2025. Då kjem det mellom anna ei ny, digital silingsprøve og andre tiltak som skal bidra til å redusere strykprosenten og sikre at dei rette kandidatane blir testa.

Tolkeutdanning

I 2024 var det 50 personar som fullførte bachelor i tolking ved OsloMet, HVL og NTNU – 31 i norsk teiknspråk, 7 i fransk, 6 i latvisk, 3 i amharisk og 3 i urdu. 34 personar fullførte eit


grunnemne med innføring i tolking ved HVL eller OsloMet. Dei fordeler seg på tolkespråka arabisk, ukrainsk og russisk.

Språk med for få kvalifiserte tolkar

Tolkelova krev at alle fagpersonar i offentleg sektor skal bruke kvalifisert tolk, men offentlege organ får dispensasjon frå dette kravet til og med 31. desember 2026. Det vil seie at kravet om å bruke kvalifisert tolk først vil gjelde fullt ut etter ein overgangsperiode på fem år etter at lova tok til å gjelde. At det er innført ein slik overgangsperiode, heng mellom anna saman med behovet for å få ei betre dekning av kvalifiserte tolkar. Det trengst fleire kvalifiserte tolkar både i språk der det ikkje finst nokon eller det berre finst få kvalifiserte tolkar, og i språk der det er spesielt stort behov for tolk.


Funna våre viser at det er for få tolkar på 19 av språka i Nasjonalt tolkeregister, dersom vi legg til grunn at offentlege verksemder oppnår ei middels utnytting av kapasiteten til dei kvalifiserte tolkane på dei tolkespråka der behovet er størst.

Figur 3.4.5 Behovet for kvalifiserte tolkar på dei ti språka med størst behov.



Tolkemonitor for første halvår 2024 viser at det er 18 språk som står utan oppføringar i Nasjonalt tolkeregister, og der det samtidig er registrert meir enn 50 utførte oppdrag. Dette utgjør 0,5 prosent av tolkeoppdraga i offentlig sektor. Språka det dreier seg om, er afar, akan, anuak, assyrisk, bambara, bari, dansk, dinka, edo, karen, khmer, maban, malayisk, mandingo, nuar, rohingya, romanes og slovensk. Blant desse er behovet for kvalifisering av tolkar særleg stort på eitt språk: rohingya, med 1 404 berekna oppdrag.

3.4.6 Språk utan kvalifisert tolk med minst 50 berekna oppdrag.



Dette inneber at det er behov for å kvalifisere fleire tolkar på ein god del språk. Det er særleg behov for fleire studieplassar. IMDi meiner at nivået på kvalifiseringstilboda innanfor kvart språk, bør spegle tolkebehovet på språket.

Evaluering av kvalifiseringstilbodet for tolkar

IMDi har sett i gang ei evaluering av det heilskaplege kvalifiseringstilbodet innanfor tolking i Noreg. På oppdrag frå oss har Proba samfunnsanalyse og Verian evaluert kvalifiseringa og organiseringa av kvalifiseringstiltak for tolkar. Eit viktig formål med evalueringa har vore å

undersøkje om dagens kvalifiseringstilbod er i samsvar med behovet for kvalifiserte tolkar i samfunnet, og om det er ressurseffektivt og bidreg til at tolkar får ferdigheiter og kompetanse som gjer dei i stand til å gjennomføre tolkeoppdrag i tråd med kvalitetskrava i tolkelova. Evalueringsprosjektet blei sett i gang i oktober 2023, og Proba og Verian skal levere sluttrapport til IMDi i første kvartal 2025. Slik vi vurderer det, vil dette prosjektet gi oss ei heilskapleg forståing av kvalifiseringstilbodet for tolkar i Noreg i dag, og vi vil nytte funna i dialogen vår med utdanningsinstitusjonane.

Nasjonalt tolkeregister

I 2024 har talet på oppføringar i Nasjonalt tolkeregister auka med 22,57 prosent (frå 2 782 til 3 410 oppføringar).

Det er færre unike personar enn oppføringar i registeret, sidan oppføringar tel språk og éin tolk kan stå oppført i fleire språk. Talet på unike personar har auka frå 2 338 den 31.12.2023 til 2 639 den 31.12.2024. 679 personar er oppførte med to eller fleire språk. 329 av desse er teiknspråktolkar som samtidig er oppførte med kompetanse i skrivetolking.

Ved utgangen av året var 57,9 prosent (1 530 av 2 639 tolkar) av tolkane oppførte med høgare kvalifikasjonar eller tolkeutdanning (kategori A–D), altså anten bachelorgrad, statsautorisasjon eller grunnemne i tolking. I 2023 gjaldt det same 63 prosent. Det betyr at ein aukande del av tolkane berre har ei heilt grunnleggjande innføring i tolkeyrket. Dette kan forklarast med at kapasiteten ved Tospråktesten og kursa i ansvarsområdet til tolken (TAO-kursa) har blitt styrkt sidan 2021, medan talet på studieplassar ved tolkeutdanningane ikkje har auka tilsvarande.

Tabell 3.4.7 Talet på oppføringar i Nasjonalt tolkeregister per 31.12.2024, etter kvalifikasjonskategoriar. 2020–2024.

Kvalifikasjonskategori	Talet på oppføringar				
	2020	2021	2022	2023	2024
Kategori A: statsautorisasjon og bachelorgrad	18	26	66	92	101
Kategori B: bachelorgrad eller statsautorisasjon og grunnemne	217	234	242	483	551
Kategori C: statsautorisasjon	43	45	42	43	46
Kategori D: grunnemne	745	814	879	997	1 368
Kategori E: Tospråktesten og kurs (TAO) eller statsautorisert translatør/fagomsetjar og kurs (TAO)	630	829	1 016	1 167	1 344
Totalt	1 653	1 948	2 245	2782	3410

Tolking for fordrivne frå Ukraina

Per 31.12.2024 var det 289 kvalifiserte tolkar i russisk og 174 kvalifiserte tolkar i ukrainsk i Nasjonalt tolkeregister. Delen tolkar som har statsautorisasjonsløyve og/eller bachelorgrad i tolking, er låg på begge språka, 12 prosent på russisk og 2 prosent på ukrainsk. 19 prosent av tolkane på russisk og 30 prosent av tolkane på ukrainsk har kortare tolkeutdanning (minimum 30 studiepoeng). Over to tredelar av tolkane på begge språka (69 prosent på russisk og 67 prosent på ukrainsk) har berre teke ei tospråkleg prøve og eit kort orienteringskurs (TAO) der dei får informasjon om tolkelova og ansvarsområdet til tolken.

Funn i fleire IMDi-rapportar viser at fordrivne frå Ukraina har hatt ein god del negative erfaringar med den språklege og tolkefaglege kompetansen til tolkar, noko vi trur heng saman med at over to tredelar av dei kvalifiserte tolkane på både russisk og ukrainsk er utan utdanning i yrket (har berre Tospråktesten og TAO-kurset). Det er ingen teikn til nedgang i behovet for tolk på ukrainsk og russisk, trass i at innreisetala har gått ned. Det heng saman med at tolkebehovet varer ved nokre år etter at personane kjem til Noreg, og at talet på russisk- og ukrainsktalande innbyggjarar aukar raskare enn denne innbyggjargruppa klarer å tileigne seg norskkunnskapar.

Dette inneber at det framleis er eit stort behov for fleire kvalifiserte tolkar i russisk og ukrainsk, i tillegg til ein del andre språk (som er omtalte tidlegare i dette kapittelet). Begge språka er høgt prioriterte ved utdannings- og kvalifiseringstilboda i tolking, men det trengst fleire studieplassar ved utdanningane. IMDi vil halde fram dialogen med utdanningsinstitusjonane som tilbyr tolkeutdanning og tolkekvalifisering, i 2025.

4. Styring og kontroll i verksemda

IMDi opplegg for styring og kontroll bidreg til måloppnåing for både løpande driftsoppgåver og utviklingsprosjekt. Risikostyring, internkontroll, tryggleik og beredskap er integrerte i styringa av verksemda.

Verksemdsstyringa i IMDi følgjer eit årshjul tilpassa styringsprosessane i statlege verksemdar. Planar og budsjett støttar opp under måla i tildelingsbrevet frå eigardepartementet og prioriteringar for å utvikle organisasjonen.

IMDi konkretiserer og formaliserer mål, styringsparameter, resultatkrav, budsjett og fullmakter i årlege forventningsnotat og disponeringsskriv til divisjonane. Dette er grunnlaget for den interne rapporteringa vår på måloppnåing og budsjett. Vi rapporterer til departementet på krava i tildelingsbrevet.

Risikostyring er ein integrert og viktig del av verksemdsstyringa i IMDi, med god systematikk i arbeidet med risikovurderingar. Gjennom risikostyringa identifiserer vi forhold som kan oppstå og redusere måloppnåinga (risikoar). For å redusere risikoane set vi i verk tiltak slik at restrisikoen er på eit akseptabelt nivå. I tillegg til overordna risikovurderingar på verksemdsnivå gjennomfører vi i aukande grad risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS) som går meir i djupna, innanfor ulike fagområde.

IMDi har hatt tett dialog med departementet om risikostyring gjennom året, med vekt på metodikk og korleis risikostyringa betre kan inngå i styringsdialogen med departementet. Vi sende risikokartet for IMDi til departementet i forkant av etatsstyringsmøtet hausten 2024.

Dei viktigaste overordna risikovurderingane på verksemdsnivå kjem fram av tabell 4.1 og er oppdaterte per 31.12.2024.

Tabell 4.1 Risikoar knytte til mål, med risikovurdering for 2024 per 31.12.2024.

Overordna mål	Risiko	Risikovurdering (restrisiko etter tiltak)
Mål 2: Kvalifiseringa for nykomne er målretta og har høg kvalitet	Risiko for at kommunane manglar kapasitet til å kvalifisere nykomne	Middels (middels)
	Risiko for at kommunane manglar nødvendig kompetanse for gi nykomne målretta kvalifisering av høg kvalitet	Middels (middels)
	Risiko for at deltakarane ikkje får nok informasjon og rettleiing frå kommunane og fylkeskommunane om tilbod som gir formelle kvalifikasjonar, innanfor ramma av introduksjonsprogrammet	Høg (middels)
	Risiko for at det manglar tilbod som gir formelle kvalifikasjonar, innanfor ramma av introduksjonsprogrammet	Høg (middels)
Mål 4: Busetjinga er styrt og spreidd, rask og treffsikker	Risiko for at ein stor del kommunar har nådd mettingspunktet for å busetje flyktningar etter oppmoding frå IMDi	Høg (middels)
Mål 5: Offentleg sektor har tilstrekkeleg tilgang på, og bruker, kvalifiserte tolkar	Risiko for at offentlege verksemder ikkje får tilgang til tolk når dei treng det, og for at dei lèt vere å bruke tolk	Høg (middels)
	Risiko for at det ikkje blir kvalifisert mange nok tolkar	Høg (middels)
Mål 6: Integreringspolitikken er heilskapleg og samordna	Risiko for at det tek lengre tid å få bidrag frå andre relevante etatar, og å få etatane til å prioritere arbeidet med livshendinga Ny i Noreg	Middels (middels)
Andre risikoar	Risiko for brot på reglar om informasjonstryggleik og personvern	Høg (middels)
Andre risikoar	Risiko for IT-angrep frå utanforståande	Høg (middels)
Andre risikoar	Risiko for manglande styring av mellombels bemanning fordi det er uvisst om ekstraløyvinga blir vidareført	Høg (høg)

Tryggleik og beredskap

Trusselbiletet til IMDi er prega av at sektoren handterer store mengder sensitiv personleg informasjon og dessutan internasjonale og politiske interesser.

Generelt vurderer vi tryggleiken i IMDi til å vere god. I 2024 oppdaterte vi krise- og beredskapsplanane våre, med delplanar. Vi gjennomførte to øvingar med leiargruppa til direktøren.

Vi vurderer òg informasjonstryggleiken i IMDi som god. Det er generelt få hendingar, med minimale konsekvensar. Den årlege gjennomgangen til leiinga for 2024 innebar ein

systematisk gjennomgang av arbeidet med informasjonstryggleik, som ein del av vidareutviklinga av den heilskaplege styringa på området.

Personvernombodet er tett kopla på arbeidet med informasjonstryggleik, til dømes ved utvikling og tilpassingar av digitale løysingar, mellom anna i arbeidet med å busetje dei mange fordrevne frå Ukraina.

Kunnskapsutvikling

For å bidra til å utvikle heilskapleg og kunnskapsbasert politikk og tiltak på integreringsfeltet har IMDi eit særleg ansvar for kunnskapsutvikling. Vi har òg eit ansvar for å samordne med andre direktorat, slik at kunnskapsutviklinga i ulike sektorar blir sett i samanheng og kompletterer kvarandre. Kunnskapen skal òg bidra til ein opplyst offentleg debatt. IMDi bestiller forskning, gjennomfører evalueringar, set i verk FoU-prosjekt, utviklar integreringsindikatorar og statistikk, og samanfattar kunnskap. Kunnskapen formidlar vi til departementet, andre statlege etatar, kommunar, frivillige organisasjonar, arbeidsgivarar og befolkninga elles. Dette gjer vi mellom på ulike lanseringsseminar, på nettsidene våre og dessutan gjennom nyheitsbrevet og sosiale medium, der vi når langt fleire enn før. I tillegg deler vi kunnskap med relevante aktørar gjennom å delta i tverrsektorielle nettverk og møte både i Noreg og internasjonalt.

I 2024 etablerte IMDi eit nettverk for FoU, analyse og statistikk.⁵⁴ Nettverket skal gi betre oversikt over kunnskapen og kunnskapsbehovet på integreringsfeltet og sikre meir systematisk samarbeid om kunnskapsutvikling på tvers av sektorar. IMDi har det administrative ansvaret for samarbeidsnettverket, som skal ha oppstartsmøte i februar 2025.

FoU og statistikk

I 2024 betalte IMDi ut 26,9 mill. kroner i FoU-midlar på kap. 601, post 21. Midlane gjekk til 47 prosjekt, både prosjekt som alt var i gang, og nye prosjekt. Prosjekta spenner breitt innanfor ansvarsområda våre og er knytte til kvalifisering til arbeidslivet, busetting av flyktningar, negativ sosial kontroll, oppvekst og frivillig arbeid, rasisme og diskriminering, med meir.

For å bidra til målet om at dei mange fordrevne frå Ukraina kjem raskt i arbeid eller opplæring og deltek i samfunnslivet, har IMDi fått utarbeidd årlege rapportar om erfaringane ukrainske flyktningar gjer seg med integrering og offentlege tenester i Noreg.⁵⁵ Rapportane gir viktig informasjon både om flyktningane sjølve og om kva kapasitet kommunane har til å busetje kapasitet og integrere dei. Dette styrkjer grunnlaget for å utvikle tiltak.

⁵⁴ Oppdrag 2024-15 *Etablere et systematisk samarbeid om FoU, analyse og statistikk med relevante etater på integreringsfeltet*

⁵⁵ Vilde Hernes, Aadne Aasland, Oleksandra Deineko, Marthe Handå Myhre og Trine Myrvold. Settlement, integration and employment under a temporary perspective: Experiences and perceptions of Ukrainian refugees and municipal refugee services (2023–2024). NIBR REPORT 2024:10.

Den urovekkjande utviklinga med aukande barne- og ungdomskriminalitet er noko av bakgrunnen for eit prosjekt som skal gi kunnskap om kva som skaper og held oppe segregering, utanforskap og parallellsamfunn, og kva tiltak som har dokumentert effekt. Rapport vil liggje føre hausten 2025.

I arbeidet med kunnskapsutvikling elles har IMDi prioritert kunnskap som kan styrkje innvandrardeltakinga i samfunnslivet. Her er nokre døme: *Barn i familier med fluktbakgrunn – tiltak for inkludering, medvirkning og tilhørighet*⁵⁶, *Negativ sosial kontroll på skolen*⁵⁷, *Mangfoldsledelse*⁵⁸, *Holdninger til innvandring, integrering og mangfold* – *Integreringsbarometeret*⁵⁹ og *Forskjellsbehandling, diskriminering og rasisme i norsk grunnskole*⁶⁰.

IMDi gjennomfører òg i aukande grad undersøkingar og analysar sjølv, til dømes den årlege indikatorrapporten *Hvordan går det med integreringen i Norge?*⁶¹, rapporten *Etnisk mangfold og inkludering i arbeidslivet*⁶², *Tolkers kapasitet og tilgjengelighet*⁶³, IMDis kommuneundersøking og IMDis nasjonale brukarundersøking blant deltakarar i introduksjonsprogrammet.

Vi er i gang med eit stort løft for å gjere tala og statistikkane vår betre og meir tilgjengelege og har mellom anna fått utvikla eit datavarehus. Det har gitt klare gevinstar internt. Vi har til dømes fått meir tilgjengelege datakjelder/talgrunnlag og automatisering av prosessar. For brukarane har det mellom anna ført til fleire statistikkar og hyppige oppdateringar på [tal- og statistikksidene våre](#).

Berekningsutvalet

IMDi har ansvaret for den årlege kartlegginga Berekningsutvalet (partssamansett utval med staten og kommunesektoren) gjer av kommunale utgifter til busetjing og integrering, og for den årlege rapporten om kartlegginga. Kartlegginga viser forholdet mellom utgiftene til kommunane og dei statlege tilskota til formålet (integreringstilskot, særskilt tilskot for einslege mindreårige og tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne

⁵⁶ Tina Mathisen, Marie Louise Seeberg, Ingeborg Sofie Fretheim, Ingrid Gaarder Harsheim og Nina Skrove Falch. Barn i familier med fluktbakgrunn Sluttrapport: tiltak for inkludering, medvirkning og tilhørighet. NOVA RAPPORT nr. 3/24.

⁵⁷ Negativ sosial kontroll på skolen. Proba-rapport 2024-3.

⁵⁸ Turid Sætermo, Stina Svendsen, Mari Bore Øverland, Aisha Iqbal, Clas Lenz og Karina Storeng Ikhsani. Hva er mangfoldsledelse og hvordan virker det? NTNU Samfunnsforskning 2024.

⁵⁹ Jan-Paul Brekke, Audun Fladmoe, Stine Hesstvedt og Dag Wollebæk. Holdninger til innvandring, integrering og mangfold. Integreringsbarometeret 2024. ISF-rapport 2024:7.

⁶⁰ Brit Lynnebakke, Marianne Takvam Kindt, Ragnar Hjellset Alne og Rune Borgan Reiling. Forskjellsbehandling, diskriminering og rasisme i norsk grunnskole. NIFU-rapport 2024:14.

⁶¹ Hvordan går det med integreringen i Norge? Indikatorer, status og utviklingstrekk i 2024 ([lenke](#)).

⁶² Etnisk mangfold og inkludering i arbeidslivet. Indikatorer, status og utviklingstrekk ([lenke](#)).

⁶³ «Elsker selve jobben som tolk, men ...». Undersøkelse av kapasitet og tilgjengelighet hos tolker i Nasjonalt tolkeregister 2023 ([lenke](#)).

innvandrarakar), og dannar grunnlag for å vurdere om det er rimeleg samsvar mellom tilskot og utgifter.

I 2023 var dekningsgrada for integreringstilskotet 91,8 prosent, mot 97,3 prosent året før. For einslege mindreårige var den samla dekningsgrada for integreringstilskotet og det særskilde tilskotet 113,8 prosent, mot 117,4 prosent året før. Dekningsgrada for norsktilskotet var 80,1 prosent, mot 77,1 prosent året før. Rapporten frå utvalet omtalte òg faktorar som er viktige for dei kommunale utgiftene, og inneheldt ein analyse av utbetalt sosialhjelp til mottakarar av introduksjonsstønad.

I 2023–2024 kartla utvalet utgiftene kommunane hadde som vertskommunar for statlege mottak i 2023. Vertskommunetilskotet dekte 82,1 prosent av utgiftene til ordinære mottak og 81,0 prosent av utgiftene til tilrettelagde avdelingar.

I 2024 starta førebuingar til ei ny kartlegging av helseutgiftene til kommunane. Førre gong desse utgiftene blei kartlagde, var i 1996. Kartlegginga blir gjennomført i 2025, og rapporten kjem i 2026.

Digitalisering

Digitalisering er noko vi prioriterer høgt for å bidra til måloppnåing i IMDi. Dei digitale tenestene våre skal basere seg på behova til brukarane, kunne tilpassast når rammevilkåra endrar seg, og utnytte teknologiske moglegheiter.

I 2023 etablerte IMDi ei rekkje digitale tenester. I 2024 har vi vidareutvikla desse tenestene, særleg innanfor busetjing, som er det tenesteområdet vi har brukt mest ressursar på å utvikle. I tenesta som kartlegg kompetansen til flyktningar, er det no enklare å dele informasjonen med andre aktørar, særleg kommunane. Tenesta kartlegg no òg annan busetjingsrelevant informasjon, som behov for individuell tilrettelegging, tilhøyrsløysing til Noreg og livssituasjon. I tillegg kan tenesta no òg brukast på kommisjonsreiser for uttak av overføringsflyktningar i land der det må takast særlege tryggingssyn.

Tenesta for berekning og utbetaling av integreringstilskot er òg vidareutvikla. Det har mellom anna blitt enklare å handtere saker som krev saksbehandling. I tenesta for utbetaling av tilskot til norskopplæring er berekningsgrunnlaget forbetra. I tenesta for tilskot til busetjing av personar med alvorleg funksjonsnedsetjing har sjølvbeteningsløysinga blitt forbetra med automatisk utsetjing av fristar for søknader og rapportering. Generelt har tenestene blitt langt meir brukarvennlege for kommunane.

Vidare har vi utvikla nye imdi.no, med lansering tidleg i 2025. Tidlegare hadde IMDi fleire nettstader på ulike tekniske løysingar med ulikt design. No er alt samla i éi teknisk løysing med eitt visuelt uttrykk.

Datavarehuset er ei stor digital satsing, sjå nærmare omtale i avsnittet om kunnskapsutvikling ovanfor.

IMDi ser potensialet ved å ta i bruk kunstig intelligens (KI) og er i gang med å vurdere moglegheitene på ulike fagområde. Til dømes kan det vere aktuelt å bruke KI i arbeidet med treffsikker busetjing. [Nyinorge.no](https://nyinorge.no) kan dra nytte av KI i omsetjing og generering av informasjon frå ulike datakjelder. I forvaltninga av dei søknadsbaserte tilskotsordningane er det eit potensial for mellom anna søknadsbehandlings, inkludert vurderingane. Datavarehuset har potensial som datakjelde for framtidig KI-bruk.

I 2023 innførte IMDi ein ny digital styringsmodell, i tråd med produkt- og tenesteorientert styring. Grunnprinsippet er at ansvaret for utgreiing, utvikling, drift og vidareutvikling av kvar enkelt digitale teneste er plassert éin stad i organisasjonen, med styring, planlegging og budsjettering i eit langsiktig perspektiv. Modellen skal òg sikre heilskapleg styring av dei samla digitale tenestene. I 2024 har vi lagt ned eit stort arbeid med å implementere modellen, noko som òg inneber å utvikle organisasjonen og å leggje til rette for høgare endringstakt og betre tilpassingsevne. Det vil ta tid før modellen gir dei store gevinstane, men allereie no har endringstakten auka, tilpassingsevna er betra, og behova til brukarane blir dekte.

Generelt er det slik at med aukande digitalisering aukar òg utgiftene til å drifte og vidareutvikle tenestene. Med den digitale styringsmodellen vil tenestene kunne få lengre levetid, slik at behovet for å utvikle nye tenester blir mindre.

Tilskotsforvaltning

IMDi forvaltar mange tilskotsordningar som skal bidra til at innvandrarar deltek i arbeids- og samfunnslivet. For alle tilskotsordningane samla har IMDi betalt ut 25,7 mrd. kroner til kommunar, frivillig verksemd og private i 2024. Nokre få av ordningane blir ikkje lyste ut og er ikkje omtalte her (områdesatsing, nasjonale ressursmiljø, kvalifiseringsordningar for tolkar, kvalifisering i integreringsmottak og nokre få tilskot vedtekne av Stortinget på kap. 671, postane 62, 71, 72 og 73). Rapporteringa her byggjer på rapporteringa i kapittel 3.

Innan 1. juni 2025 får departementet ein utdjupande rapport om tilskot til auka kvalitet i dei kommunale tenestene, frivillig verksemd og etnisk mangfald i arbeidslivet. Rapporten vil basere seg på rapporteringa frå tilskotsmottakarane, som ikkje kjem før årsrapporten er ferdig.

Om tilskotsordningane

Ordningane *Integreringstilskot*, *Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige* og *Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar* skal finansiere tenestene i kommunane og bidra til deltaking i arbeids- og samfunnsliv. Den samla utbetalinga i 2024 var 25,5 mrd. kroner. Det er ikkje rapporteringsplikt for desse ordningane, men ein del resultat blir målte, mellom anna oppstart, deltaking og gjennomføring av norskopplæring og introduksjonsprogram. I tillegg blir det målt kor mange som kjem i arbeid eller utdanning etter avslutta introduksjonsprogram, og kor raskt dette skjer. Sjå nærmare

omtale i kapittel 3.2. *Tilskot til kommunar for busetjing av personar med alvorleg funksjonsnedsetjing og/eller alvorlege åtferdsvanskar* hadde ei samla utbetaling på 683,9 mill. kroner. Storleiken på tilskotssatsane verkar inn på busetjingsviljen i kommunane, og kartlegginga frå Berekningsutvalet viser dekningsgrada (sjå nærmare omtale i avsnittet om kunnskapsutvikling ovanfor).

Fleire søknadsbaserte ordningar skal bidra til å utvikle tiltak for effektive kvalifiseringsløp i kommunane og fylkeskommunane, med ei samla utbetaling på 206,1mill. kroner. *Tilskot til Jobbsjansen* bidrog i 2024 til cirka 1 000 deltakar plassar, og 72 prosent av deltakarane gjekk vidare til arbeid eller utdanning. Dei seinare åra har resultatane vore stabilt høge. Gjennom *Tilskot til utvikling av kommunale kvalifiserings- og integreringstiltak* bidreg kommunane til utviklingsarbeid i 58 prosjekt, og kommunane deler erfaringane seg imellom. Prosjekt som handlar om digitale løysingar, har mellom anna vist at det er mogleg å bruke KI i norskopplæring og arbeidsretta tiltak. *Tilskot til etablering og gjennomføring av tilrettelagd fag- og yrkesopplæring* finansierte cirka 1 350 deltakar plassar i 2024, ein stor auke frå 850 i 2023, og fråfallet så langt er svært lågt.

To søknadsbaserte ordningar skal bidra til frivillig verksemd for auka deltaking og integrering, med ei samla utbetaling på 177,7 mill. kroner. Den eine ordninga, *Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar*, gav prosjektstøtte til 1 035 landsdekkjande og lokale aktivitetar – eit mangfald av ulike tiltak gjennom organisasjonar, lokale lag og foreiningar, og dessutan driftsstøtte til 185 lokale og 9 regionale organisasjonar. Ordninga bidreg til eit høgt aktivitetsnivå og tiltak som når mange personar. Prøveordninga med driftsstøtte til 9 små og nystarta innvandrorganisasjonar har gitt dei nyttig kompetanseheving. Den andre ordninga, *Tilskot til norskopplæringsordninga*, gav cirka 4 900 vaksne eit opplæringstilbod utover den lovfesta norskopplæringa gjennom 46 tilbydarar (33 i 2023). Ordninga styrkjer norskferdigheitene og stimulerer til vidare opplæring og kvalifisering. Rundt 3 100 deltakarar har oppnådd nivå B1 eller høgare.

Tilskot til etnisk mangfald i arbeidslivet skal bidra til etnisk mangfald og rekruttering av innvandrarak. I 2024 kom det totalt 62 søknader om tilskot på til saman 34,3 mill. kroner. Det blei utbetalt 11,0 mill. kroner til 26 verksemdar. Ordninga verkar; verksemdene rekrutterer fleire innvandrarak og bruker kompetansen deira betre.

Forvaltning og effektivisering

IMDi gir råd, rettleiar og hevar kompetansen i kommunane, fylkeskommunane og Nav. Prosjekt som får støtte, følgjer vi opp tett, slik at prosjekt som har overføringsverdi, og utvikla tiltak blir innførte som ein del av det ordinære tenesteapparatet. Kunnskap og erfaringar blir delte aktivt med og mellom kommunane på læringsarenaer som IMDis årlege busetjingskonferanse, *Fagverksted*-konferansen, kompetansehevande samlingar med kommunane og nettverkssamlingar for prosjekta. Dei 40 kommunane som forvaltar 70 prosent av *Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar*, får råd og rettleiing, med fleire samlingar om mellom anna regelverk og kunnskaps- og erfaringsdeling. Det tek

tid å byggje opp lik forvaltningspraksis. Evalueringa av ordninga i 2023–2024 gav eit godt grunnlag å vidareutvikla ordninga. Forskriftsfestinga av ordninga skal evaluerast i 2025.

I 2024 har IMDi gått gjennom alle brevmalane vi nyttar i tilskotsforvaltninga, i tråd med tilrådingane for klart språk. Formålet er at det skal bli lettare for dei som søker om tilskot, å finne og forstå den informasjonen dei treng for å forvalte tilskotsmidlane og rapportere om bruken av midlane.

Kommunar og frivillige organisasjonar viser svært stor interesse for dei søknadsbaserte ordningane. Den samla søknadssummen for Jobbsjansen overskreid budsjetttramma med 38 prosent. For utvikling av kommunale kvalifiseringstiltak var søknadssummen over dobbelt så stor som budsjettet. Også for integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar er søknadssummen høgare enn budsjetttramma. Søknadssummen totalt for norskopplæringsordninga var tre gonger større enn budsjettet. I den samla søknadsmassen ligg det informasjon som er viktig for vidareutvikling av ordningane, mellom anna om kva typar tiltak det er behov for, geografisk spreiding og representativitet.

Forvaltninga av tilskotsordningane i IMDi er omfattande. For søknadsbaserte ordningar som er lyste ut med rundskriv, behandla vi til saman 2060 søknader og innvilga 1 549 av dei. Samla søknadsbeløp var 805,0 mill. kroner (summen omfattar ikkje tilskotet for busetjing av personar med alvorleg nedsett funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar, sidan søknadsbeløpet ikkje er tilgjengeleg).

For å effektivisere forvaltninga har IMDi dei seinare åra utvikla digitale løysingar, noko som har gitt klare gevinstar for dei store regelstyrte ordningane, og i all hovudsak får rett kommune utbetalt rett beløp til rett tid. Digitaliseringa har vore avgjerande for rask utbetaling av det store tilskotsvolumet som følgje av dei mange fordrevne frå Ukraina.

Dei digitale løysingane for dei søknadsbaserte ordningane har gjort det enklare å søkje om tilskot, og vi har fått effektivisert både søknadsbehandlinga, oppfølginga og rapporteringa frå tilskotsmottakarane vesentleg. Dette gir løpande oppdatert status for alle ledd i saksbehandlinga og eit betre grunnlag for rapporteringa frå IMDi til departementet.

Tabell 4.2 viser omfanget av forvaltninga av dei søknadsbaserte tilskotsordningane.

Tabell 4.2 Søknadsbaserte tilskot som IMDi forvalta i 2024. Tal i mill. kroner.

Kap. / post	Tilskotsordning	Talet på søknader	Talet på innvilga søknader	Beløp det er søkt om	Utbetalt beløp
671/60	Tilskot for busetjing av personar med alvorleg nedsett funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar	1 528	1 223	Ikkje tilgjengeleg	683,8
671/62	Tilskot til etablering og gjennomføring av tilbod om fag- og yrkesopplæring for vaksne innvandrarar	11	10	25,5	16,4
671/62	Tilskot til Jobbsjansen	32	28	137,8	118,7
671/62	Tilskot til pilotering av per capita-basert Jobbsjansen	5	5	11,2	10,5
671/62	Tilskot til utvikling av kommunale kvalifiserings- og integreringstiltak	131	61	151,9	60,3
671/71	Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar, forvalta av IMDi	188	87	137,9	37,8
671/71	Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar, forvalta av 40 kommunar	40	40	91,8	91,8
671/71	Tilskot til norskopplæringsordninga	74	69	135,1	45,9
671/73	Tilskot til tiltak for meir etnisk mangfald i arbeidslivet	61	26	34	10,9

Saker frå Riksrevisjonen

Ifølgje revisjonsbrevet frå Riksrevisjonen for 2023 har det ikkje komme fram forhold som tilseier at IMDi har disponert løyvingane i strid med regelverket for økonomistyring i staten. Det var derfor ingen merknader som kravde oppfølging i 2024.

Administrative forhold

Likestillingsutgreiing

IMDis rapportering etter aktivitets- og utgreiingsplikta er publisert på imdi.no:

[Likestillingsredegjørelse 2024 - IMDi som arbeidsgiver](#).

Fellesføring: konsulentbruk

Frå og med 2024 har IMDi innført den nye statlege rekneskapsstandarden (SRS) i verksemdsrekneskapa. SRS inneber mellom anna at konsulenttenester som er kjøpte i samband med større anskaffingar, står som immaterielle eigedelar i balansen. Tabell 4.3 nedanfor spesifiserer kjøp av konsulenttenester i 2024.

Tabell 4.3 Kjøp av konsulenttenester. Tal i kroner.

Spesifikasjon av kjøp av konsulenttenester	31.12.2024	31.12.2023	Endring
Konsulenttenester innan økonomi og revisjon	78 092	235 831	–157 740
Konsulenttenester innan juss – juridisk hjelp	965 609	2 681 766	–1 716 157
Konsulenttenester til utvikling av programvare, IKT-løysingar m.m.	12 098 886	14 859 439	–2 760 553
Konsulenttenester til organisasjonsutvikling m.m.	739 279	578 341	160 938
Konsulenttenester til rekruttering m.m.	418 007	2 628 162	–2 210 155
Konsulenttenester til kommunikasjonsrådgiving, design m.m.	4 873 787	6 554 624	–1 680 837
Andre konsulenttenester	32 535 445	38 915 148	–6 379 703
Innleige av foredragshaldarar	555 247	499 295	55 952
Sum kjøp av konsulenttenester (i resultatrekneskapen)*	52 264 352	66 952 606	–14 688 254
Konsulenttenester til utvikling av immaterielle eigedelar (i balanserekneskapen)**	49 137 884	57 158 399	–8 020 515
Totalt kjøp av konsulenttenester	101 402 236	124 111 005	–22 708 769

* Inngår i dei totale driftsutgiftene, sjå note 5 til resultatrekneskapen i kapittel 6.

** Inngår i anskaffingane i år og er balanseførte, sjå note 3 til balanserekneskapen i kapittel 6.

Kjøp av konsulenttenester gjekk ned med 22,7 mill. kroner frå 2023 til 2024. Størst nedgang var det i utgiftene til utvikling av immaterielle eigedelar (IKT / digitale løysingar), som gjekk ned med 8,0 mill. kroner, og utgiftene til kunnskapsutvikling (FOU-prosjekt på kap. 601, post 21), som gjekk ned med 9,3 mill. kroner.

Av dei samla utgiftene (kap. 601, post 21, kap. 670, post 01, og kap. 672, post 45) på 467,7 mill. kroner utgjorde konsulenttenester 101,4 mill. kroner, eller 21,7 prosent. Av utgiftene på kap. 671, post 01, på 388,8 mill. kroner gjekk 26,5 mill. kroner til konsulenttenester (6,8 prosent). Sett opp mot lønnsutgiftene på 247,1 mill. kroner utgjorde konsulentbruken 10,7 prosent. Av utgiftene til kunnskapsutvikling på kap. 601, post 21, på 26,9 mill. kroner gjekk 24,5 mill. kroner, eller 91,1 prosent, til konsulenttenester. Av utgiftene til større anskaffingar på kap. 671, post 45, på 52,0 mill. kroner brukte IMDi 49,1 mill. kroner på konsulenttenester (94,4 prosent).

IMDi følgjer nøye med på korleis konsulentkostnadene utviklar seg, og vurderer ulike tiltak som kan bidra til å redusere konsulentbruken. På IKT-området vurderer vi fortløpande balansen mellom å kjøpe konsulenttenester og å byggje opp vårt eige kompetansemiljø. Eit eige kompetansemiljø må ha ein viss storleik for å kunne utvikle seg i ein bransje som endrar seg raskt. Samtidig er det krevjande å rekruttere og behalde kompetanse på området.

Utviklinga i konsulentbruken er noko vi rettar særleg merksemd mot, i tråd med fellesføringa om dette. På kommunikasjonsfeltet brukte IMDi 4,8 mill. kroner på konsulenttenester, noko som er ein stor reduksjon frå 2023. Vi brukte konsulenttenester mellom anna til vidareutvikling og profilering av ulike nettsider og til kampanjar.

Fellesføring: tilsette med funksjonsnedsetjing

For 2024 sette IMDi eit ambisiøst mål om at fem prosent av alle nytilsette skulle vere personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring (høi i CV-en). Bakgrunnen var at vi ikkje hadde nytilsetjingar i målgruppa i 2023, og eit anslag om at vi ville tilsetje 80 nye medarbeidarar i 2024. Utviklinga i 2024 var positiv, men vi har ikkje nådd målet. Av personvernomsyn kan vi ikkje oppgi kor mange i målgruppa vi har tilsett.

Vi har gjennomført fleire tiltak. Gjennom ein samarbeidsavtale hjelper Nav til med rekruttering av personar frå målgruppa når det oppstår behov for å rekruttere nye medarbeidarar. Som eit ledd i å unngå forskjellsbehandling har vi gjennomført sertifisering av HR-tilsette, som arbeider med rekruttering, og representantane for dei tilsette i tilsetjingsrådet.

Fellesføring: klimaavtrykk, naturfotavtrykk og energibruk

Særleg innanfor offentlege anskaffingar arbeider IMDi systematisk med å redusere utsleppet av klimagassar, naturfotavtrykket og energibruken. Som hovudregel vektar vi klima- og miljøomsyn med minst 30 prosent i alle anskaffingar. I enkelte anskaffingar er ikkje dette naturleg eller mogleg. Då grunngir vi særskilt i konkurransegrunnlaget kvifor kravet ikkje er med.

Å stille miljøkrav til leverandørar av driftstenester er eit relativt effektivt verkemiddel for å bidra til å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk. I 2024 inngjekk IMDi avtalar om kantinedrift og reinhald, og vi vekta miljøomsyn med 30 prosent i begge anskaffingane. I begge avtalane har leverandørane gode moglegheiter til å påverke miljøet, til dømes ved å bruke lokale og berekraftige råvarer, redusere matsvinn, bruke miljøvennleg emballasje, spare energi og vatn, redusere bruken av kjemikaliar i dagleg reinhald og bruke elektriske bilar.

I tillegg arbeider vi med å redusere reiseverksemda vår gjennom å bruke meir videomøte, særleg i samarbeidet mellom avdelingane våre i Oslo og Narvik.

5. Vurdering av framtidsutsikter

Integreringa går i rett retning på fleire område. Utviklinga er positiv når det gjeld både barnehagedeltaking, fullføring av vidaregåande opplæring, deltaking i høgare utdanning, sysselsetjing og buforhold. Desse funna frå indikatorrapporten vår gir grunn til optimisme.

Samtidig er det område der det er behov for meir innsats. Personar med innvandrarbakgrunn opplever oftare diskriminering, økonomiske vanskar og dårlege levekår.

Den norske velferdsmodellen er avhengig av at mange er i arbeid for at vi skal kunne halde oppe dagens velferdssamfunn. Noko av det viktigaste IMDi gjer, er derfor å leggje til rette for at fleire får høve til å bidra og lykkast.

Busetjing og kapasitet

Som følgje av krigen i Ukraina har vi teke imot historisk mange flyktningar dei siste åra. At den geopolitiske situasjonen er uvisst, gjer det ekstra vanskeleg å vite kor mange flyktningar som kjem til Noreg dei neste åra.

Då krigen braut ut og mange ukrainarar flykta hit, klarte norske kommunar raskt å omstille seg og skalere opp tilboda sine. Framover kan behovet for busetjing bli lågare, og kommunane må førebu seg på å skalere ned igjen. Samtidig ser vi at det kjem stadig fleire einslege mindreårige asylsøkjjarar til Noreg. Dermed aukar behovet for tilpassa bu- og omsorgsløysingar. Dette krev at kommunane balanserer behovet for fleksibilitet med behovet for føreseielege og stabile forhold.

Deltaking i arbeidsliv

Uavhengig av kor mange nye flyktningar vi skal ta imot, har vi eit omfattande arbeid framfor oss med å inkludere alle som har blitt busette i norske kommunar dei siste åra.

41 prosent av dei som deltok i introduksjonsprogrammet i 2024, gjekk direkte ut i jobb. Det er eit mål å få fleire raskt ut i arbeid, for vi veit at det er den beste vegen til integrering i samfunnet. Det er òg avgjerande for å møte det aukande behovet for arbeidskraft, slik regjeringa peiker på i perspektivmeldinga.

Mange innvandrarar treng meir kvalifisering for å møte krava og behova i arbeidslivet. Den nye opplæringslova gir utvida rettar til fag- og yrkesopplæring. Dette skaper nye moglegheiter, men òg utfordringar knytte til gjennomføring, kapasitet og tilrettelegging for kvar enkelt deltakar. For at vi skal lykkast på dette området, er vi avhengige av eit tett og godt samarbeid mellom alle involverte aktørar.

Negativ sosial kontroll og utanforskap

Dei fleste barn og unge i Noreg lever eit fritt liv. Samtidig er det for mange som opplever negativ sosial kontroll, æresrelatert vald og frykt for å bli etterlatne i utlandet. Mangfaldsrådgivarane får stadig fleire saker. Det er bra at fleire får hjelp, men mørketala er framleis store. Arbeidet med å få bukt med og førebyggje negativ sosial kontroll og æresrelatert vald er derfor framleis eit av områda IMDi prioriterer.

Mangfaldsrådgivarane våre spelar ei viktig rolle i dette arbeidet, og i 2025 skal ordninga utviklast. Mangfaldsrådgivarane skal framleis vere til stades på skulane som trygge vaksne. Dei skal halde fram med å lytte, førebyggje og bidra til endring. I samarbeid med Bufdir skal vi òg lage ein strategi for å gjere mangfaldsrådgivarane og dei andre særskilde tenestene betre kjende.

IMDi skal òg bidra til å førebyggje kriminalitet blant barn og unge, mellom anna gjennom eit nytt tilskot for å etablere trygge møteplassar for gutar. Dette skal vere arenaer som gir meistring og tilhøyrse, og som førebyggjer kriminalitet og rekruttering til kriminelle miljø.

Bidra til ein opplyst debatt

IMDi skal produsere og formidle fakta og kunnskap om integrering og mangfald, mellom anna gjennom vår eigen forskings- og utviklingsportefølje. Å bidra til ein opplyst, offentlig debatt på integreringsfeltet er ei viktig oppgåve for oss.

6. Årsrekneskap

Leiarkommentar til årsrekneskapen 2024

Formål

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) er eit fagdirektorat, forvaltningsorgan og nasjonalt kompetansesenter med ansvar for å setje i verk integreringspolitikken til regjeringa. Dei viktigaste oppgåvene, målgruppene og verkemidla til IMDi er omtalte i Prop. 1 S (2023–2024) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Tilleggsopplysningar

I samråd med Arbeids- og inkluderingsdepartementet har IMDi vedteke å føre rekneskapen og rapportere verksemdsrekneskapen i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) frå og med rekneskapsåret 2024. Rekneskapen skal gi eit rett uttrykk for ressursbruken gjennom året og egedelane og gjelda til verksemda. Sidan dette er første året IMDi avlegg rekneskapen etter SRS, kan ikkje årsrekneskapen med tilhøyrande notar samanliknast med rekneskapen for det førre året, men han kan samanliknast med opningsbalansen som blei utarbeidd for 2024.

IMDi er eit ordinært, bruttobudsjettert forvaltningsorgan og er underlagt kontroll av Riksrevisjonen. Riksrevisjonens rapport om den årlege revisjonen og kontrollen av departementa og dei statlege verksemdene blir publisert som Dokument 1 kvar haust.

IMDi forvaltar driftsmidlar, investeringsmidlar (IKT-utvikling), forskings- og utviklingsmidlar og tilskotsmidlar som primært går til kommunar, innvandrarorganisasjonar og anna frivillig verksemd.

Vurdering av vesentlege forhold

IMDi hadde ei samla tildeling på 26,9 mrd. kroner i 2024. Dette er ein auke på 4,1 mrd. kroner frå 2023, då den samla tildelinga var på 22,8 mrd. kroner. Auken kjem i hovudsak av krigen i Ukraina, som har ført til at det har komme fleire asylsøkjjarar til Noreg.

IMDi har utgiftsført 26,3 mrd. kroner i 2024. Inntekter er trekte frå beløpet. Inntektene gjeld hovudsakleg tilbakebetalingar av ubrukte tilskotsmidlar i kommunane og i frivillige organisasjonar på 17,9 mill. kroner og arbeidsgivaravgift på 28,5 mill. kroner. Årsrekneskapen viser ei samla mindreutgift tilsvarande 2,6 prosent av den samla tildelinga. Hovuddelen av mindreutgifta gjeld kap. 671, post 60 *Integreringstilskot*, og kap.671, post 61 *Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar (EM-tilskot)*. Dette er

tilskotspostar som IMDi forvaltar, og som blir utbetalte til kommunar. Kommunane får integreringstilskotet og EM-tilskot når dei buset personar med kollektivt vern og personar som får opphald som overføringsflyktningar eller på bakgrunn av søknad om asyl og familiesameining med disse. Tildelinga til EM-tilskot er ei overslagsløyving, og løyvingane på denne posten er derfor usikre, noko som forklarar avviket.

IMDi har i 2024 forvalta ei driftsløyving på 400,6 mill. kroner inklusiv overføringa frå 2023. Inkludert i dette beløpet fekk vi 55 mill. kroner som er ei vidareføring av ei ekstra løyving på grunn av auka kostnader som følgje av krigen i Ukraina. Vi har utgiftsført 388,8 mill. kroner i 2024. Stortinget har gitt oss fullmakt til å overskride løyvinga på posten mot tilsvarande inntekter på kap. 3670, post 01, jf. Prop. 1 S (2023–2024). IMDi hadde ingen inntekter på kap. 3670, post 01 i 2024. Mindreutgifta på driftsløyvinga kom på 11,8 mill. kroner.

Note B til årsrekneskapen inneheld ei forklaring på brukte fullmakter og utrekning av beløp som kan overførast til 2025. Den samla moglege overføringa på kapittel og postar under IMDi er 512,8 mill. kroner. Av dette beløpet er 11,8 mill. kroner knytte til kap. 670, post 01 (driftsløyvinga), 9,5 mill. kroner til kap. 671, post 45, og 491,4 mill. kroner til kap. 671, post 60. IMDi kjem ikkje til å be om overføring av mindreforbruk på kap. 671, post 60, ettersom posten blir justert i tråd med behovet og det dermed ikkje er nødvendig å overføre ubrukte midlar på posten.

Artskontorapporteringa viser kva utgifter og inntekter IMDi har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Netto har vi utgiftsført 26,2 mrd. kroner. Av dette beløpet er 25,7 mrd. kroner utbetalte i tilskot som primært har gått til kommunar, fylkeskommunar, innvandrorganisasjonar og anna frivillig verksemd.


Det blei utført 242 årsverk i IMDi i 2024.

Stadfesting

IMDi fører rekneskap i samsvar med regelverket for statleg økonomistyring, inkludert dei statlege rekneskapsstandardane (SRS). Rekneskapen er lagd fram i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krava som Arbeids- og inkluderingsdepartementet har stilt til IMDi i instruksjonen om økonomistyring.

Eg stadfestar at årsrekneskapen gir eit dekkjande bilete av dei disponible løyvingane til IMDi og av rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigdeilar og gjeld.

Oslo, 14. mars 2025



Libe Rieber-Mohn
direktør

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskap for statlege verksemder er utarbeidd og framlagd etter nærmare retningslinjer fastsette i «føresegner om økonomistyring i staten» («føresegnene»). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.1, nærmare føresegner i Finansdepartementets rundskriv R-115 av desember 2024 og eventuelle tilleggskrav fastsette av det overordna departementet. Oppstillinga av løyvingrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2.

Dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.
- Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.

Oppstillingane av løyving- og artskontorrapporteringa er utarbeidd etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja *Netto rapportert til løyvingrekneskapen* er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er knytt til statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemder får ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved overgangen til eit nytt år blir saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto nullstilt.

Løyvingrapporteringa

Oppstillinga av løyvingrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det er stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen *Samla tildeling* viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigarar og forpliktingar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Mottekne fullmakter til å belaste eit kapittel eller ein post i ei anna verksemd (belastningsfullmakter) står ikkje i kolonnen for samla tildeling, men er omtalte i note B til løyvingoppstillinga. Utgiftene knytte til mottekne belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og står i kolonnen for rekneskap.

Avgitte belastningsfullmakter er inkluderte i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Avgitte belastningsfullmakter blir bokførte og rapporterte av verksemdene som har fått fullmaktene,

og står derfor ikkje i kolonnen for rekneskap. Dei avgitte fullmaktene er omtalte i note B til løyvingsoppstillinga.

Artskontorapporteringa

Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del, som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del, som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomvære med statskassa. Artskontorapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett på konsernkontoen sin i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje rapporterte som ei inntekt og står derfor ikkje som inntekt i artskontorapporteringa.

Oppstilling av løyvsrapportering 31.12.2024							
Utgifts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling**	Rekneskap 2024	Meirutgift (-) og mindreutgift
0601	Utgreiingsverksemd, forskning m.m.	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	26 900 000	26 897 088	2 912
0670	Integrering- og mangfaldsdirektoratet	01	Driftsutgifter	A, B	400 648 000	388 810 162	11 837 838
0671	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar	45	Større utstysanskaffingar og vedlikehald	A, B	61 441 000	51 962 073	9 478 927
0671	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar	60	Integreringstilskot	A, B	21 995 974 000	21 504 528 524	491 445 476
0671	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar	61	Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar	A, B	1 802 566 000	1 622 179 404	180 386 596
0671	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar	62	Kommunale innvandrariltak	A	253 951 000	246 132 879	7 818 121
0671	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar	70	Busetjingsordninga og integreringstilskot, oppfølging	A	2 645 000	2 645 000	0
0671	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar	71	Tilskot til integreringsarbeid i regi av sivilsamfunn og frivillige organisasjonar	A	217 493 000	215 218 595	2 274 405
0671	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar	72	Kvalifiseringsordningar for tolkar	A	17 033 000	17 000 000	33 000
0671	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar	73	Tilskot	A	12 200 000	12 018 265	181 735
0672	Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	60	Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	A	2 105 801 000	2 122 754 153	-16 953 153
0672	Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	61	Kompetansekartlegging i mottak før busetjing	A	1 066 000	731 713	334 287
0490	Utlendingsdirektoratet	23	Spesielle driftsutgifter, kunnskapsutvikling	A	0	700 000	0
0858	Barne, ungdoms og familiedirektoratet	01	Driftsutgifter	A	0	999 503	0
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	01	Driftsutgifter	A	0	43 854 693	
Sum utgiftsført					26 897 718 000	26 256 432 052	686 140 145

0671/60: Utbetalinga av integreringstilskotet har auka med 3,5 mrd. kroner sidan 2023. Hovudårsaka er at det har komme fleire asylsøkjjarar på grunn av krigen i Ukraina.

0671/61: Utbetalinga av det særskilte tilskotet ved busetjing av einslege mindreårige har auka med 455 mill. kroner sidan 2023. Hovudårsaka er auka inntekstar som følgje krigen i Ukraina.

Inntekts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Samla tildeling**	Rekneskap 2024	Meirinntekt og mindreinntekt(-)
3670	Annan driftsrelatert inntekt	01	Driftsutgifter	0	0	
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse	0	17 941 958	
5700	Inntektene til folketrygda	72	Arbeidsgivaravgift	0	28 456 151	
<i>Sum inntektsført</i>				0	46 398 108	
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen					26 210 033 943	
Kapitalkontoar						
60088701	Noregs Bank KK / innbetalningar				39 019 430	
60088702	Noregs Bank KK / utbetalningar				-26 247 234 315	
705005	Endring i mellomværet med statskassa				-1 819 058	
<i>Sum rapportert</i>					0	
Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12)						
				2024	2023	Endring
705005	Mellomvære med statskassa			-15 648 600	-13 829 542	-1 819 058

Note A Forklaring av samla tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor*	Tildelingar i år	Samla tildeling
0601 21		26 900 000	26 900 000
0670 01	17 002 000	383 646 000	400 648 000
0671 45	12 501 000	48 940 000	61 441 000
0671 60		21 995 974 000	21 995 974 000
0671 61		1 802 566 000	1 802 566 000
0671 62		253 951 000	253 951 000
0671 70		2 645 000	2 645 000
0671 71		217 493 000	217 493 000
0671 72		17 033 000	17 033 000
0671 73		12 200 000	12 200 000
0672 60		2 105 801 000	2 105 801 000
0672 61		1 066 000	1 066 000

* Gjeld overføring av mindreforbruk.

Note B Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av beløp som kan overføres til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-) / mindreutgift	Utgiftsført av andre i samsvar med avgitte belastningsfullmakter (-)	Meirutgift (-) / mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter (-) i samsvar med meirinntektsfullmakt	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra løyvinga for neste år	Innsparingar (-)	Sum grunnlag for overføring	Kompensasjon for lønnsoppgjeret 2024*	Maks. beløp som kan overføres**	Mogleg beløp som kan overføres, rekna ut av verksemda***
0601 21	«kan overføres»	2 912		2 912				2 912		26 900 000	2 912
0670 01		11 837 838		11 837 838				11 837 838	6 506 000	20 032 400	11 837 838
0671 45	«kan overføres»	9 478 927		9 478 927				9 478 927		61 441 000	9 478 927
0671 60	«kan overføres»	491 445 476		491 445 476				491 445 476		21 995 974 000	491 445 476

* Kolonnen viser lønnskompensasjon på kvar enkelt budsjettpost for lønnsoppgjera 2024 slik det er foreslått i omgrupperingsproposisjonane frå departementa, og slik desse kjem fram av vedlegg 4 i Prop. 36 S (2024–2025) Nysaldering av statsbudsjettet 2024. Sjå meir detaljert informasjon i rundskriv R-2/2025.

** Maksimalt beløp som kan overføres, er lønnskompensasjon pluss 5 prosent av årets løyving på driftspostane 01–29, utanom post 24, minus lønnskompensasjon, eller summen av løyvinga dei siste to åra for postar med stikkorda «kan overføres». For postar utan stikkorda «kan overføres» blir det maksimale beløpet som kan overføres, rekna ut slik: (Årets løyving – lønnskompensasjon) × 5 % + lønnskompensasjon. Sjå meir detaljert informasjon om overføring av ubrukte løyvingar i rundskriv R-2/2025.

*** Beløpet som kan overføres, er «Sum grunnlag for overføring», men maksimalt «Maks. beløp som kan overføres», og minimum «Kompensasjon for lønnsoppgjeret 2024». Sjå meir detaljert informasjon om beløp som kan overføres, i rundskriv R-2/2025.

Forklaring til bruk av fullmakter

Mottekne belastningsfullmakter: I 2024 har IMDi fått éi belastningsfullmakt frå Utlendingsdirektoratet på 700 000 kroner på kap. 0490, post 23 (heile er nytta), og éi frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet på 995 503 kroner på kap. 0585, post 01 (heile er nytta).

Stikkorda «kan overføres»: IMDi løyvingar på kap. 601, post 21, kap. 671, post 45, og kap. 671, post 60, har stikkorda «kan overføres».

Avgitte belastningsfullmakter (utgiftsførte av andre på utgiftskapittel og inntektsførte av andre på inntektskapittel): IMDi har ikkje gitt belastningsfullmakter i 2024.

Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarende meirinntekter: IMDi hadde ingen meirinntekter på kap. 3670, post 01, i 2024.

Utrekning av mogleg overføring på desse postane gjeld i forhold til IMDi sin del av løyvinga.

Oppstilling av artskontorapporteringa 31.12.2024

	31.12.2024	31.12.2023
Driftsinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen		
Sum innbetalinger frå drift	0	0
Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen		
Utbetalinger til lønn	242 252 298	224 652 734
Andre utbetalinger til drift	175 153 638	234 858 484
Sum utbetalinger til drift	417 405 936	459 511 218
Netto rapporterte driftsutgifter	417 405 936	459 511 218
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen		
Sum investerings- og finansinntekter	0	0
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen		
Utbetaling til investeringar	51 951 087	1 451 091
Utbetaling av finansutgifter	11 803	13 485
Sum investerings- og finansutgifter	51 962 890	1 464 575
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter	51 962 890	1 464 575
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten*		
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	17 468 832	27 420 370
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	17 468 832	27 420 370
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten*		
Utbetalinger av tilskot og stønader	25 743 208 532	21 846 954 210
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten	25 743 208 532	21 846 954 210
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel**		
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)	473 125	424 902
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)	28 456 151	27 123 142
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)	43 854 693	46 295 177
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel	14 925 417	18 747 133
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen	26 210 033 943	22 299 256 766

Oversikt over mellomvære med statskassa

Eigedelar og gjeld	31.12.2024	31.12.2023
Fordringar på tilsette	122 687	179 406
Kontantar	0	0
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank	0	0
Skuldige skattetrekk og andre trekk	-8 221 106	-8 812 314
Skuldige offentlege avgifter	-380 165	-70 917
Pensjonspremie avsett til Statens pensjonskasse*	-7 143 013	-5 075 542
Mottekne forskotsbetalingar	0	0
Lønn (negativ netto, for mykje utbetalt lønn m.m.)	-19 315	-50 175
Differansar på bank og uidentifiserte innbetalingar	-7 687	0
Sum mellomvære med statskassa	-15 648 600	-13 829 542

* Pensjonstrekket i lønna til dei tilsette (2 %) inngår òg på denne linja.

Verksemdsrekneskapen (SRS)

Prinsippnote til verksemdsrekneskapen

Verksemdsrekneskapen er sett opp i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Opningsbalanse

Då opningsbalansen blei utarbeidd, blei immaterielle eigedelar og varige driftsmidlar verdsette til gjenanskaffingsverdi eller verkeleg verdi. Finansielle anleggsmidlar er verdsette til verkeleg verdi. Gjenanskaffingsverdien for ein eigedel er det det ville ha kosta om eigedelen skulle anskaffast i dag, vurdert til same kvalitet, standard og funksjonalitet som den eksisterande eigedelen. Omløpsmidlar er verdsette til gjenanskaffingsverdi eller verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er verdsett til pålydande. Tala for opningsbalansen står i ein eigen kolonne i balansen.

Transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjonar blir resultatførte til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter blir resultatførte når dei er opptente. Ved sal av varer skjer inntektsføringa på leveringstidspunktet, når risikoen og kontrollen er overførte til kjøparen. Ved sal av tenester skjer inntektsføringa i takt med at tenestene blir utførte.

Inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar

Inntekter frå løyvingar og inntekter frå tilskot og overføringar blir resultatførte etter prinsippet om motsett samanstilling. Det inneber at inntekter frå løyvingar og inntekter frå tilskot og overføringar blir resultatførte i takt med at aktivitetane desse inntektene finansierer, blir utførte, det vil seie i same periode som kostnadene kjem i (motsett samanstilling).

Bruttobudsjetterte verksemdar praktiserer prinsippet om motsett samanstilling på ein forenkla måte, ved at dei reknar inntekter frå løyvingar som differansen mellom kostnadene i perioden og opptente transaksjonsbaserte inntekter og eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda. Ein konsekvens av dette er at resultatet av aktivitetane i perioden blir null.

Kostnader

Utgifter som gjeld transaksjonsbaserte inntekter, blir kostnadsførte i same periode som dei tilhøyrande inntektene.

Utgifter som blir finansierte med inntekter frå løyving og inntekter frå tilskot og overføringar, blir kostnadsførte i same periode som aktivitetane er gjennomførte og ressursane er forbrukte.

Pensjonar

SRS 25 om ytingar til tilsette legg til grunn ei forenkla rekneskapsmessig tilnærming til pensjonar. Statlege verksemder skal ikkje balanseføre netto pensjonsforpliktingar for ordningar til Statens pensjonskasse (SPK).

Verksemda resultatfører arbeidsgivardelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon blir kostnadsført som om pensjonsordninga i SPK var basert på ein innskotsplan.

I 2022 la SPK om pensjonspremiemodellen for statlege verksemder. Frå 1. januar 2022 har verksemda betalt ein verksemdsspesifikk og hendingsbasert arbeidsgivardel som del av pensjonspremien. At premien er verksemdsspesifikk, betyr at han blir berekna ut frå forholda i kvar enkelt verksemd, ikkje for grupper av verksemder samla. At han er hendingsbasert, betyr at han tek omsyn til dei faktiske hendingane i medlemsbestanden i verksemda, slik at premiereserven er à jour med oppteninga til medlemmen. Medlemsdelen på to prosent av lønnsgrunnlaget er uendra.

Leigeavtalar

Verksemda har valt å nytte forenkla metode i SRS 13 om leigeavtalar og klassifiserer alle leigeavtalar som operasjonelle leigeavtalar.

Klassifisering og vurdering av anleggsmidlar

Anleggsmidlar er verdien av varige og betydelege eigedelar som verksemda disponerer. Med varige eigedelar meiner ein eigedelar som har ei utnyttbar levetid på 3 år eller meir. Med betydelege eigedelar meiner ein eigedelar med ein anskaffingskostnad på 50 000 kroner eller meir. Anleggsmidlar er balanseførte til anskaffingskostnad minus avskrivningar.

Kontorinventar og PC-ar med tilhøyrande skjerm og ei utnyttbar levetid på 3 år eller meir er balanseførte som eigne grupper.

Varige driftsmidler blir nedskrivne til verkeleg verdi ved endra bruk eller utnytting, dersom verkeleg verdi er lågare enn balanseført verdi.

Eigenutvikling av programvare

Kjøp av bistand til utvikling av programvare er balanseført. Utgifter som gjeld bruk av egne tilsette i applikasjonsutviklingsfasen ved utvikling av programvare, er òg balanseførte.

Klassifisering og vurdering av omløpsmidlar og kortsiktig gjeld

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter anskaffingstidspunktet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmidlar eller langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar blir vurderte til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Behaldning av varer og driftsmateriell

Behaldningar omfattar varer for sal og driftsmateriell som blir nytta i eller utgjer ein integrert del av den offentlege tenesteytinga til verksemda. Innkjøpte varer er verdsette til anskaffingskost ved bruk av metoden «først inn, først ut» (FIFO). Behaldningar av varer er verdsette til det lågaste av anskaffingskost og netto realisasjonsverdi. Behaldningar av driftsmateriell er verdsette til anskaffingskost.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er førte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventta tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av kvar enkelt fordring.

Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurderte til kursen ved slutten av rekneskapsåret. Her har ein lagt spotkursen til Noregs Bank per 31.12 til grunn.

Kapitalen til staten

Kapitalen til staten utgjer nettobeløpet av egedelane og gjelda til verksemda, og kjem fram i rekneskapslinja for avrekningar i balanseoppstillinga. Bruttobudsjetterte verksemdar presenterer ikkje konsernkontoane i Noregs Bank som bankinnskot. Konsernkontoane inngår i rekneskapslinja avrekna med statskassa.

Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten

Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten blir presenterte etter kvart som dei blir bokførte.

Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten

Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten blir presenterte etter kontantprinsippet.

Statlege rammevilkår

Sjølvassurandørprinsippet

Staten opererer som sjølvassurandør. Det er derfor ingen postar i balansen eller resultatrekneskapen som reflekterer alternative netto forsikringskostnader eller forpliktingar.

Konsernkontoordninga i staten

Statlege verksemdar er omfatta av konsernkontoordninga i staten. Ordninga inneber at alle innbetalingar og utbetalingar dagleg blir gjorde opp mot verksemda sine oppgjerskontoar i Noregs Bank.

Verksemda får ikkje tilført likvidar gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. For bruttobudsjetterte verksemdar blir saldoen på kvar oppgjerskonto i Noregs Bank nullstilt ved overgangen til nytt rekneskapsår.

Resultatrekneskap SRS

Resultatrekneskap		
	Note	31.12.2024
Driftsinntekter		
Inntekt frå løyvingar	1	452 062 997
Sum driftsinntekter		452 062 997
Driftskostnader		
Lønnskostnader	2	249 545 015
Avskrivningar på varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar	3,4	27 921 303
Andre driftskostnader	5	174 584 912
Sum driftskostnader		452 051 230
Driftsresultat		11 768
Finansinntekter og finanskostnader		
Finanskostnader	6	11 768
Sum finansinntekter og finanskostnader		-11 768
Resultat av aktivitetane i perioden		0
Avrekningar og disponeringar		
Avrekning med statskassa (bruttobudsjettet)	7	0
Sum avrekningar og disponeringar		0
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		
Avgifter og gebyr direkte til statskassa	8	17 468 832
Avrekning med statskassa innkrevjingsverksemd		17 468 832
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		0
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		
Tilskot til andre	9	25 743 301 482
Avrekning med statskassa tilskotsforvaltning		25 743 301 482
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		0

Balanse 31.12.2024

Balanse			
	Note	31.12.2024	01.01.2024
EIGEDLAR			
A. Anleggsmidler			
I Immaterielle egedelar			
Programvare og liknande rettar	3	154 640 186	126 344 913
Immaterielle egedelar under utføring	3	44 962 686	48 108 860
Sum immaterielle egedelar		199 602 872	174 453 773
II Varige driftsmidler			
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	4	7 109 059	5 572 167
Sum varige driftsmidler		7 109 059	5 572 167
III Finansielle anleggsmidler			
Sum finansielle anleggsmidler		0	0
Sum anleggsmidler		206 711 931	180 025 940
B. Omløpsmidlar			
I Behaldning av varer og driftsmateriell			
Sum behaldning av varer og driftsmateriell		0	0
II Fordringar			
Kundefordringar	10	-5 000	0
Andre fordringar	11	6 188 670	8 039 218
Sum fordringar		6 183 670	8 039 218
III Bankinnskot, kontantar og liknande			
Sum bankinnskot, kontantar og liknande	12	0	0
Sum omløpsmidlar		6 183 670	8 039 218
Sum egedelar drift		212 895 600	188 065 157
IV Fordringar som gjeld innkrevjingsverksemd og andre overføringar			
Sum fordringar som gjeld innkrevjingsverksemd og andre overføringar		0	0
Sum egedelar		212 895 600	188 065 157

Statens kapital og gjeld

	Note	31.12.2024	01.01.2024
C. Statens kapital			
I Verksemdskapital			
Sum verksemdskapital		0	0
II Avrekningar			
Avrekna med statskassa (bruttobudsjettet)	7	139 532 664	123 320 870
Sum avrekningar		139 532 664	123 320 870
Sum statens kapital		139 532 664	123 320 870
D. Gjeld			
I Avsetning for langsiktige forpliktingar			
Sum avsetningar for langsiktige forpliktingar		0	0
II Anna langsiktig gjeld			
Sum anna langsiktig gjeld		0	0
III Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		13 933 307	18 515 714
Skuldig skattetrekk og andre trekk		8 221 106	8 812 314
Skuldige offentlege avgifter		5 031 063	3 645 205
Avsette feriepengar		21 871 057	19 416 346
Anna kortsiktig gjeld	13	24 306 403	14 354 708
Sum kortsiktig gjeld		73 362 937	64 744 287
Sum gjeld		73 362 937	64 744 287
Sum statens kapital og gjeld drift		212 895 600	188 065 157
IV Gjeld knytt til tilskotsforvaltning og andre overføringer			
Sum gjeld knytt til tilskotsforvaltning og andre overføringer		0	0
Sum statens kapital og gjeld		212 895 600	188 065 157

Notar

Note 1 Driftsinntekter

	31.12.2024
Inntekt frå løyvingar*	
Inntekt frå løyvingar	452 062 997
Sum inntekt frå løyvingar	452 062 997
Sum driftsinntekter	452 062 997

* Etter dei statlege rekneskapsstandardane blir inntekt frå løyvingar for bruttobudsjetterte verksemdar berekna som differansen mellom kostnadene i perioden og dei opptente transaksjonsbaserte inntektene pluss eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda. Ein konsekvens av dette er at resultatet av aktivitetane i perioden blir null. Informasjon om mottekne løyvingar finst i oppstillinga av løyvingsrapporteringa.

Informasjon om mottekne løyvingar finst i oppstillinga av løyvingsrapporteringa.

Note 2 Lønnskostnader

	31.12.2024
Lønn*	191 737 105
Feriepengar	23 025 710
Arbeidsgivaravgift	29 532 761
Pensjonskostnader**	16 650 608
Lønn balanseført ved eigenutvikling av anleggsmidlar (-)***	-1 387 015
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-16 827 619
Andre ytingar	6 813 465
Sum lønnskostnader	249 545 015

Utførte årsverk

242

* På bakgrunn av at lønnsoppgjeret i staten for 2024 ikkje var ferdig før i slutten av november, har ikkje verksemda betalt ut resultatet av lønnsoppgjeret i 2024. Verksemda har derfor gjort eit estimat for lønnsavsetning for det sentrale lønnsoppgjeret (lokale og eventuelt sentrale tillegg) som utgjer 4 448 424 kroner. Lønnsavsetninga inkluderer feriepengar, og det er sett av for arbeidsgivaravgift av lønnsavsetninga. Avsetninga inkluderer òg verksemda sitt eige bidrag til lønnsforhandlingar utover det som er forhandla fram sentralt. Dette utgjer 0 kroner.

** Pensjonskostnaden i 2024 er basert på eit estimat for pensjonspremien berekna av SPK, og ikkje faktisk pensjonspremie. Dette kjem av at lønnsoppgjeret i staten for 2024 ikkje var ferdig før i slutten av november 2024. Premiesatsen for arbeidsgivardelen i 2024 utgjorde 9,5 prosent (arbeidsgivardelen av pensjonspremien på artskonto 542 / pensjonsgrunnlaget i 2024 rapportert til SPK). For rekneskapsåret 2023 utgjorde premiesatsen 8,4 prosent.

*** Inneheld lønn og sosiale kostnader (feriepengar, arbeidsgivaravgift og pensjonskostnader).

Note 3 Immaterielle egedelar*

	Programvare og liknande rettar	Immaterielle eigedelar under utføring**	Sum
Anskaffingskost 01.01.	171 885 119	48 108 860	219 993 979
Tilgang i året	54 144 861	-3 146 174	50 998 687
Avgang anskaffingskost i året (-)	0	0	0
Frå immaterielle eigedelar under utføring til anna gruppe i året	0	0	0
Anskaffingskost	226 029 980	44 962 686	270 992 666
Akkumulerte nedskrivingar 01.01.	0	0	0
Nedskrivingar i året	0	0	0
Akkumulerte avskrivingar 01.01.	45 540 206	0	45 540 206
Ordinære avskrivingar i året	25 849 587	0	25 849 587
Akkumulerte avskrivingar avgang i året (-)	0	0	0
Balanseført verdi 31.12.2024	154 640 186	44 962 686	199 602 872

Avskrivingssatsar (levetider) 5–10 år

* Immaterielle eigedelar består av eigenutvikla IKT / digitale løysingar som er avgjerande for utføringa av samfunnsoppdraget. Oversikta inneheld både løysingar som er tekne i bruk, og løysingar som er under utføring.

** Immaterielle eigedelar under utføring består av følgjande:

Igangsette anlegg IB	IB	Anskaffing i år	Aktivert (tilgang)	Igangsett per 31.12
Prosjekt for betre busetjing	45 115 152	26 379 652	45 115 152	26 379 652
Digital teneste for minoritets- og integreringsrådgivarar	2 993 708	232 535	2 993 708	232 535
Etablering av funksjonalitetar som støttar opp under busetjing og avgjerdsstøtte	0	4 620 150	0	4 620 150
Ny nettstad for IMDi – prosjektgjennomføring	0	12 729 143	0	12 729 143
Fellestenester for grunndata	0	1 001 206	0	1 001 206
Sum igangsette anlegg	48 108 860	44 962 686	48 108 860	44 962 686

Note 4 Varige driftsmidler

	Driftslausøyre, inventar, verktøy o.l.	Anlegg under utføring	Sum
Anskaffingskost 01.01.	12 880 493	0	12 880 493
Tilgang i året*	3 608 607	0	3 608 607
Avgang anskaffingskost i året (-)	0	0	0
Frå anlegg under utføring til anna gruppe i året	0	0	0
Anskaffingskost	16 489 101	0	16 489 101
Akkumulerte nedskrivningar 01.01	0	0	0
Nedskrivningar i året	0	0	0
Akkumulerte avskrivningar 01.01.	7 308 327	0	7 308 327
Ordinære avskrivningar i året	2 071 715	0	2 071 715
Akkumulerte avskrivningar avgang i året (-)	0	0	0
Balanseført verdi 31.12.2024	7 109 059	0	7 109 059

Avskrivningssatsar (levetider)

3–10 år lineært

Inga avskrivning

Avhending av varige driftsmidler i 2024:

Salssum ved avgang anleggsmidler	0	0	0
= rekneskapsmessig gevinst/tap	0	0	0

* Materielle egedelar er gruppeaktiverte, jf. prinsippet om pool-aktivering i SRS 17. IMDi har gjennomført ei praktisk vurdering av pool-aktivering for materielle egedelar i 2024 og anleggsført årets anskaffingar samla i anleggsregisteret.

Spesifisering av avskrivningssatsar (levetider):

Inventar: 10 år

Berbare PC-ar: 5 år

PC-skjermar: 8 år

AV-utstyr: 10 år

Skrivarar: 10 år

Note 5 Andre driftskostnader

31.12.2024

Husleige ¹	20 699 015
Vedlikehald av egne bygg og anlegg	36 871
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	1 161 519
Andre kostnader til drift av eigedom og lokale	4 594 094
Leige av maskiner, inventar og liknande ²	28 300 478
Mindre utstyrsanskaffingar	988 016
Kjøp av konsulenttenester ³	52 264 352
Kjøp av andre framande tenester ⁴	31 265 146
Reiser og diett	7 219 811
Andre driftskostnader ⁵	28 055 609
Sum andre driftskostnader	174 584 912

¹ Husleige (operasjonelle leigeavtaler)*

Gjenstående leigetid	Tomter, bygninger og annen fast eigedom	Sum
Leigetid inntil 1 år		0
Leigetid 1–5 år ⁶	19 119 481	19 119 481
Leigetid over 5 år ⁷	1 579 534	1 579 534
Kostnadsført leiebetaling for perioden	20 699 015	20 699 015

* IMDi har fire husleigeavtaler, tre i Oslo og én i Narvik. Avtalene i Oslo⁶ gjeld til 2028, den i Narvik⁷ gjeld til 2031.

² Spesifikasjon av «leige av maskiner og inventar»

31.12.2024

Leige av inventar	187 685
Leige av datautstyr og system (årlege lisensar m.m.)*	27 595 425
Leige av datamaskiner og skrivarar	186 605
Leige av andre kontormaskiner	258 738
Annan leiekostnad	72 024
Sum leige av maskiner, inventar og liknande	28 300 478

* Posten består hovudsakleg av kostnader til skybaserte tenester (4,90 mill. kroner), elektronisk saksbehandling (1,43 mill. kroner), Microsoft-lisensar (5,87 mill. kroner), drift av IKT-infrastruktur eksternt (4,59 mill. kroner) og andre lisenskostnader (10,80 mill. kroner).

³ Konsulenttenester blir nytta innanfor økonomi og juss, utvikling og drift av IKT-løysingar, kommunikasjon m.m.

Spesifikasjon av kjøpte konsulenttenester	31.12.2024
Konsulenttenester innan økonomi og revisjon	78 092
Konsulenttenester innan juss – juridisk bistand	965 609
Konsulenttenester til utvikling av programvare, IKT-løysingar m.m.*	12 098 886
Konsulenttenester til organisasjonsutvikling m.m.	739 279
Konsulenttenester til rekruttering m.m.	418 007
Konsulenttenester til kommunikasjonsrådgiving, design m.m.**	4 873 787
Andre konsulenttenester***	32 535 445
Innleige av foredragshaldarar	555 247
Sum kjøp av konsulenttenester	52 264 352

IMDi arbeider for å redusere bruken av konsulenttenester innanfor tenesteproduksjonen.

* Kostnader til tilpassing og vedlikehald av systemløysingar – dei største postane kjem av vidare satsing på tilskotsløysinga (1,53 mill. kroner), forvaltning og vidareutvikling av datavarehuset (7,06 mill. kroner) pluss andre kostnader (3,50 mill. kroner).

** Kostnader til utarbeiding av kompetansepakkar, planlegging, marknadsføring, gjennomføring og analysar av publikasjonar, videoar og teknisk personell i samband med arrangement m.m.

*** Kostnader knytte til arbeid innanfor FoU på 24,97 mill. kroner pluss andre kostnader på 7,57 mill. kroner.

⁴ Spesifikasjon av kjøpte framande tenester	31.12.2024
Innleige av vikarar	1 647 850
Kjøp av tenester til løpande driftsoppgåver, IKT*	20 078 969
Kjøp av lønns- og rekneskapstenester	567 701
Kjøp av framande tenester**	8 964 749
Kjøp og bruk av tolketenester	5 876
Sum kjøp av framande tenester	31 265 146

* Kostnader til drift og vedlikehald av IKT-system. Dei største kostnadene er forvaltning av driftsmiljø internt (2,79 mill. kroner), IMDinett (13,28 mill. kroner) og Nasjonalt tolkeregister (1,81 mill. kroner).

** Kostnader som ikkje fell inn under andre kategoriar. Den største kostnaden er i samband med kvoteflyktningar (6,81 mill. kroner). Andre kostnader utgjer 2,15 mill. kroner.

⁵ Spesifikasjon av andre driftsutgifter	31.12.2024
Kontorrekvisita og datarekvisita	1 091 255
Trykksaker	181 520
Annonser	1 191 802
Aviser, tidsskrift, bøker o.l. Lokala til IMDi. Abonnement	148 361
Aviser, tilsette	11 621
Bibliotek: Aviser, tidsskrift, bøker o.l. Abonnement	43 615
Møte	2 163 960
Kurs og seminar for egne tilsette, kompetanseutvikling	6 958 049
Kurs og seminar for eksterne deltakere*	12 890 158
Telefoni m.m. – faktura frå Phonero mfl. til IMDi	2 580 904
Telefoni m.m. – refusjon til tilsette	42 014
Porto	325 786
Representasjon	9 875
Kontingent	12 597
Gåver (eksterne forelesere og liknende)	274 896
Bank- og kortgebyr	49 822
Annan kostnad	52 559
Purregebyr, inkassosalær	26 816
Sum andre driftsutgifter	28 055 609

* Kostnader i samband med *Fagverksted*, ICDP-kurs, samling for busetjingskommunar, nasjonal konferanse mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald og andre arrangement.

Note 6 Finansinntekter og finanskostnader

	31.12.2024
Finansinntekter	
Sum finansinntekter	0
Finanskostnader	
Rentekostnad*	11 768
Sum finanskostnader	11 768

* Rentekostnadene kjem av forseinkingsgebyr og renter ved for seint betalte fakturaer.

Note 7 Samanhengen mellom avrekna med statskassa og mellomværet med statskassa (bruttobudsjetterte verksemder)

A) Forklaring på at resultatet for perioden ikkje er lik endringa i avrekna med statskassa i balansen (kongruensavvik)

	31.12.2024	01.01.2024	Endring*
Avrekna med statskassa i balansen	139 532 664	123 320 870	16 211 794
Bakgrunnen for at resultatet for perioden ikkje er lik endringa i avrekna med statskassa i balansen for bruttobudsjetterte verksemder, er at konsernkontoane i Noregs Bank inngår som ein del av avrekna med statskassa i balansen. I tillegg blir det teke omsyn til enkelte transaksjonar som ikkje er knytte til drifta av verksemda, og transaksjonar som ikkje medfører ut- eller innbetaling. Nedanfor viser vi dei ulike postane som er grunnen til at endringa i avrekna med statskassa i balansen ikkje er lik resultatet for perioden.			
Endring i avrekna med statskassa			
Konsernkontoar i Noregs Bank			
– konsernkonto utbetaling			–26 247 234 315
+ konsernkonto innbetaling			39 019 430
Netto trekk konsernkonto			–26 208 214 885
Innbetalingar og utbetalingar som ikkje inngår i drifta av verksemda (er gjennomstrøymingspostar)			
– innbetaling innkrevjingsverksemd og andre overføringar			–14 063 498
+ utbetaling tilskotsforvaltning og andre overføringar			25 739 896 148
Bokføringar som ikkje går over bankkonto, men direkte mot avrekning med statskassa			
+ inntektsført frå løyving (underkonto 1991)			452 062 997
– Gruppeliv/arbeidsgivaravgift (underkonto 1985 og 1986)			–28 929 276
+ nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift (underkonto 1987)			43 036 721
Andre avstemmingspostar			
Spesifikasjon av andre avstemmingspostar			0
Forskjell mellom resultatført og netto trekk på konsernkonto			–16 211 794
Resultat av aktivitetane i perioden før avrekning mot statskassa			0
Sum endring i avrekna med statskassa*			–16 211 794

* Sum endring i avrekna med statskassa skal stemme med endringa for perioden ovanfor.

Note 7B Samanhengen mellom avrekna med statskassa og mellomværet med statskassa* (bruttobudsjetterte verksemdar)

B) Forskjellen mellom avrekna med statskassa og mellomværet med statskassa

	31.12.2024 Spesifisering av <u>bokført</u> avrekning med statskassa	31.12.2024 Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomvære med statskassa	Forskjell
Immaterielle eigedelar og varige driftsmidlar			
Immaterielle eigedelar	199 602 872		199 602 872
Varige driftsmidlar	7 109 059		7 109 059
Sum	206 711 931	0	206 711 931
Finansielle anleggsmidlar			
Sum	0	0	0
Omløpsmidlar			
Kundefordringar	-5 000	0	-5 000
Andre fordringar	6 188 670	122 687	6 065 983
Sum	6 183 670	122 687	6 060 983
Langsiktige forpliktingar og langsiktig gjeld			
Sum	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-13 933 307	0	-13 933 307
Skuldig skattetrekk og andre skuldige trekk	-8 221 106	-8 897 359	676 253
Skuldige offentlege avgifter	-5 031 063	-380 165	-4 650 898
Avsette feriepengar	-21 871 057	0	-21 871 057
Anna gjeld til tilsette	-14 507 889	0	-14 507 889
Avsett pensjonspremie til SPK, arbeidsgivardel	0	-6 466 760	6 466 760
Anna kortsiktig gjeld	-9 798 514	-27 002	-9 771 512
Sum	-73 362 937	-15 771 286	-57 591 650
Sum	139 532 664	-15 648 600	155 181 264

* Mellomværet med statskassa består av kortsiktige fordringar og gjeld som etter økonomiregelverket er rapportert til statsrekneskapen (S-rapport). Avrekna med statskassa viser finansieringa av dei netto eigedelane for verksemda og gjeld.

Note 8 Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten

Avgifter og gebyr direkte til statskassa

31.12.2024

Skattar og avgifter, renteinntekter og utbytte m.m.*	17 468 832
Sum avgifter og gebyr direkte til statskassa	17 468 832

Fordringar som gjeld innkrevjingsverksemd og andre overføringer

31.12.2024

Fordringar til pålydande	0
Avsett til forventta tap (-)	0

Sum fordringar som gjeld innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten	0
---	----------

* Posten gjeld tilfeldige og andre inntekter (17 170 878,44 kroner) som er tilbakebetalingar for ulike tilskotsordningar, og tilbakebetalingar for tilskotsordningar frå tidlegare periodar.

Note 9 Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten

Tilskot til andre

31.12.2024

Utbetaling av tilskot til andre*	25 743 301 482
Sum tilskot til andre	25 743 301 482

* Oversikt over utbetaling av tilskot	31.12.2024
Integreringstilskot	21 504 528 524
Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar	1 622 179 404
Kommunale innvandrantiltak	246 132 879
Busetjingsordninga og integreringstilskot	2 645 000
Tilskot til innvandrarorganisasjonar og anna frivillig verksemd	215 218 595
Statsautorisasjonsordninga for tolkar m.m.	17 000 000
Anna tilskot	12 018 265
Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	2 122 847 102
Kompetansekartlegging i mottak før busetjing	731 713
Sum tilskot	25 743 301 482

Note 10 Kundefordringar

	31.12.2024	01.01.2024
Kundefordringar til pålydande*	-5 000	0
Avsett til forventa tap (-)	0	0
Sum kundefordringar	-5 000	0

Note 11 Andre kortsiktige fordringar

	31.12.2024	01.01.2024
Forskotsbetalt lønn	0	16 433
Reiseforskot	20 000	0
Personallån	102 687	162 973
Forskotsbetalt leige*	3 586 333	6 132 289
Andre forskotsbetalte kostnader**	725 670	0
Andre fordringar***	1 753 980	1 727 523
Sum andre kortsiktige fordringar	6 188 670	8 039 218

* Posten inneheld forskotsbetalte lisenskostnader for IT-system. Endringa kjem av at husleige for første kvartal 2024 blei kostnadsført i desember 2023.

** Posten inneheld forskotsbetalte kostnader for serviceavtaler/abonnement i ulike oppslagsverk, førstehjelpskurs og hjartestartarar m.m. og forskotutbetaling for prosjektet Ungvold. Endringa kjem av serviceavtaler som tidlegare var inkluderte i forskotsbetalt leige.

*** Andre fordringar er NAV-refusjonar (sjukepengar og foreldrepengar).

Note 12 Bankinnskot, kontantar og liknande*

	31.12.2024	01.01.2024
Andre bankkontoar (utanfor konsernkontoordninga i staten)	0	0
Kontantbeholdningar	0	0
Sum bankinnskot, kontantar og liknande	0	0

* For bruttobudsjetterte verksemdar inngår konsernkontoane i Noregs Bank som ein del av avrekna med statskassa i balansen. IMDi har derfor inga bankbeholdning.

Note 13 Anna kortsiktig gjeld

	31.12.2024	01.01.2024
Skuldig lønn	19 315	50 175
Anna gjeld til tilsette*	10 609 183	9 448 948
Avsetning for lønnsoppgjeret 2024**	3 898 706	0
Påkomne kostnader***	9 779 199	4 855 585
Sum anna kortsiktig gjeld	24 306 403	14 354 708

* Auken kjem av høgare lønnsavsetningar (fleksitid, reisetid og overtid til avspasering og ikkje avvikla feriedagar) for tilsette i IMDi, sett mot opningsbalansen. Frå 2023 til 2024 er det ein auke frå 228 til 242 utførte årsverk.

** På bakgrunn av at lønnsoppgjeret i staten for 2024 ikkje var ferdig før i slutten av november, har ikkje IMDi betalt ut resultatet av lønnsoppgjeret i 2024. Det er derfor gjort eit estimat for lønnsavsetninga for det sentrale lønnsoppgjeret (lokale og eventuelt sentrale tillegg), jf. note 2. Avsetninga inkluderer òg IMDi sine eige bidrag til lønnsforhandlingar utover det som er forhandla fram sentralt. Det er sett av 3 898 706 kroner til lønn og feriepengar for lønnsoppgjeret. Totalt er det sett av 4 448 424 kroner til lønnsoppgjeret for 2024 og 549 718 kroner til arbeidsgivaravgift på lønn og til feriepengar.

*** Auken i påkomne kostnader kjem av avsetning til kostnader for tenester som IMDi har fått levert, utan å ha fått fakturaen enno. Det er sett av 2,50 mill. kroner til kvoteoverføringar av flyktningar og 1,50 mill. kroner til IT-leverandør.

Utgitt av Integrerings- og mangfoldsdirektoratet
15. mars 2025

Foto: Erik Thallaug og Simen Sunde